

# Kulturminneplan



Medlemer av Bømlo Tur- og Sogelag i arbeid med saga i Voflandsvågen.  
Foto: Bernt Emil Vika

## Kommunedelplan for kulturminne 2021 – 2032



22.02.2021

Kommunedirektøren

# Innholdsliste:

<b>Forord .....</b>	<b>5</b>
<b>Viktige omgrep og definisjonar .....</b>	<b>6</b>
<b>1. del: Innleiing.....</b>	<b>7</b>
1.1. <i>Kvifor skal me ha ein kulturminneplan?</i> .....	9
1.2. <i>Nasjonale mål for forvaltninga av kulturminne</i> .....	11
1.3. <i>Mål for kulturminneplanen</i> .....	11
1.3.1. FN sine berekraftsmål - kultur .....	11
1.3.2. Hovudmål .....	12
1.3.3. Delmål .....	12
1.4. <i>Om planarbeidet</i> .....	12
1.4.1. Avgrensing.....	13
1.4.2. Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) #Bømlo2049 – samanheng.....	13
1.4.3. Samanheng med andre planar .....	14
1.4.4. Status for kulturminneregistreringar i Bømlo.....	14
1.4.5. Kva er det lagt vekt på i planen? .....	15
1.4.6. Klassifisering .....	15
1.4.7. Oppbygging av planen .....	16
1.4.8. Kjeldebruk .....	16
1.4.9. Organisering og medverknad i prosessen .....	17
1.4.10. Utfordringar framover .....	17
1.5. <i>Aktørar og ansvarsdeling i kulturminnevernet</i> .....	18
1.5.1. Bømlo kommune sitt ansvar og rolle.....	18
1.5.2. Dei frivillige organisasjonane .....	19
1.5.3. Musea.....	20
1.5.4. Fylkeskommunen .....	20
1.5.5. Statleg mynde og ansvar .....	21
1.5.6. Lovverk: Plan- og bygningslova og kulturminnelova .....	21
<b>2. del: Kunnskapsgrunnlaget .....</b>	<b>22</b>
2.1. <i>Kulturminne og kulturmiljø i historisk og tematisk samanheng</i> .....	22
2.1.1. Prioriterte tema.....	22
2.2. <i>Historisk oversyn av Brynjars Stautland</i> .....	22
2.3. <i>Kulturminne frå før reformasjonen/ Arkeologiske kulturminne</i> .....	26
2.3.1. Forvaltning av arkeologiske kulturminne .....	26
2.3.2. Status for automatisk freda kulturminne i Bømlo .....	28
2.3.3. Ryolitten på Siggjo .....	28
2.3.4. Hespriholmen .....	29
2.3.5. Sokkamyro .....	29
2.3.6. Bautasteinar .....	30
2.3.7. Gravminne.....	31
2.3.8. Vardar og veter.....	32
2.3.9. Klebersteinsbrotet på Lykling .....	32
2.3.10. Kyrkjer .....	33
2.4. <i>Nyare tids kulturminne (etter reformasjonen)</i> .....	33
2.4.1. Fiskeri og sjøbruk.....	33
2.4.1.1. <i>Kulturminna etter fiskarbonden</i> .....	34

<b>2.4.1.2.</b>	<i>Andre bygningstypar langs kysten .....</i>	37
<b>2.4.1.3.</b>	<i>Båtbygging og skipsfart .....</i>	40
<b>2.4.1.4.</b>	<i>Marine kulturminne .....</i>	41
<b>2.4.2.</b>	<i>Handels- og gjestgjevarstader .....</i>	42
<b>2.4.2.1.</b>	<i>Espevær .....</i>	42
<b>2.4.2.2.</b>	<i>Hiskholmen .....</i>	46
<b>2.4.2.3.</b>	<i>Brandasund .....</i>	47
<b>2.4.2.4.</b>	<i>Sørstabøvågen .....</i>	48
<b>2.4.2.5.</b>	<i>Foldrøyhamn .....</i>	49
<b>2.4.2.6.</b>	<i>Mosterhamn .....</i>	50
<b>2.4.2.7.</b>	<i>Vorneset .....</i>	52
<b>2.4.2.8.</b>	<i>Øklandsvågen .....</i>	52
<b>2.4.2.9.</b>	<i>Spissøy .....</i>	52
<b>2.4.2.10.</b>	<i>Bømmelhamn .....</i>	52
<b>2.4.3.</b>	<i>Kulturminne i landbruket sitt kulturlandskap .....</i>	53
<b>2.4.3.1.</b>	<i>Innmark og utmark .....</i>	53
<b>2.4.3.2.</b>	<i>Bygningane i landbruket .....</i>	54
<b>1.1.1.1.</b>	<i>Andre kulturminne knytt til landbruk og kulturlandskap .....</i>	61
<b>2.4.4.</b>	<i>Bruken av vassdraga .....</i>	62
<b>2.4.4.1.</b>	<i>Kverner, stamper og møller .....</i>	62
<b>2.4.4.2.</b>	<i>Sager .....</i>	63
<b>2.4.4.3.</b>	<i>Elektrisitet .....</i>	64
<b>2.4.5.</b>	<i>Kommunikasjon og samferdsle .....</i>	66
<b>2.4.5.1.</b>	<i>Fyrstasjonar i Bømlo .....</i>	66
<b>2.4.5.2.</b>	<i>Kanalane .....</i>	67
<b>2.4.5.3.</b>	<i>Kystvakthytta på Ådno .....</i>	70
<b>2.4.5.4.</b>	<i>Telefon og telegraf .....</i>	70
<b>2.4.5.5.</b>	<i>Ferdsle til lands .....</i>	72
<b>2.4.6.</b>	<i>Tru og kyrkje .....</i>	73
<b>2.4.6.1.</b>	<i>Kyrkjene i Bømlo .....</i>	73
<b>2.4.6.2.</b>	<i>Kolerakyrkjegardane .....</i>	78
<b>2.4.6.3.</b>	<i>Andre kyrkjegardar .....</i>	78
<b>2.4.6.4.</b>	<i>Finnås prestegard .....</i>	79
<b>2.4.6.5.</b>	<i>Andre kulturminne knytt til tru og kyrkje .....</i>	79
<b>2.4.7.</b>	<i>Bergverk og gruveverksemld .....</i>	80
<b>2.4.7.1.</b>	<i>Kalkdrifta på Moster .....</i>	80
<b>2.4.7.2.</b>	<i>Gullgruveverksemda på Lykling .....</i>	82
<b>2.4.7.3.</b>	<i>Koparkis .....</i>	84
<b>2.4.7.4.</b>	<i>Granitt .....</i>	84
<b>2.4.7.5.</b>	<i>Skifer .....</i>	85
<b>2.4.8.</b>	<i>Industri .....</i>	85
<b>2.4.9.</b>	<i>Tettstader og offentleg verksemld .....</i>	86
<b>2.4.9.1.</b>	<i>Skulane .....</i>	89
<b>2.4.10.</b>	<i>Organisasjonsliv og forsamlingshus .....</i>	90
<b>2.4.10.1.</b>	<i>Bedehusa .....</i>	91
<b>2.4.11.</b>	<i>Kulturminne knytt til segner, historier og personar .....</i>	93
<b>2.4.11.1.</b>	<i>Tora Mostrastong .....</i>	93
<b>2.4.11.2.</b>	<i>Peder Harboe Hertzberg .....</i>	94
<b>2.4.11.3.</b>	<i>Kjøpholmen .....</i>	96
<b>2.4.11.4.</b>	<i>Historia om Russa-Marto .....</i>	96
<b>2.4.11.5.</b>	<i>Gravsteinen over Ole Bertin Pettersen (1917 – 1942) .....</i>	96
<b>2.4.11.6.</b>	<i>Kenneth Sivertsen-heimen .....</i>	97
<b>2.4.12.</b>	<i>Krigsminne .....</i>	97
<b>2.4.13.</b>	<i>Framtidas kulturminne .....</i>	99
<b>3. del: Planforslaget .....</b>	<b>100</b>	
<b>3.1.</b>	<i>Grunnlag for prioriteringar .....</i>	100
<b>3.2.</b>	<i>Nyregistrering og samordning av registrert materiale .....</i>	100
<b>3.3.</b>	<i>Eksterne planar og rapportar som omfattar kulturminne i Bømlo .....</i>	100
<b>3.3.1.</b>	<i>«Verneverdige sjøbruksmiljø i Bømlo kommune» .....</i>	101
<b>3.3.2.</b>	<i>Kystsoneplan for Sunnhordland .....</i>	101
<b>3.3.3.</b>	<i>Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse .....</i>	102
<b>3.4.</b>	<i>Forvaltning av kulturminne .....</i>	104

3.4.1. Arkeologiske kulturminne .....	104
3.4.2. Nyare tids kulturminne.....	104
3.4.3. Forvaltning av freda og listeførte kyrkjer .....	104
3.4.4. Kva saker skal sendast til fylkeskommunen?.....	105
3.5. <i>Registrerte kulturminne - verdisetting og verdivektning</i> .....	105
3.5.1. Automatisk freda kulturminne .....	105
3.5.2. Vedtaksfreda kulturminne i Bømlo: .....	105
3.5.3. Registrert i Askeladden, men ikkje freda:.....	106
3.5.4. Prioriterte kulturminne i kulturminneplanen - verneklassar .....	106
3.5.5. Kriterium som ligg til grunn for verdivurderinga: .....	107
3.5.6. Forvaltning av kulturminne i verneklassane A – D: .....	108
3.6. <i>Verkemiddel for vern av kulturminne</i> .....	109
<b>4. Handlingsplan .....</b>	<b>111</b>
4.1. <i>Innsats overfor eigarar av kulturminne</i> .....	111
4.1.1. Informasjon .....	111
4.1.2. Rådgjeving og kunnskapsformidling .....	111
4.1.2.1. <i>Råd om vern og restaurering av bygningar</i> .....	112
4.1.3. Økonomiske verkemiddel.....	113
4.1.4. Andre verkemiddel .....	113
4.2. <i>Bruk og formidling</i> .....	114
4.2.1. Vern gjennom bruk.....	114
4.2.2. Kulturminne som del av samfunns- og næringsutvikling.....	114
4.2.3. Tilgjenge og formidling .....	115
4.2.4. Nettstader med oversikt over kulturminne .....	115
4.3. <i>Tiltak</i> .....	116
4.3.1. Handlingsplan med tiltak .....	116
4.3.2. Rullering .....	116
4.4. <i>Konsekvensar</i> .....	116
4.4.1. Ressursar og økonomi .....	116
4.4.2. Konsekvensar for eigarane .....	116
<b>5. Kjelder og bakgrunnsmateriale: .....</b>	<b>118</b>
<b>Vedlegg til kulturminneplan.....</b>	<b>119</b>
<b>Takk .....</b>	<b>120</b>

## Forord

Øyriket Bømlo, med sine 1000 små og store øyar, har ein rik og mangfaldig historie. Nærleiken til sjøen og ressursane i havet har sete sitt preg på både menneske, kultur og kulturlandskap - ikkje ulikt mange andre kystkommunar. Men, fortida vår rommar også hendingar og føresetnadnar som har sete særlege spor. Unique markørar for korleis både dei fysiske omgjevnadane og samfunnet vårt har blitt forma; bergverkshistoria, fiskehistoria, handelsstadane og kyrkje- og lovhistoria på Moster.

Denne kulturminneplanen er eit forsøk på å samle kunnskap og leggje grunnlaget for ei berekraftig forvaltning av vår felles arv. Ein arv som er vår no, men som også høyrer til dei som kjem etter oss. Kulturminne er ressursar som ikkje kan fornyast og det me ikkje tek vare på, går tapt for alltid. Kva framtida vil verdssetje og rekne som verneverdig kan me heller ikkje forutsjå. Derfor er det eit mål at me forvaltar desse ressursane til beste for både den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar.

Bømlo i dag er i stadig endring, både fysisk og kulturelt. Demografi-, miljø- og samfunnssendringar vil stadig påverke oss og i desse prosessane vil me møte dilemma med tanke på kulturminne. Nokre gonger vil det vere enkelt å ta omsyn til kulturminna, andre gonger ikkje. Vårt håp er at me skal klare dette slik at Bømlosamfunnet vert utvikla på ein berekraftig måte og med kvalitet.

I kulturminna finn me identitet og fellesskap. I kulturminna kan me også finne kunnskap, grunnlag for opplevelingar og verdiskaping. Sjølv om planen i første rekke vil vere ein reiskap for politikarar og administrasjon for å forvalte kulturminna, trur og håpar me også at han har verdi for alle som er opptekne av Bømlo si historie og vidare utvikling.

Februar 2021

Bjørn Håvard Bjørklund

Kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett

# Viktige omgrep og definisjonar

**Kulturminne** er alle spor etter menneska sitt liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er òg kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne. Kulturminne kan til dømes vere bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, båtar eller vegfar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Me skil mellom lause og faste kulturminne.

Eit **freda kulturminne** er eit kulturminne som myndighetene gir så stor verdi at det må sikrast for ettertida. Freding er den strengaste forma for vern. Det vil seie at eventuelle inngrep eller endringar må godkjennast av regional kulturvernmynde. Kulturminne eldre enn 1537, og ståande bygningar frå før 1650, er automatisk freda. Andre kulturminne kan vedtaksfredast av Riksantikvaren.

**Verneverdig** er ikkje ein absolutt verdi. Alle kan tilskrive noko kulturminneverdi. I plansamanheng er likevel «verneverdig kulturminne» eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er først og fremst desse som er freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova. Det er hovudsakleg desse kulturminna planen omfattar.

**Kulturmiljø:** Utviklinga i vernearbeidet har gått i retning av å tenkja meir heilskapleg, og som følgje av det blei omgrepet *kulturmiljø* innført i kulturminnelova i 1992. Fokuset er flytta frå einskildobjekt til større miljø og omfattar både tettstader (bygningsmiljø) og kulturlandskap. I den nye stortingsmeldinga om kulturmiljø (Meld.St.16) er omgrepet innført som ei samlande nemning som omfattar omgropa «kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap når feltet blir omtala som ein heilskap.

**Listeførte kulturminne:** Ein annan måte å markere verneverdi på, kan vere listeføring. Døme på slike lister er Riksantkvaren si fartøyliste og lista over bevaringsverdige norske kyrkjer. I samband med kulturminneplanen er det laga lokale lister over kulturminne som i planen er definerte som *lokalt verneverdige* (klasse B), men som ikkje har eit formelt vern gjennom Plan- og bygningslova.

Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Mange blir likevel tekne vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigalar og brukarar.

## Kulturminneregister

### SEFRAK-registeret

SEFRAK (forkorting for Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne) er eit landsdekkande register over alle bygningar og restar etter bygningar frå før år 1900. I samband med denne registreringa blei det gjort feltarbeid i alle kommunar i åra 1973 – 1995. Dette er eit generelt kulturhistorisk register der det ikkje er gjort nokon vurderingar av verneverdi for dei einskilde objekta. I Bømlo blei registreringane gjennomførte i på 1980-talet. Diverre manglar me registreringar for nokre område i kommunen. Andre stader er det einskildobjekt eller heile miljø som ikkje har kome med. Registeret har likevel vore eit viktig grunnlagsmateriale i arbeidet med kulturminneplanen.

Hordaland fylkeskommune har digitalisert SEFRAK-materialet for Hordaland. Av dei SEFRAK-objekta som er registrert i Bømlo, er over 20% rivne eller blitt borte på andre måtar i åra som har gått. Dette ligg noko over den nasjonale målsetjinga om at tapet av kulturminne ikkje skal vera på meir enn 0,5% i året.

### Askeladden

Den offisielle databasen over alle **freda kulturminne** og **kulturmiljø** i Norge heiter Askeladden. Basen inneholder data frå tidlegare forminnregister, fredingsregister og kyrkjeregister. Databasen er tilgjengeleg via internett for offentleg forvaltning og forskingsinstitusjonar, og er i ferd med å bli utvida til å omfatta alle prioriterte kulturminne i kommunalt vedtekne kulturminneplanar. Informasjonen vil bli gjort tilgjengeleg gjennom publikumstenesta **Kulturminnesøk** (kulturminnesok.no), som òg omfattar kulturminne utan formell vernestatus.

## 1. del: Innleiing

Kulturminne er i vidaste forstand alle spor etter menneske i vårt fysiske miljø. Også naturelement som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til, er eller kan inngå som del av eit kulturminne. Kulturminne og kulturmiljø er ein del av vårt kollektive minne, og med rett forvalting og bruk fungerer dei som viktige miljø- og identitetsberande element. Dei representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar. Det er likevel ikkje mogleg, og heller ikkje eit mål, å ta vare på alt. I staden bør ein sikra eit representativt utval av kulturminne som viser det typiske og særmerkte for vår kommune frå ulike epokar, sosiale lag, næringer og etter ulik byggjeskikk og arkitektur.



Nils Hertzberg (1759 – 1841) teikna kartet over Bømlo i 1780.

Ved å samla informasjon om kulturminne i kommunen, evaluera og prioritera desse, skal kulturminneplanen bidra til at dei viktigaste kulturminna i Bømlo kommune vert tatt vare på og gjort kjende. Planen skal visa kva kulturminne som er viktigast i vår kommune, og korleis me skal forvalta desse.

Etter oppmoding og tilrettelegging frå Riksantikvaren, blir det laga kulturminneplanar i kommunar over heile landet. Målet er at alle kommunar skal ha ein slik plan. Dette har òg vore eit satsingsområde for Hordaland fylkeskommune, som har gitt fagleg oppfølging i arbeidet, og som har støtta planarbeidet økonomisk. Gjennom det såkalla KIK-prosjektet (Kulturminne i kommunen) har Riksantikvaren arbeidd for å auka kulturminnekompotansen i kommunane. Lokal kompetanse er ein føresetnad for at kommunane skal kunna ta det ansvaret dei er pålagt om å forvalta kulturminne frå tida etter reformasjonen.

Kulturminneplanen for Bømlo («Kommunedelplan for kulturminne») omfattar det geografiske området som i dag er Bømlo kommune. Fram til kommunesamanslåinga i 1963 var området delt mellom Moster, Bremnes og Bømlo kommunar. Nokre av gardane/øyane i noverande Bømlo kommune har òg høyrd til Fitjar kommune. Dagens Bømlo kommune er i sin heilskap ein øy kommune, og omfattar Bømlo (Bømmeløy), Bremnes, Goddo og Moster samt ca. 1000 andre øyar, holmar og skjer. Namnet kjem av norrønt Bymbil, i slektskap med nynorsk bembel, «navle» eller «mage», her i tydinga «tjukk, oppsvulma», dvs. ruvande.

Bruken av landskapet og organiseringa av samfunnet har gjennom det meste av historia vore vend mot sjøen. Det er først dei siste 50 – 70 åra at kommunikasjon til lands har tatt over og endra måten me tenkjer om samfunnsutviklinga. I dag blir sjøen oppfatta meir som stengsel enn ferdsleveg, og eit nettverk av vegar, bruer og tunnelar kryssar fjordar og knyter øyrika saman med fastlandet.

I planen er det lagt vekt på å syna breidda i kulturminnetilfanget, slik at det speglar alle sider av historia, ved å setja kulturminne og kulturmiljø inn i ein tematisk samanheng: Landbruk og fiske, samferdsle, religion, industri, handel, offentleg verksemd, organisasjonsliv og krigshistorie. Kulturminne som har ei særlig sentral rolle i utviklinga og er særprega for Bømlo, er tillagt stor vekt. Det gjeld mellom anna bergverksindustri og gruveverksemd, som går tilbake til dei aller eldste tidene, kyrkjehistorie og kulturminne knytt til fiske og handel langs kysten. Også kulturminne frå etterkrigstida er omtala, men i mindre omfang. Det er òg lagt vekt på å omtale og prioritere kulturminne frå alle delar av kommunen i planen. Likevel er ikkje dei prioriterte kulturminna jamt fordelte over heile kommunen.

Planen byggjer hovudsakleg på tidlegare registrert materiale som SEFRAK-registeret og Riksantikvaren sitt register over freda kulturminne, Askeladden. I startfasen av planarbeidet blei ein del av dette materialet gjennomgått og eit stort tal kulturminne er fotograferte på nytt. I tillegg til desse er kulturminne som ikkje har vore omfatta av tidlegare registreringar tatt med, i den grad ein har oversikt over dei. I verdivurderinga er kulturminne som dannar heilskaplege miljø prioritert.

Verkemiddelet som er nytta for å sikra eit utval av kulturminne som representerer historia til kommunen, er omsynssonar som blir forvalta etter plan- og bygningslova. Det er viktig å understreka at dette gjeld for ein liten del av kulturminna. Alt skal ikkje vernast, og dei aller fleste kulturminna som er registrerte, har ingen formell vernestatus.

I samband med oppstart av planarbeidet blei det arrangert møte med lag og organisasjoner for å få innspel til arbeidet og samarbeidspartnarar som kunne gjennomføra registreringane. Dette har vore viktig for å få lokal medverknad og forankring for planen, men det har vist seg krevjande for frivillige å gjennomføra det omfattande registreringsarbeidet. Difor omfattar planen dei kulturminna me kjenner til per i dag. Me veit at registreringane ikkje er komplette. Bømlo har svært mange kulturminne, og trass i omfattande kartlegging vil det vera kulturminne som ikkje er registrerte og tatt med i planen. Nye kulturminne vil bli registrerte etter kvart som me blir gjort kjende med dei. Lista over registrerte kulturminne må såleis ikkje sjåast på som uttømande eller statistisk, men vil bli supplert etter kvart.

Tekstane til temaplanen er skrivne på grunnlag av det innsamla materialet i kombinasjon med skriftlege kjelder, som Bømlo bygdebok og andre lokalhistoriske bøker og artiklar, og munnlege kjelder. Nokre tema har fått spesielt utfyllande omtale og er supplert med historiske bakgrunnstekstar.

## **1.1. Kvifor skal me ha ein kulturminneplan?**

Kulturminne og kulturmiljø er viktige, ikkje-fornybare ressursar og eit felles gode. Kulturminne er ei kjelde til kunnskap om eiga historie, opplevingar, grunnlag for verdiskaping og styrking av identitet, fellesskap og stadtilhørsle. Kulturminna våre består ikkje berre av materielle gjenstandar, men har også immaterielle kvalitetar som me kan oppleve og vere stolte av i kvardagen.

Heile Bømlo sitt samfunn skal forvaltast berekraftig. Ressursane skal forvaltast til beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Å vera medvitne vår eiga historie er sentralt i berekraftig kulturforvaltning.

Sidan kulturminne ikkje-fornybar ressursar, går det som ikkje blir bevart tapt for alltid. Samstundes kan me ikkje ta vare på ALT, men me må vere samde om kva som er mest viktig for oss å forvalte vidare. Difor treng me ein samla oversikt over kva me har, og ut frå det gjera ei vurdering av kva me skal prioritera å ta vare på. Det er difor det er bruk for ein grundig kulturminneplan. Det er ikkje fullt ut mogleg i dag å føreseie kva som blir verdsett og rekna som verneverdig i framtida. Likevel vil dei vala vi gjer i dag, få følgjer for all framtid.



*Kulturminne er viktige for identitet og kunnskap om eiga historie, og kan gje grunnlag for næringsutvikling. Moster gamle kyrkje.*

Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar og grunnlag for kunnskap, opplevingar og verdiskaping. På den måten kan kulturminne bli eit utmerka grunnlag for å skape arbeidsplassar, oppretthalde eit mangfoldig næringsliv og gjere Bømlo meir attraktiv som bustadkommune.

Om ein skal lukkast med kulturminnevernet må det òg bli tilpassa dei endrings- og utviklingsbehova som oppstår.

### Kunnskapsgrunnlag

Identifisering av viktige kulturminne og kulturmiljø i ein lokal kulturminneplan blir eit viktig kunnskapsgrunnlag i den samla forvaltninga av kulturminne i kommunen. Kulturminneplanen kan bidra til å auka kunnskapen og medvitnet om temaet, slik at kulturminne blir synleggjort og brukt.

Det er forventa at kommunane brukar Plan- og bygningslova til å verne kulturminne og kulturmiljø ved å gje dei omsynssonar i arealdelen til kommuneplanen. God oversikt over eigne kulturminne, og ein medviten og målretta forvaltning av dei, vil bidra til å redusera talet på motsegner i plan- og byggjesaker og gje ei føreseieleg forvaltning for både kommunen og eigarane.

### Berekraftmåla

Eit naturbasert liv ved kysten er vårt grunnlag for ein god oppvekst, identitet og livesmeistring. Kulturarven skal bli nytta aktivt inn i kvardagen vår. Til dømes må ikkje kulturminne og friluftsområde bli betrakta som noko som er utskilt frå bustad- og næringsplanlegging, men som integrerte delar av framtidig utvikling. Me har eit rikt kulturliv av både internasjonal og nasjonal interesse. Vår lange historie er unik og i tråd med FN sitt berekraftmål skal me vere med på å styrke innsatsen for å verne om og sikre vår del av verdas kultur- og naturarv.

Kulturminneplanen er eit nyttig verktøy for at Bømlo skal vere med på å oppfylle berekraftmåla. Desse måla ligg til grunn for alt kommunalt planarbeid. Dette inkluderer også klimamål. Fram mot 2049 skal Bømlo kutte sine klimagassutslepp med 90%. Om ein tek alle klimaeffektane med i reknestykket, har det vist seg at å ta vare på eksisterande bygg framfor å byggja nye, kan gje ein betydeleg klimagevinst.

Nokre av måla er særleg relevante å trekke fram i denne samanhengen:

*«11.4 Styrke innsatsen for å verne om og sikre verdens kultur- og naturarv.*

*12.b Utvikle og innføre metoder for å overvåke konsekvensene av en bærekraftig utvikling på en turistnærings som er bærekraftig, skaper arbeidsplasser og fremmer lokal kultur og lokale produkter.*

*8.9 Innen 2030 utarbeide og iverksette politikk for å fremme en bærekraftig turistnærings som skaper arbeidsplasser og fremmer lokal kultur og lokale produkter.»*



## 1.2. Nasjonale mål for forvaltninga av kulturminne

Den overordna kulturminneforvaltninga i Norge er lagt til Klima- og miljødepartementet, ved Riksantikvaren. Departementet har følgjande nasjonale målsetjingar:

**Nasjonalt mål 2.1.** Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det ligge føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.

**Nasjonalt mål 2.2.** Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

**Nasjonalt mål 2.3.** Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.

**Nasjonalt mål 2.4.** Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020

I 2018 starta Regjeringa arbeidet med ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken. Meldinga skal etter planen leggjast fram for Stortinget våren 2020, og skal byggja vidare på rammene som blei lagt for gjeldande kulturminnepolitikk i St.meld. nr. 16 (2004 – 2005) *Leve med kulturminner*. Som ledd i regionreforma blir det lagt til rette for overføring av mynde frå statleg til fylkeskommunalt nivå på kulturminneområdet.

Den daglege forvaltninga av kulturminne er det likevel grunneigarane og kommunane som har ansvar for. Difor oppmodar Riksantikvaren alle kommunar om å utarbeida kulturminneplanar.

## 1.3. Mål for kulturminneplanen

### 1.3.1. FN sine berekraftsmål - kultur

Å forvalte kulturminne er eit internasjonalt ansvar og Noreg har sluttat seg til FN sine berekraftsmål, med delmål. Denne kulturminneplanen vil vere med på å oppnå fleire av berekraftsmåla, men særleg viktige her er:



**Mål 4: God utdanning.** «Sikre inkluderende, rettferdig og god utdanning og fremme muligheten for livslang læring for alle».

**Delmål 4.7:** «Innen 2030 sikre at alle elever og studenter tilegner seg den kompetanse som er nødvendig for å fremme bærekraftig utvikling, blant annet gjennom utdanning for bærekraftig utvikling og livsstil, menneskerettigheter, likestilling, fremme av fred og ikkevold, globalt borgerskap og verdsetting av kulturelt mangfold og kulturens bidrag til bærekraftig utvikling.»



**Mål 8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst.** «Fremme varig, inkluderende og bærekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle»

**Delmål 8.9:** «Innen 2030 utarbeide og iverksette politikk for å fremme en bærekraftig turistnæring som skaper arbeidsplasser og fremmer lokal kultur og lokale produkter»

**Mål 11: Bærekraftige byer og samfunn.** «Gjøre byer og bosettinger inkluderende, trygge, motstandsdyktige og bærekraftige»**Delmål 11.4:** «Styrke innsatsen for å verne om og sikre verdas kultur- og naturarv.»

Ein kulturminneplan er eit nyttig for heile utviklinga av lokalsamfunnet. For å kunne verdsette kulturelt mangfald, må ein sjølv ha kjensla av tilhørsle og identitet. Dette handlar med andre ord om oppvekst-, skule- og levekårspolitikk. Kulturminne, både materielle og immaterielle, kan vere basis for produkt, opplevingar og anna reiselivsnærings, noko denne som gjer denne planen som kunnskapsgrunnlag, viktig for næringslivet. Me har eit rikt kulturliv av både internasjonal og nasjonal interesse.

Vår lange historie er unik og i tråd med FN sitt berekraftmål skal me vere med på å styrke innsatsen for å verne om og sikre vår del av verdas kultur- og naturarv.

### 1.3.2. Hovudmål

Målet med kulturminneplanen, slik det blei formulert i planprogrammet, er å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Bømlo, og å få eit godt grunnlag for ein heilsakleg kulturminneforvaltning. Dette skal ein oppnå ved å:

- Gjennomføra ei registrering av faste kulturminne.
- Foreta ei verdivurdering av dei registrerte objekta i samarbeid med eksterne fagpersonar.
- Utarbeida eit sterkare vern for objekt som i dag har eit svakt juridisk vern

### 1.3.3. Delmål

- Synleggjera verdien av lokale kulturminne, og auka kunnskapen om korleis dei kan forvaltast, både av det offentlege og av private.
- Ta vare på viktige kulturminne på ein fagleg forsvarleg måte
- Leggja til rette for vern gjennom bruk.
- Avgjera kva ein skal ta vare på, og ikkje
- Ta høgde for klimatilpassing

I tillegg er det eit mål at talet på motseigner frå Fylkesmannen skal reduserast. Bruk av kulturminne vil vera ein ressurs i samfunnspolitikken, også på område som næringsføremål, reiseliv/turisme og utvikling av kulturtildel. Kulturminneplanen har også som mål å formidle Bømlo si historie på ein god måte.

## 1.4. Om planarbeidet

Det er eit nasjonalt mål at alle kommunar skal ha ein kulturminneplan innan 2020. Riksantikvaren støttar planarbeidet økonomisk gjennom prosjektet kulturminne i kommunane (KIK). I kommuneplanen for 2013 – 2025 blei det slått fast at det skal utarbeidast ein kulturminneplan for Bømlo kommune. Kommunestyret vedtok i møte den 18.03.2013: «*kommuneplan for kulturminner, kulturminneplan, skal vera vedtatt før neste rulling av kommuneplan i Bømlo.* Denne planen er den første kulturminneplanen i Bømlo. Tidlegare har kommunen hatt ein mindre omfattande kulturvernplan som blei laga på 1990-talet.

Ei administrativ tverrfagleg arbeidsgruppe har koordinert og gjennomført planprosessen. Prosjektleiar for planarbeidet har vore Ellen Urheim Tveit (innleigd). Leiargruppa har vore styringsgruppe for arbeidet.

Til grunn for planarbeidet ligg SEFRAK- registeret og Riksantikvaren sitt register over freda kulturminne, Askeladden. Men det har og kome inn registreringar av kulturminne som ikkje har vore kjende tidlegare. SEFRAK- registeret for Bømlo er ikkje fullstendig, nokre delar av kommunen manglar heilt. Det vil vera kulturminne som ikkje er registrerte trass arbeidet som er gjort og nye kulturminne vil bli registrerte etter kvart som me blir gjort kjende med dei. Lista over registrerte kulturminne må såleis ikkje sjåast på som uttømande eller statisk, men vil bli supplert etter kvart.

Registreringsarbeidet er i hovudsak gjort av innleigd person, men organisasjonar og privatpersonar har også bidratt. Det har vore invitert til ope møte, med invitasjon til å koma med innspel. Dette har vore viktig for å få lokal medverknad og forankring for planen.

I planprogrammet er det vedtatt at kulturminneplanen skal ha status som kommunedelplan. Kommunedelplanar kan utarbeidast for alle tema eller område av verksemda der det er tenleg. Arbeidet med kulturminneplanen er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), som blei vedteken juni 2019. Her står det mellom anna at kulturminneplanen bør bli ferdig før endeleg handsaming av kommuneplanen sin arealdel (KPA). Planen skal innehalda ein handlingsdel med tiltak for gjennomføring av målsetjingane i planen innanfor kommuneplanperioden. Handlingsdelen bør rullerast årleg.

Kulturminneomgrepet omfattar i vidaste forstand alt menneske har skapt av både faste og lause gjestandar, spor i landskapet, historier, språk og kultur. Dess nærmere me kjem vår eiga tid, dess meir kulturminne har me (med ei så vid definisjon), og dess vanskelegare er det å sjå kva som vil ha ei verdi for ettertida. Difor er ei avgrensing av tema for planen viktig.

#### 1.4.1. Avgrensing

Kulturminneplanen for Bømlo omfattar berre faste kulturminne, det vil seie bygningar og anlegg som er jordfaste. Hovudvekta ligg på kulturminne frå tida etter reformasjonen, som kommunen har ansvar for å forvalte. Elles er det ikkje sett nokon endeleg avgrensing i tid, men omfanget av registreringa minkar når me kjem nærmare vår eiga tid. Fram til rundt år 1900 er ein stor del av bygningar og anlegg registrert. Frå tida mellom 1900 og 1945 er det tatt med kulturminne som representerer si tid eller spesielle tema på ein historisk leseleg måte. Frå etterkrigstida er det tatt med døme på kulturminne som er typiske for si tid, men det er ikkje gjort nokon systematisk kartlegging av kulturminne frå denne perioden. Kva som har verdi som kulturminne ut over dette, vil det i framtida vera ein kontinuerleg prosess å ta stilling til, mellom anna i samband med revisjon og rullering av planen og handlingsprogrammet. Det er lagt vekt på å framheva kulturminnetyper som er særprega for Bømlo eller har vore særleg viktige for utviklinga i området.

Ei avgrensing vil òg seie at det er mykje planen *ikkje* omfattar. Dette gjeld mellom anna lause kulturminne, båtar, stadnamn, segner (med unnatak for segner som er knytt til faste kulturminne) og historier om einskildmenneske og levemåtar. På viktige område er noko av dette likevel med som historiske bakgrunnstekstar i plandokumentet. Skiljet mellom faste kulturminne og lause/immaterielle kulturminne er vanskeleg. Skal båtbyggjarverkstaden vera med, men ikkje båtane som blei bygde der? Eit slikt skilje er likevel nødvendig for å avgrensa planen.

#### 1.4.2. Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) #Bømlo2049 – samanheng

Berekraftsmål og måla i kommuneplanen sin samfunnsdel #Bømlo2049, frå juni 2019, samsvarar og supplerer kvarandre.

I KPS er det ein visjon at me skal satse på det naturbaserte livet ved kysten. Kulturminne skal handterast som ein integrert del av bustad- og næringspolitikk i all framtidig utvikling av kommunen.

Samfunnssdelen til den nye kommuneplanen for Bømlo 2019 – 2049 ble vedteken i juni 2019. Her blir det mellom anna poengtert at kulturminne og friluftsområde skal vere integrerte delar av framtidig stadutvikling.

I KPS er mellom anna gullgruvehistoria på Lykling, kalkindustrien på Moster, steinalderindustriområda Sokkamyra og Hespriholmen, og Kulleseidkanalen med fiskeritelegrafen og kanalvaktarbustaden, trekt fram.

Lokalsentra skal fremje særeigne kvalitetar og lokale kulturminne. Vidare slår KPS fast at kulturminna på Bømlo skal bli opplevd, nytta og formidla til beste for fellesskapen, i samarbeid med næringsliv og frivillige. Det historiske skal vere synleg i det moderne og funksjonelle. Dette er i tråd med «vern gjennom bruk»-prinsippet, som er ei sentral målsetting i kulturminneforvaltninga. Kulturminneplanen vil difor også vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel (KPA) og andre planar.

Omsynssonene for kulturminne og kulturmiljø som blir vedtekne som del av planen, blir lagt til grunn i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Det er Plan- og bygningslova som ligg til grunn for kommunen sin forvaltning av nyare tids kulturminne, medan kulturminne frå før reformasjonen òg er regulert av kulturminnelova. Det er utarbeidd eigne retningsliner til omsynssonene i samsvar med Plan- og bygningslova. Dei vedtekne omsynssonene vil òg bli lagt til grunn når det skal utarbeidast nye reguleringsplanar og områdeplanar.

#### 1.4.3. Samanheng med andre planar

Ei rekke nasjonale og regionale planar omfattar òg kulturminnefeltet:

##### Nasjonale planar som omfattar kulturminnevern:

NOU 2002: Fortid former framtid – Utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk.

St.meld.26 (2004 – 2007) Regjeringens miljøvernopolittikk og rikets miljøtilstand.

St.meld. 16 (2004 – 2005) Leve med kulturminner. Miljøverndepartementet.

##### Regionale planar og rapportar:

Premiss: kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025

Regionalplan for attraktive senter i Hordaland 2015 – 2026

#### 1.4.4. Status for kulturminneregistreringar i Bømlo



Riksantikvaren sitt register over freda kulturminne, Askeladden, omfattar per i dag 556 lokalitetar med automatisk freda arkeologiske kulturminne. I tillegg er det vedtaksfreda kulturminne på tre stader: Hummarparken på Espevær, Hiskholmen og Slåtterøy fyrtasjon. Askeladden inneholder òg registreringar av ein del bygningar og anlegg som ikkje er freda.

*Mykje av det som er registrert i SEFRÅK er ruinar, men ein del av desse kan òg ha verneverdi.*

SEFRAK-registeret<sup>1</sup> for Bømlo omfattar 1213 bygningar og restar etter bygningar frå før 1900.

Kulturminne som fell utanfor desse to kategoriane, til dømes anlegg som ikkje er bygningar frå tida 1537 – 1900, og kulturminne frå tida etter 1900, er ikkje systematisk registrert. Eit område på Søra Bømlo manglar heilt i SEFRAK-registeret, som heller ikkje er heilt utfyllande i andre delar av kommunen. I oppstartfasen av arbeidet med kulturminneplanen blei alle SEFRAK-registrerte objekt synfarne og fotograferte på nytt.

To område i Bømlo er tatt inn i Riksantikvaren sitt register «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» frå 2016. Desse er nærmere omtala i planforslaget.

#### 1.4.5. Kva er det lagt vekt på i planen?

Planen handlar i hovudsak om nyare tids kulturminne (etter 1536), som det er kommunen sitt ansvar å forvalte. Det er lagt mindre vekt på automatisk freda kulturminne, som er freda etter kulturminnelova og blir forvalta av Riksantikvaren og fylkeskommunen. Desse har blitt systematisk kartlagde over lang tid, og har eit sterkt vern. For nyare tids kulturminne manglar me ein samla oversikt og vurdering av verneverdien, og dette er noko av det ein ønskjer å oppnå med planen.

Dei viktigaste før-reformatoriske kulturminna er likevel omtala i eit eige kapittel. Kommunen si oppgåve i samband med desse arkeologiske kulturminna er først og fremst knytt til formidling, i tillegg til saks-handsaming etter plan- og bygningslova.

Der ein i kulturminnevernet tidlegare har vore opptatt av einskildobjekt, er fokus i dag i større grad på miljø. Det vil seie at eit einskildobjekt blir vurdert å ha høgare verdi dersom det er del av eit heilskapleg miljø, enn om det ikkje lenger er del av den opphavlege samanhengen. Dermed kan òg bygningar og anlegg som isolert sett ikkje har høg verneverdi, bli viktige som del av ein heilskap. Det er òg lagt vekt på å prioritere kulturminne som har ei særleg sentral rolle i den lokale kulturhistoria, eller som er spesielle for Bømlo.

#### Val av tema

I den kulturhistoriske oversikten, som dannar hovuddelen av plandokumentet, er det tatt utgangspunkt i temakategoriar som er nutta i malforslag frå Riksantikvaren og i planar for andre kommunar. Det er gjort ein del lokale tilpassingar, og utvalet av kulturminne som er prioritert i planen speglar dette. Område som peikar seg ut lokalt som særleg viktige, som fisket og fiskarbonden, kyrkjhistoria, bergverkshistoria og handelsstadene, har fått særleg stor plass. Det er likevel gjort forsøk på å dekke heile breidda av kulturminne i kommunen, både sosialt, geografisk og med omsyn til tema. For nokre typar kulturminne, som ferdslevegar og kulturminne under vatn, er det behov for betre kartlegging. Då planen først og fremst handlar om dei kulturminna me har i dag, kan det vera sider av historia som i liten grad er omtala fordi me manglar fysiske spor etter dei.

#### 1.4.6. Klassifisering

I samband med gjennomgang av det registrerte materialet, er det gjort ei vurdering av verneverdien for kvart einskild kulturminne og kulturmiljø. Kva som ligg til grunn for desse vurderingane, er det gjort nærmare greie for i del 3 av planen. Det er nutta nasjonale vernekriteria i vurderingane, men det finst ingen nasjonal standard for klassifisering av kulturminne. Difor er klassar og definisjonar lokalt utarbeidd, med utgangspunkt i erfaringar frå andre kommunar.

---

<sup>1</sup> SEFRAK (står for SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminner) er eit landsdekkande register over bygningar og restar etter bygningar frå før 1900. Registeret er ikkje ei stadfesting av verneverdi eller vernestatus.

### 1.4.7. Oppbygging av planen

I del 1 er det gjort greie for bakgrunnen for planarbeidet, kva metodar som er brukt og kva som er målet med planarbeidet. I del 2, som er den mest omfangsrike delen, blir kulturminne og kulturmiljø sett inn i ein historisk og tematisk samanheng. Dette er kunnskapsgrunnlaget som det vidare planarbeidet byggjer på. Ein har vald å dela inn planen etter tema, og ikkje geografi. Dette er i samsvar med praksis i andre kommunar og på regionalt og nasjonalt nivå. Det gjev òg ei meir samla oversikt over dei ulike kategoriane av kulturminne som finst i kommunen, og sikrar at heile breidda av kulturminnetypar blir omfatta av planen. Det er likevel lagt vekt på å prioritere kulturminne frå alle delar av kommunen.

Det er knytt døme til kvart tema som er omtala. ***Det at eit kulturminne står nemnt i temaplanen, betyr ikkje nødvendigvis at det har ein vernestatus.*** Døme på prioriterte kulturminne kjem på slutten av kvart hovudtema. Verna og verneverdige kulturminne er lista opp i vedlegga til del 3. Her er det korte omtalar av dei høgast prioriterte kulturmiljøa i kommunen (omsynssonar for kulturminne i klasse A), og lister over verneverdige kulturminne og kulturmiljø (klasse B). Desse områda er òg kartfesta. Kriteria og vilkår for dei ulike klassane er gjort greie for i del 3 av planen. Det er òg viktig å presisera at mange kulturminne kan ha ein verneverdi sjølv om dei ikkje er prioriterte for kommunalt vern. Dei prioriterte kulturminna er eit representativt *utval* av det total kulturminnetilfanget, noko som betyr at dei fleste kulturminne framleis ikkje vil ha nokon formell vernestatus.



Dei fleste kulturminne er ikkje formelt verna. Det betyr ikkje at dei er utan verdi. Eldhus, Hollund.

Siste del av planen tek for seg lovverk, plangrunnlag og kommunen sin forvaltning av kulturminne – rutinar, retningsliner og føresegner, og til slutt ein handlingsplan som skal rullerast kvart år.

### 1.4.8. Kjeldebruk

Arbeidet med kulturminneplanen har i stor grad bestått i å samla og systematisera informasjon som alt er tilgjengeleg. Det finst svært mykje lokalhistorisk materiale frå Bømlo, både trykt form og på nett, som er nytta som bakgrunnsmateriale. Referansar til skriftlege kjelder er oppgitt. Nokre lengre tekstar er nytta direkte i planen etter avtale. Elles byggjer planen på materiale som er blitt kjend i samband med dei ulike

registreringane som er gjort. Dei fleste opplysningane om dei enskilde bygningane er henta frå Askeladden, SEFRAK-registeret og kommunen si nyregistrering av SEFRAK-bygg frå 2016. Bilete tilhører kommunen der ikkje anna er opplyst.

#### 1.4.9. Organisering og medverknad i prosessen

Då prosjektet starta opp i 2013 gjekk ein breitt ut og inviterte både lag og organisasjonar, og innbyggjarane elles, til å komma med innspel. Nokre tok kontakt direkte med kommunen. Det blei òg halde fleire møte med både enkelpersonar og lag og organisasjonar. Her blei det peika på ulike kulturminne og miljø som er viktige for lokalmiljøet og kommunen. Engasjementet og interessa blant både enskildpersonar og lag og organisasjonar var og er stor, også for å vare på dei immaterielle kulturminna. Historier, segn, viser og gamle tradisjonar er noko mange har eit kjært forhold til. Dette er viktig bakgrunnsmateriale for kulturminneplanen, men avgrensinga til å gjelda jordfaste kulturminne gjer at ikkje alt kan takast med her. Immaterielle kulturminne peikar seg difor ut som eit område som bør kartleggjast ved eit seinare høve.

I arbeidet med temadelen av planen er i tillegg ei rekke personar og nokre organisasjonar kontakta for å bidra med lokalkunnskap om kulturmiljø og enskildminne som bakgrunn for planteksten.

#### 1.4.10. Utfordringar framover

Ei oppsummering etter registreringsarbeidet viser eit tap av SEFRAK- registrerte kulturminne på rundt 20% sidan registreringsåret. Talet viser likevel berre ein liten del av biletet. Eit stort tal kulturminne er truga av forfall, og svært mange av desse vil truleg gå tapt i løpet av dei nærmaste åra. Modernisering og omfattande utskiftingar (av tak, kledning, vindauge, dører osb.) på verneverdige bygningar kan òg redusera kulturminneverdien. Her er det behov for tiltak for å styrka kunnskapen om kulturminne, god tilgang på fagleg rettleiing, og økonomiske verkemiddel. Konkrete tiltak er foreslått i handlingsplanen (Del 4).

«Vern gjennom bruk» har blitt ei stadig meir sentral målsetjing i kulturminnevernet. Bruk er i dei fleste tilfelle ein føresetnad for at (særleg) bygningar kan bli tatt vare på. Men kva med bygningane ingen har bruk for? Lør og andre uthus er døme på bygningar som i mange tilfelle har gått ut av bruk, og som kjem til å forsvinna dersom dei ikkje kan få nye funksjonar. Det same gjeld for mange store sjøhus. Ikkje alt kan eller skal bevarast, men for at me skal kunna ta vare på eit representativt utval, må det tenkast nytt om bruksområde og korleis ein kan få ny bruk av bygningane utan at det går ut over dei kulturminneverdiane ein ønskjer å bevara.

Ei klassisk utfordring er avveginga mellom vern og utvikling. Kva skal prioriterast der kulturminne står i vegen for planlagde utbyggingar? Ei hovudoppgåve for kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar er å førebyggja slike potensielle konfliktar. Med ein systematisk oversikt over kulturminne kommunen vil prioritera å ta vare på, kan andre planar lettare tilpassast i forkant, i staden for at kulturminne blir eit stridstema når planarbeidet alt er i gong. Likevel vil motstridande interesser komma til syne også i framtida. Nokre gonger kan kulturminneinteressene måtta vika for viktige samfunnsinteresser, men ofte vil ein òg kunna gjera tilpassingar som tek i vare begge omsyna. Moglege løysingar på slike interessekonfliktar kjem me nærrare inn på i siste del av planen.

Eitt av måla med planen er å sikra eit juridisk vern for kulturminne som i dag har eit svakt juridisk vern. Men erfaringa viser at også verna kulturminne vil gå tapt. Dei fleste kulturminne er privat eigde, og uansett vernestatus er det avgjerande at eigarar ønskjer og har høve til å ta vare på kulturminna dei eig. Den største utfordringa for kommunen blir å leggja til rette for dette på ein god måte.

Framover vil klimatilpassing og å redusere klimarisiko, bli meir viktig enn tidlegare. Regionale klima- og kulturplanar legg til grunn at styresmaktene, også lokale, skal vere eit førebilete som mynde og byggherre. Utfordringane med klimaendringar krev godt samarbeid på tvers av sektorar.

Norsk kystkultur er særleg truga av havnivåstigning, som på Vestlandet truleg vil ligge på om lag 80 cm i 2100. Kulturminne i strandsona vert meir utsette for flaumskadar. Våtare og varmare klima vil auke nedbryting av treverk og gje auka vedlikehaldskostnader. Meir ekstremvær vil gje auka risiko for skadar på bygningar, kulturminne og -miljø. Investeringar med tidshorisont på over 30 år bør ta omsyn til klimaendringar. Vedlikehald av bygg og infrastruktur vert endå viktigare med meir nedbør.



Kulturminne langs kysten er særleg utsette for klimaendringar som havnivåstigning. Frå Røyksund.

## 1.5. Aktørar og ansvarsdeling i kulturminnevernet

### 1.5.1. Bømlo kommune sitt ansvar og rolle

Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta kulturminne og kulturmiljø. Kulturminne er uerstattelege verdiar, og det er eit stort ansvar for å forvalta desse på ein god måte. Dette krev at vi har god oversikt over dei kulturminna som finst i Bømlo, og kunnskap om verkemidla som kan brukast for å ta vare på dei.

Kommunane har hovudansvaret for forvaltninga av nyare tids kulturminne, først og fremst gjennom handheving av plan- og bygningslova. Men kulturminneforvaltning handlar òg i stor grad om kunnskap og formidling. Lokalkunnskap er ein grunnleggjande føresetnad for å kunna finna gode løysingar i samarbeid med private eigarar av kulturminne. Kulturminneplanen skal vera ein reiskap både for forvaltninga og for formidling av kunnskap. Etablering av gode rutinar for handsaming av kulturminnesaker blir eit viktig tiltak i oppfølginga av kulturminneplanen, sjå handlingsplanen.

Ansvaret til kommunen blir òg sett i samanheng med andre viktige samfunnsområde som folkehelse, friluftsliv, skule, reiseliv, landbruk og natur- og klimatiltak. Kulturminnefeltet er sektorovergripande og ansvar og oppgåver er plassert fleire stader i kommunen, med hovudvekt på kultur og plan/byggjesak.

Felles kunnskap og forståing er sentralt for å sikre god forvaltning og prioriteringar i arbeidet med kulturarva.

Bømlo kommune er òg eigar av viktige kulturminne og kulturmiljø. Det er viktig at kommunen har oversikt over og kunnskap om dei kulturminna som skal forvaltast, slik at ein sikrar bruk og vedlikehald til beste for fellesskapet. Bømlo gamle kyrkje er døme på eit viktig kulturminne i kommunal eige.



Tollhagen i Mosterhamn (20/18) er eit kulturminne i kommunal eige. Verna med omsynssone.

### Eigarar av kulturminne

Ein stor del av kulturminna er i privat eige, og bevaring er avhengig av eigar sitt initiativ, ressursar og engasjement. Eigar sitt engasjement er ein særleg avgjerande faktor. Samstundes er tilgangen på ressursar ofte den største utfordringa for private eigarar av kulturminne. Moglegheiter og vilkår for dei som eig viktige kulturminne er nærmere omtala i siste del av planen.

#### 1.5.2. Dei frivillige organisasjonane

Ei rekke frivillige organisasjonar har lokal historie og identitet som viktige arbeidsområde. Dei tek initiativ, har kunnskap og eit viktig engasjement for kulturminnevernet. Lokalt har me ei rekke organisasjonar som arbeider med formidling av lokal kulturarv. Bømlo tur- og sogelag er eigar og brukar av ei rekke bygningar på søre Bømlo, og har merka og skilta gamle ferdslevegar. På Moster har Moster sogelag eige museum, medan Moster grenadautval har skilta ulike kulturminne som del av ei kulturløype.

Nasjonalt er det etablert fleire organisasjonar som gjer ein viktig innsats i arbeidet med kulturarva. Stiftinga Norsk kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd og inspirasjon, og deler ut kvalitetsmerket Olavsrosa. Fortidsminneforeningen er Europas eldste kulturvernorganisasjon, og er både eigar av

kulturminne og pådrivar for offentleg og privat vernearbeid. Dei eig Moster gamle kyrkje. Kulturvernforbundet er ein nasjonal paraplyorganisasjon som arbeider for å betra vilkåra for det frivillige kulturvernet. Landslaget for lokalhistorie og Forbundet kysten er andre landsorganisasjonar med lokallag som er viktige aktørar i arbeidet med å formidla og forvalta kulturarva.

### 1.5.3. Musea

Sunnhordland Museum er regionalt ansvarsmuseum for alle dei åtte kommunane i Sunnhordland (Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes).

Museet dokumenterer regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forsking og formidling. Museet skal fremja interesse for kunnskap om fortida, og stimulera både innbyggjarar og besøkande si interesse for regionhistoria. Sunnhordland museum forvaltar nær 50 antikvariske bygningar, og har administrasjonslokale i Leirvik på Stord. Museet forvaltar eigedomar i fleire av kommunane i regionen, men har ikkje avdeling på Bømlo.



Museet tilbyr òg rådgivingstenester for innbyggjarane i regionen innan bygningsvern, samlingsdrift, formidling og bevaring. Bygningsvernkonserulen i Sunnhordland, som har kontorstad på museet, er dels tilsett ved museet og dels i fylkeskommunen, og bidrar med kompetanse både overfor kommunane og private eigarar av verneverdige bygningar.

*Bygningsvernkonserulen Bjørn Arve Lunde granskar konstruksjonen i den gamle tømmerstova til Sigurd Heiberg på Andal under ei synfaring. Stova er truleg ei av dei eldste på Bømlo, og er svært godt bevart.*

### 1.5.4. Fylkeskommunen

Fylkeskommunen er forvalningsstyremakt med myndighet etter kulturminnelova, og tek i vare ei rekke statlege og regionale oppgåver innafor kulturminnevernet. I samband med regionreforma er oppgåver overført frå Riksantikvaren til Fylkeskonservatorene.

Regional politikk er at omsynet til kulturminna skal sikrast gjennom all lokal og regional utvikling og arealplanlegging. Fylkeskommunen skal òg vere ein viktig utviklingsaktør innan kulturminnevernet.

Fylkeskommunen gjev fråsegn til tiltak og planar som rører ved kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi, og har ansvar for å gjennomføre arkeologiske registreringar i plansaker<sup>2</sup>.

Frå 01.01.2020 er Vestland fylkeskommune forvaltingsmynde for freda kulturminne frå nyare tid og utarbeider nye fredingsforslag. Fylkeskommunen har fleire tilskotsordningar knytt til kulturminnevern. Fylkeskommunen gjev generell rettleiing og kan òg gje råd i einskildsaker om riving, vedlikehald eller ombygging av verneverdige bygningar.

<sup>2</sup> [www.hfk.no](http://www.hfk.no)

### 1.5.5. Statleg mynde og ansvar

Klima- og miljødepartementet har hovudansvar for utforming og oppfølging av den nasjonale kulturminnepolitikken. Departementet tar endeleg avgjerd i plansaker ved motsegner. I tillegg har dei mynde til å gjere endringar i kommuneplanens arealdel i tilfelle der nasjonale interesser er sett til side.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og har ansvar for gjennomføring av den statlege kulturminnepolitikken, og har utarbeidd fleire strategiar for arbeidet. I samband med regionreforma, er ein del forvaltningsområde overførte til fylkeskommunalt nivå.

Ein av strategiane handlar om framtidige fredingar med ti prioriterte tema. Bakgrunnen er at Stortinget har pålagt Riksantikvaren å sikra at eit meir representativt utval av kulturminne frå heile landet blir freda. Ei følgje av fredingsstrategien er at kommunane sitt ansvar for å ivareta det som er lokalt viktig, blir styrka. Dei nasjonale måla nr det gjeld freda bygningar er:

- Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og farty skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Riksantikvaren har utarbeidd ein strategi for arbeid med kulturarv i kommunane. Her er dei nasjonale forventningane og tilrådingane til kommunane i arbeidet med kulturarv og kulturminnevern. Arbeidet med kulturminneplanar i kommunane er del av denne strategien.

### 1.5.6. Lovverk: Plan- og bygningslova og kulturminnelova

Følgjande lover er styrande for kulturminne:

- LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminner (kulturminnelova)
- LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

#### Kulturminnelova

Kulturminnelova blir forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå, og av fylkeskommunar, Sameting, arkeologiske landsdelsmuseum og sjøfartsmuseum på regionalt nivå. Det finst eigne forskrifter som gjer greie for ansvar og mynde for kvar av desse instansane. Alle kulturminne som er eldre enn 1537, og ståande byggverk frå før 1650, er automatisk freda gjennom kulturminnelova. Nyare kulturminne kan fredast gjennom einskildvedtak. På landsbasis er berre i overkant av 1 prosent av alle bygningar frå før 1900 freda gjennom einskildvedtak.

#### Plan- og bygningslova

Kommunane har ansvar for den lokale kulturminneforvaltninga gjennom handheving av Plan- og bygningslova (Pbl), § 20-1. Svært mange kulturminne er ikkje beskytta av kulturminnelova, og må takast hand om lokalt. Gjennom handheving av Plan- og bygningslova kan kommunane bidra til å gje særleg verdifulle kulturminne spesielt vern. Det viktigaste verkemiddelet her er «Omsynssonar for kulturminne», med generelle føresegner og eigne retningsliner.

## 2. del: Kunnskapsgrunnlaget

### 2.1. Kulturminne og kulturmiljø i historisk og tematisk samanheng

Denne delen av planen tek for seg ulike kategoriar av kulturminne og kulturmiljø frå heile kommunen, sett inn i ein historisk samanheng. Dette er kunnskapsgrunnlaget som utvalet av kulturminne i planen har som utgangspunkt. Ulike kulturminnetypar og bygningstypar er omtala, med døme frå Bømlo. Kulturminna som er omtala fell langt på veg saman med dei som er peika ut som verna eller verneverdige, men andre kulturminne er òg omtala.

#### 2.1.1. Prioriterte tema

Det er eit mål at planen skal dekkja heile breidda av historia både geografisk, tematisk, sosialt og kulturelt. I planen er nokre tema som er spesielle for Bømlo, eller som har prega historia vår i særleg grad, likevel prioriterte:

- Geologi – bergverk og gruveverksemd gjennom 10 000 år
- Handelsstadene
- Kyrkjhistoria på Moster
- Fiskarbonden og fiskerihistoria

Kommunikasjon på sjø og land, religion og organisasjonsliv, Nordsjøtrafikken under 2. verdskrigen, mekanisk industri, rederi og gründerånd, og viktige einskildpersonar som Kenneth Sivertsen er andre tema det er naturleg å trekka fram i planen, i den grad dei har sett spor etter seg i form av fysiske, jordfaste kulturminne.

### 2.2. Historisk oversyn av Brynjar Stautland

«For å kunne løfte fram det typiske når det gjeld faste kulturminne i Bømlo, er det relevant å sjå kva som i grove trekk definerer vår kulturhistorie. Bømlo har sjølv sagt svært mange fellestrekks med andre kystkommunar, men har også eigenart og særtrekk som må påverke samansetjinga av ein kulturminneplan. Det følgjande er eit forsøk på å gje eit slikt bilet.

Øyriket Bømlo mellom Selbjørnsfjorden i nord og Sletta i sør, havet i vest og Hardangerfjorden i aust er omlag 250 km<sup>2</sup>, tél rundt 1000 små og store øyar og hadde i 2019 omlag 12.000 innbuarar. Og sjølv sagt har sjøen, fisket og fiskarbondens virke vore karakteristisk for Bømlo opp gjennom historia. Spesielt er likevel dei periodevisse bergverkstradisjonane på ein usedvanleg variert geologi, samt utfordingane og føremunene det innebér å vera eit øyrike mellom fjorden inn i landet og havet ut i verda.

Dei naturlege føresetnadane og avstanden til sentra har gjort sitt til at bömlingane har vore vande med å klara seg sjølv. Dei eldste spora etter menneske i øyane våre er 11.200 år gamle, og pionerane som sette fot i land her den gong kunne sjå den høge brefronten som kalva lenger inne i Bømlafjorden. Spora etter dei aller første sjøfarande fangstfolka er i hovudsak flintavslag og kólrestar på leirplasser. Den naudsynte bergarten flint viste seg raskt å vera svært sjeldan langs denne elles så mat-rike kysten, og sidan flint var tungt å frakte måtte lokale bergarter finnast for å gje levegrunnlag. Øksesteinen på Hespriholmen og pilspiss-steinen på Siggiøya skulle snart gjera Bømlo til sjølve råstoffkjelda for steinalderkulturen på Sørvestlandet. Hespriholmens bergverkstradisjon gjennom seks tusen år gjer den til eit kulturminne utan sidestykke i Europa og truleg vidare med. Pilspissane av ryolitt frå Siggiøya er fullt på høgde

med flinten når det gjeld kvalitet. Lokalt er her rikeleg med spor frå denne tida, 20-30 meter over dagens havnivå finnест spor etter pionerfolket i dei aller fleste sørvende vikar på Bømlo.

Jernalderkulturen er enno synleg i landskapet vårt, med sine mange gravhaugar (kystrøyser) td. på Fylkesnes, Meling, Børøyfjorden og Rolvsnes. Desse kan også ha hatt funksjon som navigasjonsmerker. På Moster, Røyksund, Habbastad og Langevåg står også bautasteinar att frå denne tida. Landskapet endra seg elles gradvis i overgangen frå yngre steinalder til bronsealder og jernalder i og med eit aukande husdyrhald, spesielt sau. Ung lyng er næringsrik vinteren gjennom, men treng vørdsling. Kystlyngheiene som td. rundt Vika er eit typisk resultat av brenning og vedvarande sauebeiting gjennom mange tusen år.

Under ei arkeologisk utgraving i Sætrevika i 1931 vart det funne ei bronsespenne og ein beinkam med inskripsjonen *hal mar mauna, alu nana alu nana*. Kammen er datert til ca år 550, dvs slutten av den dramatiske folkevandringstida, og runetekstmeldinga er tolka som ei hylling til kvinne Nana. Dette er det første personnamnet me kjenner frå Bømlo. Ikkje langt frå Sætre og Vika ligg det karakteristiske Bergesfjellet og garden Berge. På toppen av det verharde fjellet er det funne handkvernsteinar, vevlodd, eit sjeldant kornslag og det som kan ha vore ei kiste. Funna og fjellet er ikkje undersøkt av arkeologar, men det er spekulert på om fjellet kan ha vore ei bygdeborg.



Området rundt Bergesfjellet har spor etter menneskeleg aktivitet gjennom ein lang tidsperiode.

Med gode hamner og det 463 meter høge og vulkanforma Siggjo som seglingsmerke, vart Bømlo og Moster arena for fleire hendingar av vesentleg nasjonal verdi rundt år 1000. Grunnsteinar for leidang, kristen tru og lovssystem har røter hit i denne brytingstida, og Moster gml. kyrkje frå slutten av 1000-talet er etter mykje å døma eit av dei eldste bygga i landet. Kalkbrenning av marmor vart introdusert for bömlingane då kyrkja vart bygd, og bruk av marmor til kalk eller byggestein vart deretter ei viktig næring på Moster i mest 1000 år. Frå slutten av 1000-talet til år 1140 forsynte elles Lykling dei nye middelalderkyrkjene i Bergen med store mengder kleberstein.

Ein viss handel mellom bömlingar, skottar og shetlendarar fann stad her frå slutten av 1500-talet. I Børøyno hadde handelskipa fast lending for handel med trelast, tjøre, tønnevirke, båtbord og véd i byte mot varer som td. tøy, malt, sukker og tobakk. Skottehandelen hadde likevel ikkje same omfang her som i Sveio, Stord og Tysnes. Årsaka kan vera mangelen på elvar i skogrike område med tilstrekkeleg vassføring til å drive ei oppgongssag. Men ikkje langt frå Børøy, på Sagneset i Tjongspollen stod det ei oppgongssag alt tidleg på 1600-talet, kanskje før. Utetter 1600-talet utvikla det seg imidlertid ein annan utanlandshandel på Bømlo, og då med hummar frå Espevær til europeiske

festbord via hollandske oppkjøparar. Mest 200 år seinare (1887) vart hummarparken bygd av Chr. Bjelland som då dreiv denne handelen med kontinentet.

Frå 1540 står det elles eit spesielt bygg i Ytre Håvik. Den lange, grå løa kan sjå beskjeden ut på utsida, men innvendig er grindkonstruksjonen imponerande. Bygget er restaurert og freda av Riksantikvaren. På Vorland står eit anna av dei eldste og freda husa i kommunen. Bømlo gamle kyrkje er bygd i 1621, dvs. eit knapt hundreår etter reformasjonen og like før opplysningstida (1650-1800). Opplysningstida skulle elles få markante representantar på Bømlo. Tre generasjoner av den usedvanlege Herzbergfamilien hadde sitt sete på Finnås prestegard frå 1740, og utgjorde i seg sjølv eit kultursentrum i denne perioden.

Bømlo vart nesten avskoga frå 1600- til 1800-talet, med unnatak av teigar mellom Setre og Siggjo og frå Våge og nordetter Børøymarka. Delvis skuldast dette tømmerhandel, men truleg mest som følge av øyfolkets eigen trong for både ved, tømmer, båtmateriale, fôr og beite. Trangen for trevyrke auka sjølv sagt då folketalet i Findaas Herad, dvs heile øya, steig frå 2000 til 4300 (144%) berre frå 1801 til 1865. Årsaka til folkeauken er samansett, men den nye koppevaksinen, introduksjonen av poteta og ikkje minst dei gode sildeåra i denne tida bidrog sterkt. Torv vart nytta som alternativ til ved frå denne tida og heilt fram til 1950- og 60-talet då elektrisiteten vart innført, og mange murar står enno att etter små lagerhus for torv i utmarkene. For å bøte på skogmangelen vart det drive omfattande treplanting i etterkrigstida, med treslag som kunne tåle tøffe verforhold. Sitkagran og buskfuru har seinare tapt seg i popularitet.

Bømlo og Espenvær låg midt i gyeområdet for silda i dei gode åra utetter 1800-talet. Både telegrafstasjonane på Espenvær og Finnås samt Kuleseid- og Røyksundkanalen vart i andre halvdel av 1850-talet utbygd som konsekvens av den viktige økonomien som var knytta til vårsildfisket.

Vårsildfisket i februar-april tok brått slutt i 1870 då silda ikkje kom til lands slik den pla. Då hadde den sett store spor i kulturen her som elles langs kysten, med saltebuer på omlag kvart nes, arbeid til både kvinner og menn, aukande folketal og handel. Samfunnet var bygd opp på og rundt sildefisket. Sundtahuset i Kalavåg er restaurert og står som eit flott døme på kombinert saltebu og losji, medan ein i Holmesjøen finn eit karakteristisk sjøhusmiljø med notahengja frå tida då fisket spelte ei større rolle for bømlingen enn idag. Heile Espenvær er bygd opp rundt fiskeri og ber i større grad enn andre deler av Bømlo preg av å vera eit fiskevær. Under vårsildfisket i 1849 viser nokre kjelder at det var samla 30 000 fiskarar på Espenvær. Talet synest å vera i drygaste laget, men uansett må losji- og hygienetilhøva ha vore svært dårlege med mange tusen tilreisande. Koleraepidemien som hadde kome til norskekysten frå Europa året før, fekk tak og drep hundre menneske i Finnås prestegjeld i løpet av tre veker. Eigne koleragravplassar finnест frå denne tida på Espenvær, Langevåg, Erevik, Moster og Sørstabø. På Espenvær står elles handels -og gjestgjevarstaden Baadehuset fint restaurert, bygd på 1850-talet på ein handelshusmur frå 1690. Baadehuset er eit av fleire gjestgjevarstader på Bømlo, og var del av eit nettverk av slike jamnt fordelt langs kystleia.

Det er mange samfunnsendringar som skjer frå midten av 1800-talet, på Bømlo som elles i landet. Karakteristiske symbol i skjergarden vår som fyrlykter, navigasjonsmerker og fortøyningsfester vart sett opp frå 1850 og utetter. Dette var gode hjelpemiddel for sjøfarande som så langt hadde navigert med varierande lokalkunnskap eller kanskje eit handteikna hollandsk kart. Slåtterøy fyr frå 1859 er freda av Riksantikvaren, og har etter elektrifiseringa i 1958 hatt det kraftigaste fyrlyset i landet.

Bømlo er steinrikt, og stein viser godt igjen som byggemateriale i faste kulturminner. Forseggjorte husmurar, steingardar og rydningsrøyser er det mange av i heile kommunen. I Holmesjøen og i søre Lyklingesjøen er det særmerkte steinnaust, og på Spissøy er det fine rydningsrøyser på garden til Trine Wiland og Erling Vangen. Når det gjeld steingardane er mange av dei frå ei storstilt utskifting som vart gjort på gardane etter jordskiftelova frå 1857, og mange vart bygde av tilreisande fiskarar som fekk kost og losji for steinarbeidet utanom fiskesesongane. Med utskiftingane forsvann klyngetuna i kommunen, med unnatak av på Tjong der fleire av dei gamle husa ennå står og vitnar om butilhøve på 17- og 1800-talet. Her er óg ein usedvanleg stor jordkjellar som det elles finnест mange av på Bømlo, bygd som potetlager då dyrking av denne vart vanleg på tidleg 1800-tal. Tufter, stemmer og kvernsteinar finnест elles mange stader, m.a. ligg det mange kvernsteinar i Stokkabekken på Innvær. Når det elles gjeld Stein til byggemateriale er det óg lett å sjå spora etter helleproduksjonen som føregjekk bakom Bergesfjellet i to periodar på 1900-talet.

Frå siste halvdel av 1800-talet og til slutten av 1900-talet vart bedehusrørsla ei relativt sterkt både kraft og sensur i kulturen vår, og fleire av grunderane har kome frå dette miljøet. Fridtun bedehus på søre Bømlo skal vera det eldste

bedehuset her i landet, og er eitt av mellom 15 og 20 bedehus i kommunen på det meste. Til samanlikning har det berre vore tre frilyndte ungdomslag (Moster, Espenvær og Lykling) og to hus for desse på øya, Moster og Espenvær, fram til idrettshallane gjorde sitt inntog frå 1970-talet. I nokon grad hang framvoksteren av det religiøse lekemannslivet saman med nedsidene av steinarbeidskulturen som kom hit etter at sildefisket tok slutt i 1870. Kalkbrenning på Moster, gull på Lykling, kis midt på øya og og granitt i nordre luten utgjorde vesentlege innslag i næringsgrunnlaget i overgangen mellom 18'-og 1900-talet. På gullgruvene er det gjort eit godt arbeid med restaurering av stemmer, og stiane og området er godt brukt som turområde.

I førstninga var bergverksnæringa prega av tilreisande og rotlause sluskar. Men om alkohol og ulivnad var ein del av kulturen, får svenske sluskar óg æra for å ha lært ein ung Martinus Haldorsen å smi godt stål på 1860-talet. Og i hans smie er det at ein av dei aller første forbrenningsmotorane oppstår, i 1903, konstruert av Martinus sin 20 år gamle son Haldor. Den restaurerte Wichmannsmia er såleis eit sentralt og levande vitnemål frå det som har vore den største private arbeidsplassen i Bømlo gjennom storparten av 1900-talet.

Skulevesenet endra seg òg midt på 1800-talet. Med den nye skulelova av 1860 vart omgangsskulen i private heimar fasa ut til fordel for krinsinndeling og eigne skulehus for krinsar med meir enn 30 born. Det historie-rike og restaurerte Bertlahuset på Lykling var både skolestove og losji for omgangsskulelæraren, medan Katla skulehus frå 1898 vert ivareteke som Bømlos skolemuseum.

I 1869 vart nye Bremnes kyrkje bygd som avløsing for den då to hundre år gamle kyrkja på Gåsland. Denne hadde avløyst ei stavkyrkje frå mellomalderen på same staden. Det var fleire framlegg til plassering av ei ny kyrkje i Finnås prestegjeld den gongen, mellom anna Rolvsnes og Vordnes. Plasseringa av denne kyrkja i 1869 har truleg medverka til at kommunesenteret etterkvart, og spesielt etter kommunesamslåinga i 1964, flytta seg frå Finnås til Svortland.

### **1900-talet.**

Kulturarenaen Moster Amfi er bygd i ei av gruvene etter marmor- og kalkindustrien som har sett tydlege spor i terrenget både rundt Mosterhamn, Grindheimsvågen, Televik og Notlandsvågen. Den store og restaurerte kalkomnen frå 1890 er den mest intakte i Sunnhordland, og ilag med Moster gamle kyrkje, Tollhagen, Karlsminde, Moster Amfi og tingstaden er dette eit område som ber på usedvanleg mykje kulturhistorie.

Sunnhordland og Bømlo vart seint elektrifisert samanlikna med resten av landet. Torv vart nytta som alternativ til ved frå denne tida og heilt fram til elektrisiteten blei innført på 1950- og 60-talet. Haldor Haldorsen i Rubbestadneset var ei avgjerande og drivande kraft i arbeidet med utbygginga av Blådalsvassdraget med kraftstasjon i Matre og linjer over til øyane i Sunnhordland frå 1946. I 1960 forsynte Finnås Kraftlag alle husstandane i Bømlo med elektrisitet produsert av regn og smeltevatn frå Folgefonna. Elektrisiteten endra levekåra for folket her vesentleg, slik som elles i landet.

I etterkrigstida har her sjølvsgått vore ei rivande utvikling. Fiskarbøndene vart færre, og mange kvinnearbeidsplasser i fiskeindustrien styrkte grunnlaget for service- og handelstilbod. Ungdomar fekk sjå verdas hamnebyar som mannskap på skip i langfart. Dei tre herada Moster, Bømlo og Bremnes vart slegne saman til ein kommune i 1963. Mekanisk industri, hermetikkfabrikkar, elektronikkprodusentar samt olje-, frakt- og oppdrettsrelaterte rederi har sysselsett stadig fleire. Eidesvikrederiets gradvise overgang frå fiskeri til oljeservice i perioden 1970 til 1990, kan karakterisere skiftet i næringsgrunnlaget for heile kommunen. Det private museet i Eidesvik rommar elles mye av fiskerihistoria på søra Bømlo.

Ei hovudnæringer i Bømlo idag er sjølvsgått oppdrettsnæringa. Olav og Bjarne Svendsen i høvesvis Kvednavikjo og Melingsvågen var to av pionerane i næringa alt på 1950-talet, og det er framleis murar og vister igjen i både Andarevågen og Sæverudspollen etter den spede starten for denne viktige matindustrien for Bømlo, landet og verda.


Idretts- og kulturlivet har også utvikla seg etter at den strengaste pietismen gav etter i siste del av 1900-talet. Elles har trafikken i stor grad flytta seg frå sjø til land, og på 2000-talet er dei tydelegaste teikna på endring knytt til ei svært omfattande bru- og vegbygging. Men, det får bli neste kapittel av Kulturminneplanen.»

## **2.3. Kulturminne frå før reformasjonen/ Arkeologiske kulturminne**

Arkeologiske kulturminne er spor etter menneske som har levd i tidlegare tider. Utgraving og dokumentasjon utgjer hovudkjeldene til kunnskapen vår om og oppleving av fortidas samfunn. Kunnskapen frå desse kjeldene kan gjere oss betre i stand til å forstå oss sjølv, vår samtid og andre menneske og kulturar.

### **2.3.1. Forvaltning av arkeologiske kulturminne**


I kulturminnevernet er reformasjonen i 1537 eit viktig skilje. Alle faste kulturminne frå før reformasjonen i 1537, er automatisk freda. Forvaltninga av dei ligg såleis under Riksantikvaren og Fylkeskonservatoren, og er i liten grad overlaten til kommunen. Det er likevel viktig å ta med dei før-reformatoriske kulturminna i planen, for å få eit heilskapleg og historisk samanhengande oversyn over viktige kulturminne i kommunen.



Ein skil mellom faste og lause arkeologiske kulturminne. Faste kulturminne er til dømes rester etter buplassar, gravhaugar, kokegropar, stolpehol, holer og hellerar. Lause kulturminne er gjenstandar funne utan kjent kontekst eller ved ein arkeologisk utgraving. Eit arkeologisk kulturmiljø er eit område der kulturminna inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.

I Bømlo er det over 500 lokalitetar der det er funne arkeologiske kulturminne. Dette er i hovudsak spor etter busetnad, men lista omfattar òg gravrøyser og gravfelt, bautasteinar, skipsfunn, kokegropar, dyrkingsspor og kyrkjestader. Dei tidlege spora etter bergverksdrift er særmerkte for Bømlo. Ikkje alt er synleg eller lett attkjenneleg om ein ikkje veit kva ein skal leita etter. Noko er òg fjerna, og mange har uavklart vernestatus. Spora etter bergverksdrift på toppen av Siggjo og på Hespriholmen er mellom dei eldste kjende kulturminna i landet.

I det følgjande er nokre av dei viktigaste arkeologiske/før-reformatoriske kulturminna i Bømlo omtala nærmare. Ut over dette utvalet er det ikkje gjort noka prioritering av arkeologiske kulturminne, sidan alle er automatisk freda og ikkje blir forvalta på kommunenivå.



Arkeologiske kulturminne i Bømlo. Desse er automatisk freda. Kart: Riksantikvaren/Askeladden.  
Stor tettleik av kulturminne som er markert i kartet tyder ikkje nødvendigvis at det har vore meir aktivitet i området enn andre stader i tidlegare tider. Det kan òg vera eit teikn på aktivitet i nyare tid som har kravd undersøkingar, som har ført til funn ein elles ikkje ville ha gjort.

### 2.3.2. Status for automatisk freda kulturminne i Bømlo

Bømlo er ein av 16 kommunar som har vore med i eit prosjekt i regi av NIUK (Norsk institutt for kulturminneforskning), der målet har vore å skaffe oversikt over utviklinga med omsyn til tap og skade på automatisk freda kulturminne. Overvakainga av 244 kulturminne blei gjennomført i perioden 2001 – 2013. Resultata frå 2013 viser at ingen av dei registrerte kulturminna gjekk tapt i perioden, men åtte blei skada. Aktivitetar i samband med hus, hage og fritid var den viktigaste årsaka til skade på fornminne. I framtida vil truleg attgroing vera det største trugsmålet. Meir enn 80% av dei registrerte fornminna i Bømlo ligg i utmark<sup>3</sup>, og redusert beitetrykk gjer at mykje av denne utmarka er i ferd med å gro igjen.



Attgroing er eit trugsmål mot mange kulturminne, særleg dei som ligg i utmark. Her kryp braken inn over gravrøysene på Alvsvågneset.

### 2.3.3. Ryolitten på Siggjo



Ryolitt-brotet ligg nær toppen på Siggjo er datert til 4900 år før notid. Foto: Riksantikvaren

<sup>3</sup> Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Bømlo kommune, Hordaland 2013 av May-Liss Bøe Sollund, Norsk institutt for kulturminneforskning (NIUK).

I steinalderen blei bergarten ryolitt, som mellom anna finst på toppen av Siggjo, nytta til knivar og pilesissar. Steinbrotet ved tjørna nær toppen er framleis synleg, og i lyngen omkring ligg restane etter pilesissproduksjonen. Steinen vart spreidd langs kysten frå Lista opp til Trøndelag i perioden 6000 – 4500 f.kr<sup>4</sup>.

#### 2.3.4. Hespriholmen

Steinbrotet på Hespriholmen er eit unikt kulturminne som har vore i bruk gjennom ein periode på nesten 6000 år. Det har blitt kalla «verdas lengstvarande industriføretak». I den bratte fjellveggen på vestsida av holmen er det to store djupe holer, og fleire mindre. Steinbrotet rekk frå toppen av berget ned til eit tretti meter langt, flatt golv som ligg om lag seks meter over havoverflata. Her blei det teke ut øksemateriale i grønstein, som blei ført med båt inn til Sokkamyro på Langevåg. Grønsteinen er hard og tung, og let seg spalta og hogga til. Langs strendene på Bømlo og Espevær er det funne ei rekke buplassar frå steinalderen, der steinsmedane har arbeidd med grønstein frå Hespriholmen.<sup>5</sup> Grønsteinsøksene er dominerande artefakt i utgravingane av steinalderbuplasser frå steinalderen mellom Lista og Sognefjorden. Bømlo vart dermed råstoffssenteret for steinalderkulturen på Sørvestlandet i denne lange perioden.<sup>6</sup>



Grønsteinsbrotet på Hespriholmen, i nordlege delen av Espevær. Foto: Riksantikvaren.

#### 2.3.5. Sokkamyro

Sokkamyro på Langevåg er ikkje eit steinbrot, men ein verkstadbuplass for steinalderfolka som bearbeidde grønstein frå Hespriholmen. Sjøen stod litt høgare den gongen, slik at dei kunne padla inn heile Eidesdalen til livd og ly i Sokkamyro. Her vart grønsteinsemna forma til dei karakteristiske øksene som vart identitetsmerket for kulturen på Sørvestlandet gjennom mange tusen år.

Ein finn óg mykje ryolitt frå Siggjo ilag med restane etter grønsteinsøksproduksjonen som føregjekk frå 9500-4000 før vår tid. Dei gamle løyndomane i myra vart først oppdaga av grunneigaren Johan Vespestad på slutten av 1890-talet. Under arbeid i åkeren fann han fleire steinar som han forstod måtte vera bearbeidd av menneske, og tok dei med i ein kasse til Bergen Museum. Der vakte dei interesse hos den

<sup>4</sup> [www.steinriketbomlo.no](http://www.steinriketbomlo.no)

<sup>5</sup> Riksantikvaren/Askeladden,

<sup>6</sup> Sigmund Alsaker og Asle Bruen Olsen

nyutdanna arkeologen Haakon Shetelig, som deretter kom til Langevåg mest kvar sommar for å drive arkeologiske utgravingar i Sokkamyro. Sidan har Sokkamyro vore ein sentral lokalitet i det norske arkeologifaget.<sup>7</sup>

Hespriholmen og Sokkamyro er sentrale i Geopark Sunnhordland sin søknad om UNESCO-status.



Frå utgravinga av Sokkamyro. Foto: Bergen museum.



Grønsteinsøks. Foto: Brynjar Stautland.



Sokkamyro ligg mellom Langevåg bygdetun og Hillestveit skule. Spora etter verkstadarbeidet som gjekk føre seg her er skjult under torva.

### 2.3.6. Bautasteinar

Bautasteinar er minnesteinar frå førhistorisk tid, oftast frå jernalderen. Riksantikvaren har registrert bautasteinar tre stader på Bømlo. Ranasteinen ved Langevåg er vel to meter høg, og rett over bakken er

<sup>7</sup> Frå [steinriketbømlo.no](http://steinriketbømlo.no)

det eit hol gjennom steinen. Både denne og Kidlingasteinen på Øvre Skimmeland er datert til jernalderen. Bautasteinen på Steinshaugen på Habbastad har meir uviss datering.

### 2.3.7. Gravminne

Gravrøysene i Bømlo ligg oftaast på knausar heilt ute ved kysten. Dei fleste er utkasta og etter kvart overgrodd, slik at dei er vanskelege å oppdaga i terrenget. Det største gravfeltet som er registrert i Bømlo ligg på ei flate i beitemarka på Meling (gnr 101/8). Feltet inneheld minst 38 små, låge gravrøyser som så vidt kan anast under markoverflata. På Nese ved Øklandsvågen ligg eit mindre gravfelt med tre røyser og to haugar.

På Eikeland (11/16) ligg ei stor gravrøys som er 15 meter i tverrmål og har ei høgd på 1,5 meter. Denne er ei av fleire gravrøyser i området, og godt synleg i terrenget. Også på Notland har det vore ei stor gravrøys, med ein diameter på 11 meter. I eldre tid blei Stein frå røysa brukt til å byggje potekjellar, og nå er det berre denne som er synleg.

På Vardhaug ved Grindheimsvågen ligg ei anna større gravrøys, kring 12 m i diameter og i underkant av ein meter høg. Ho er bygd opp rundt ein knaus som stikk opp, av flat brotstein. I aust ligg to store heller. Røysa er nå svært utkasta og det er bygt ein varde (sjømerke) i midten rundt knausen som stikk fram. Kantane av røysa er overgrodde av mose, lyng og brake. Røysa syner svært godt att i Grindheimsområdet<sup>8</sup>. Det er òg ei stor røys på Tungeneset, som er lett å sjå frå sjøen.



Varden på Vardhaug ved Grindheimsvågen er bygt over ei gravrøys frå jernalderen.

<sup>8</sup> Kjelde: Riksantikvaren/Askeladden

### 2.3.8. Vardar og veterar

Sjømerke som krossar, veterar og vardar har vore viktige element i eit system for å kunna ta seg fram i den vestnorske skjergarden opp gjennom tidene. Vi finn ein heil del mindre vardar i Stein langs mange strekningar av norskekysten. Desse vardane er som regel plasserte på det høgaste punktet på øyar og holmar. Det er ikkje usannsynleg at dei fleste av desse vardane går attende til vikingtida i si noverande form<sup>9</sup>. Det er registrert vardar ei rekke stader i kommunen, men me veit ikkje kor gamle desse er. Mange er òg frå nyare tid. Losvarden ved Sørstabøvågen er døme på ei slik varde, som me ikkje kjenner alderen til.

Vardebrenning, opphavleg kalla vetebrenning, har vore brukt til varsling av krig og ulukker heilt opp mot 1700-talet. Vetane var ein del av det landvernet Håkon den gode skipa på 900-talet. Frå landsende til landsende kunne krigsbod gå på 7 dagar. Siggjo er registrert som ein del av denne varderekka<sup>10</sup>. Vetahaugen på Moster har vore nytta til same føremålet, slik namnet fortel. Steinkrossen på toppen er frå nyare tid og knytt til kyrkjehistoria.

På holmen Steinkrossen ved Erevik står ein varde som truleg har vore nytta som sjømerke. Alderen er ukjend. Kulturminnet er ikkje freda, men listeført av Riksantikvaren.

### 2.3.9. Klebersteinsbrotet på Lykling

På Lykling, bak nausttrekkja før vegen tek oppover mot gullgruvene, ligg eit klebersteinsbrot. Her vart det truleg først teke ut steinemne til urner og kokekar, søkkjer og lodd heilt frå yngre steinalders tid, men det er som kjelde for "kvaderstein" til middelalderkyrkjene i Bergen at Austavindhaugen på Lykling er mest kjend. «Kvader» er blokker på ca. 1×0,5 meter. Mostrakyrkja (ca. 1100) er den eldste bygningen ein finn kleberstein frå Lykling i.



I klebersteinsbrotet på Lykling blei det tatt ut Stein til bygging av mellom anna kyrkjer. Stein til Moster gamle kyrkje er henta herifrå. Det bølgjande landskapet framfor steinbrotet skjuler slagghaugar frå verksemda. Steinbrotet er automatisk freda.

I fjellveggen ved enden av den bølgjande enga kan vi sjå dei karakteristiske spora etter uttak av klebersteinsblokker til bygningsstein. Djupe renner vart hogde på sidene av blokkene som skulle takast ut. Restar etter slike renner – og hogge- og kilespor – er framleis synlege. Under enga på framsida av brotet ligg det skrotmassar frå drifta. Me kan rekna med at dette var eit av dei største brota i Hordaland på 1100-talet, i tillegg til Moster kyrkje blei det levert Stein til mellom anna Mariakirken, Domkirken, Korskirken og Nonneseter kloster i Bergen<sup>11</sup>.

<sup>9</sup> Kulturhistorisk leksikon, Hordaland fylkeskommune

<sup>10</sup> Grind.no

<sup>11</sup> Frå [www.lykling.com](http://www.lykling.com)

### 2.3.10. Kyrkjer

Moster gamle kyrkje og Bømlo gamle kyrkje er automatisk freda etter kulturminnelova, som ståande bygningar frå før 1650. Moster gamle kyrkje er òg frå før reformasjonen. I planen har ein likevel vald å omtala dei saman med andre kyrkjelege og religiøse kulturminne i kapittelet «Tru og kyrkje» under nyare tids kulturminne, for å setja dei inn i ein tematisk samanheng.

## 2.4. Nyare tids kulturminne (etter reformasjonen)

Som nyare tids kulturminne reknar me alle spor etter menneskeleg aktivitet i tida etter 1536. Dette femner om både bygningar og bygningsmiljø, men òg tekniske kulturminne, kulturlandskap, utmarksminne og party. Av desse er kulturminneplanen avgrensa til å gjelda jordfaste kulturminne. Fartøy er såleis ikkje med i planen.

Første del av omtalen gjeld nyare tids kulturminne fram til 1940. Krigsminne og kulturminne frå etterkrigstida er omtalte under eigne overskrifter. Det er gjort kort greie for historia knytt til dei ulike tema og kulturminna. Meir utfyllande kultursoge finn ein mellom anna i bygdeboka for Bømlo band VI, av Nils Kolle.

Utviklinga i Bømlo har følgt opp- og nedturar særleg i fisket, men etter kvart òg internasjonale svingingar i økonomien som har påverka industri og handel. Fiskeri og sjøbruk, busetnad og landbruk, og industriutvikling er så tett knytt saman at det er vanskeleg å skilja dei ulike tema frå einannan. Særleg heng busetnad og livberging både på sjø og land tett saman. Øysamfunnet Espesvær gjev eit godt bilet av dette samspelet og utviklinga heilt fram til våre dagar. Kari Shetelig Hovland gjev ei levande framstilling av levemåte og samfunnsutvikling i heftet «Utviklingen i Bømlo frå krigen til våre dager» frå 1996.

### 2.4.1. Fiskeri og sjøbruk

Sjøen har frå dei første menneska busette seg på Bømlo vore ferdsliveg og gitt livsgrunnlag. Tidleg på 1900-talet var det registrert rundt 1000 fiskarar i Bømlo, av eit totalt folketal på 5000. I planen er landbruk og sjøbruk delt inn i eigne kapittel, men for det som kanskje har vore den største yrkesgruppa i kystområda opp gjennom historia, fiskarbonden, har desse to næringsvegane – og bustaden – vore uløyseleg knytte saman. I offentlege statistikkar har nok mange av desse blitt registrerte som gardbrukarar, og såleis har ikkje den viktige rolla fisket har hatt kome klårt fram.

Ved å henta utkome frå både sjø og land var det lettare å klara seg enn om ein berre skulle utnytta ressursane den eine staden. Å bu fast på ein gard medan ein heldt fram med å jakta og sanka av det naturen gav, er ein levemåte som går langt tilbake i forhistoria.<sup>12</sup> Fiskarbøndene budde på gardar i bygder som låg nær sjøen, og båten var framkomstmiddlet mellom bygdene.<sup>13</sup> Mest alle gardane hadde sjørettar, også dei som låg langt frå sjøen eller nærmeste hamn, og gardsnausta finn me att i lune hamner langs heile kysten. I tillegg var det behov for andre slags hus knytt til bruk av sjøen: Sjøhus, sjøbuer og saltebuer, notahus og notahengje. Kombinerte sjøhus og bustader finn me og ein del døme på, særleg i dei største tettstadene som Mosterhamn og Langevåg. Aktivitet knytt til bruk av sjøen er òg utgangspunktet for ein stor del av industrien som er bygt opp på Bømlo. I dag (2018) er 156 personar på Bømlo registrert med fiske som hovudyrke, medan 20 er ført opp med fiske som bi-yrke i statistikken.

---


<sup>12</sup> [www.fiskarbonden.no](http://www.fiskarbonden.no)

<sup>13</sup> ...rygg mot rand, to i spenn... Haugaland og Sunnhordland, Informasjonsbok om natur, kultur og samfunn for Sunnhordland og Nord-Rogaland, Prosjektarbeid ved Høgskolen Stord/Haugesund 1997

#### 2.4.1.1 Kulturminna etter fiskarbonden

I band VI av bygdeboka, som fortel bygdehistoria frå rundt 1850 – 1945, nyttar Nils Kolle eit døme frå ei skifte registrering på Otterøyno i 1862, som syner kor viktig sjøbruket har vore i kystbygdene. Arnfinn Nilsen Otterøy var offisielt registrert som gardbrukar, men hadde likevel fem sjøhus på eigedomen sin: To naust, to notabuer og ein skjå. Han var òg eigar av fem båtar og eit stort utval av fiskereiskap. Til samanlikning var det registrert tre hus knytt til garden: bu, stabbur og fjos.

Dei fleste eldre nausta og sjøbuene me finn langs kysten i dag er eller har vore knytt til eit gardsbruk. Mange driv framleis fiske som attåtnæringer eller helst på hobbybasis på denne måten. Andre stader er naust og sjøtomter og skilde ut frå garden dei opphavleg hørde til, og den opphavlege samanhengen er ikkje lenger like openberr.



*Naustet var ein viktig bygning for fiskarbonden, og mange hadde både fleire naust og andre typar bygningar til sjøen. Til garden Sakseid ytre (121/1) hører naust både i Sakseidvågen og Sakseidpøyla. Nausta var gjerne sameige mellom fleire bruk.*

#### Gardsnaust og sjøbruksmiljø

Nesten i kvar einaste vik med nokolunde gode hamneforhold ligg det eitt eller fleire naust. Der gardane ikkje har hatt god hamn sjølv, har dei oftast båtfesterettar eller nausttomter på andre gardar. Naustet er



Sjøbu og sjøhus, Polden (67/1)

«båtgarasjen» til fiskarbonden. Dei fleste nausta er bygde i tørrmur med overbygg i tre, eller dei er grindbygde. Nokre har sval langs sida eller mot sjøen, men dette er ein sjeldan og utdøyande bygningstype. Oftast har det vore ei båtstø framfor naustet, der steinen er rydda og underlaget jamna ut, med lunnar i tre til å dra opp båten på og enkle murar langs sidene, som heldt lunnane på plass. Det finst mange døme på godt bevarte gardsnaust i Bømlo, men få stader der større miljø er tekne vare på i si opphavlege form. Sjøtomter og naust er attraktive, og mange stader er dei gamle nausta rivne for å gje plass til nyare naust eller rorbuer.



Dei eldste nausta i Holmesjøen ligg eit stykke inne på land, etter at det blei fylt ut i sjøen framfor dei på 1930-talet.



Sjøbruksmiljøet i Holmesjøen består av 14 eldre bygningar. Foto: Geir Einarsen

Holmesjøen er eitt av dei mest verdifulle sjøbruksmiljøa i kommunen, med ei rekke steinnaust, sjøhus, saltebu og nothengje. Steinnausta er dei eldste; dei var bygde i sjøkanten medan Holmesjøen var eit ope sund. I dag ligg dei godt inne på land, etter at det i 1937 blei bygt molo og fylt ut framfor nausta. Sjøhusa som står nærmest sjøen har kome til seinare. Ei stor bu med nothengje på andre sida av sundet er bygd rundt 1940. I søre enden står eit spesielt naust med sval mot sjøen. Sjøbruksmiljøet består i dag av 14 eldre bygningar og eitt nyare sjøhus. I samband med ei registrering av bygningsmiljøet i 1986 var det òg registrert ei notbu på vestsida av sundet, men denne er borte i dag.

Mange av sjøbruksmiljøa som tidlegare har vore registrerte og vurderte som verdifulle, er heilt eller delvis borte i dag. Eit døme er Totlandssjøen; her var 8 naust, sjøbuer og sjøhus registrert i Sefrak, men i dag står berre eitt av dei att. Andre stader er òg både miljøet og bygningane så mykje endra at dei ikkje lenger har dei kvalitetane som karakteriserer verdifulle kulturmiljø. Kulturminne ved sjøen har alltid vore særleg utsette for naturkreftene og forfall raskt dersom dei ikkje blir jamnleg vedlikehaldne. Det at merksemda om denne typen kulturminne tradisjonelt har vore låg i det nasjonale kulturminnevernet, har òg bidratt til at mange verdifulle kulturminne langs kysten er borte. I dag har dette snudd og vern av kystkulturen er eit prioritert område både nasjonalt og regionalt. Men for mange bygningstypar og miljø er situasjonen kritisk, og klimaendringane med aukande nedbør og kraftige uver gjer sitt til å setje fart i forfallet.

### Notahus og nothengje

Notahuset var til oppbevaring av nøter, medan «hengjo» var eit ope bygg til å tørka dei i. Etter at syntetiske nøter blei tekne i bruk var det ikkje lenger behov for desse bygningane, og i dag er dette sjeldne bygningstypar. Sjøhuset med nothengje i Holmesjøen skal vera bygt rundt 1940.

På Tunge står ei innebygd barkebu/nothengje med ein spesiell konstruksjon der nøtene heng i lengden. Bygget har heile 11 dører til å opna for å få lufta når nøtene skulle tørkast, og grindkonstruksjonen er forsterka for å tola kraftig gjennomtrekk.

Notahus har me fleire døme på, men mange er i forfall. I Kveldbarmen, Alvsvåg, står eit særprega bygg som er eit godt døme på den folkelege byggjesikken der behov og tilgang på materiale har vore styrande for utforminga av bygget.



Sjøbu med nothengje i Holmesjøen. Notabua til venstre er borte. Foto: Geir Einarsen.



*Notbua i Kveldbarmen, Alvsvåg, består av to bygg som er samanbygde med eit lite mellombygg. I den folkelege byggjeskikken har behov og tilgang på materiale har vore styrande for utforminga av bygningane. Med alle dei ulike overflatane framstår bygget likevel som ein harmonisk heilskap.*

#### 2.4.1.2. Andre bygningstypar langs kysten

##### Sjøhus og saltebuer

I samband med handel og sildefiske på 17- og 1800-talet blei det bygt ei rekke store sjøhus langs kysten. I åra mellom 1820 og 1860, då sildefisket var på topp, blei det bygd 30 store saltebuer i Espvær og 30 i vågane på søre Bømlo. Dei fleste tilhørde kjøpmenn i Bergen og Stavanger<sup>14</sup>. Det var vanleg at saltebuene hadde tre høgder, og eit vindeskur ut mot sjøen der ein kunne hiva opp tønner og fisk. Attmed huset var tønnelageret. Bak bua var det ofte ei ganestove, der ganejentene, dei som sløydde silda, budde. Dei store saltebuene er oftast bygde i bindingsverk. Berre få av desse står att i dag. Restar etter murane står att nokre stader, medan sjølve bygget blei flytta etter som silda og med den verksemda på land flytte seg til nye område i 1870. Då silda kom tilbake i 1880-åra greidde ein seg for det meste med dei saltebuene som sto att. Den store Bergensbu, som blei flytta til Strømstad i 1904, var av dei siste som blei rivne.

<sup>14</sup> Kjelde: digitaltmuseum.no

## Det store vårsildfisket

Åra mellom 1808 og 1870 blir kalla den store vårsildperioden. Ikkje noko fiskeri i heile Noregshistoria har vore i nærleiken av å ha like mange deltagarar som dette. På det meste tok over 50 000 personar del i fiskeriet, anten som fiskarar, transportørar eller som arbeidrarar ved salteria. Me veit at Haugesund, nærmast ut av ingen ting, voks fram til å bli ein livskraftig by rundt 1870. Dette skuldast det eventyrlege sildefisket i området.

Fangstane var eventyrlege, og fiskarane kunne tene store pengar. Dei beste åra blei det fiska rundt 800 000 tønner vårsild i dei hektisk vintervekene kor silda kom til land for å gyte. Bønder og bygdefolk tente godt på fisket, eller på å produsere tønner og anna utstyr til fiskarane. Inntektene frå fisket skapte etterspurnad etter mange varer. Det blei fart på handel og vareproduksjon i bygdene, og inntektene frå fisket skapte stor optimisme og investeringslyst på bygdene. Mange meinte at investeringane bar preg av spekulasjon og gambling, sidan ein ikkje kunne vite om silda kom i same mengde dei neste åra.

Vårsilda kjem inn til kysten for å gyte i januar. I perioden mellom 1808 og 1870 kom silda i uvanleg store mengder, etter å ha vore borte i tretti år. Innsida var uvanleg store og stabile. Hovudområdet for vårsildfisket strekte seg frå Skudeneshavn i sør til Brandasund i nord. Silda kom først til Skudeneshavn, for så å trekke nordover på begge sider av Karmøy. Deretter gjekk sildestimane, ofte jaga av spekkhoggarar og sei, forbi Feøy og Røvær og nordover Bømlafjorden til Tjernagel. Der snudde silda som regel og trakk sørover til Langevåg og Espvær. Det var i dette området silda sto lengst, opp til fleire veker, og det var her dei største fangstane blei tatt. Dei beste åra blei det fiska rundt 300 000 tønner i Finnås prestegjeld, som omfatta Bømlo og Sveio. Frå midten av 1850-åra trekte mykje av silda nordover til området rundt Kinn i Sunnfjord. Difor snakkar ein ofte om «Sørafeltet» og «Norafeltet.»

Fram til 1820 var fangstane små. Fiskarane var lite førebudd på dei store sildeinnsiga, og båtane og reiskapane var dårlege. Dei neste tiåra auka fangstane sterkt. Fram til 1820 blei det kvart år eksportert rundt 100 000 tønner vårsild. Deretter gjekk eksporten kraftig opp. I 1830-åra blei det årleg eksportert rundt 500 000 tønner. I 1846 kom eksporten over 700 000 tønner. Så gjekk det litt tilbake, men rundt 1860 nådde fisket toppen med ein årleg eksport på 800 000 tønner. Deretter gjekk det litt tilbake for å ta heilt slutt i 1870.

Utdrag frå artikkelen «Det store vårsildfisket på 1800-talet» av Sverre Halleraker.  
Heile artikkelen kan du lesa på [www.sverre-halleraker-lokalhistorie.no](http://www.sverre-halleraker-lokalhistorie.no).



Garnfiskarar i full sving med å trekke sildegarna utanfor Haugesund ein gong i slutten av 1860-åra. (Foto: Severin Malmin).

### Sundtahuset i Vespestadvågen



Sundtahuset er ei av få saltebuer på Bømlo som står att og er bevart meir eller mindre uendra få byggjeåret. Huset er bygt i bindingsverk og har ei grunnflate på rundt 350 m<sup>2</sup> i to etasjar, med vindehus på langsida og fire dører mot sjøen. Det blei bygt av stavangerfirmaet Ploug & Sundt i 1836. Det er to tømra stover og bokkarverkstad i bygningen, i tillegg til salterilokala. Losjiromma blei brukt til overnatting for ganejenter og fiskarar . Det kunne gjerne vera 20 – 30 ganejenter som jobba i kvar saltebu. Huset er restaurert av eigar og har svært høg verneverdi.

### Bustadhus til sjø/kombinerte sjøhus - strandsitjarar



Persahuset på Dørøy, Espvær; sjøhus med bustad i eine enden. T.h. Mikkelsbu, Rolvsnes.

Sjølv om kombinasjonen av jord- og sjøbruk har vore mest utbreidd, var det òg ein del personar som busette seg i dei viktigaste hamnene som strandsitjarar («husmenn utan jord») eller sjøleigande fiskarar og/eller handverkarar og kremmarar. Då var gjerne bustaden ein del av sjøhuset eller verkstaden. Særleg

på Espevær finst det mange slike kombinerte bygg, og øyriket har ein særprega byggeskikk der mange av bygningane har raudmåla underetasje med sjøhusfunksjonar, medan bustaden ovanpå er kvitmåla. Dette finn ein òg døme på i andre hamner i distriktet, men ikkje i same omfanget.

#### **2.4.1.3. Båtbygging og skipsfart**

Det har ikkje vore nokon omfattande tradisjon for båtbygging på Bømlo, til det har øyriket hatt for lite skog, men båtbygging har likevel vore ein viktig kunnskap. I dag er denne tradisjonen i liten grad dokumentert og formidla vidare.

I Spissøyhamn blei det bygd party i ein kortare periode, 1872 – 75, men det blei ikkje bygd meir enn tre skip. Det har òg vore fleire mindre båtbyggjarverkstader, mellom anna på Eikeland (11/9). På husmannsplassen i Baståsen mellom Sætre og Oldereid var bygging av færinger hovudnæringa tidleg på 1800-talet. Der var det trevyrke nok, og tuftene er lett synlege den dag i dag. På Gloadungsøyna mellom Rogøy og Goddo var òg bygging av færinger ei viktig inntektskjelde tidleg på 1900-talet. Sindre Nilsen eig det som truleg er den siste Gloadungsbåten i dag.<sup>15</sup>

Det vart elles bygd båtar på Espevær Mek på 1940-talet, og dei mekaniske verkstadene O. Halderaker Motorverksted (1918), Espevær Mek. og Bømmeløy Mek frå 1950-talet har vore viktige for både småskipslåten og lokalsamfunna.<sup>16</sup>



Båtbyggjarverkstaden på Eikeland. Bygget er frå rundt 1865. Innvendig står verkstaden slik han var då verksemda blei avslutta på 1940-talet.

#### **Johs. Østensen båtbyggeri**

Størst omfang har kanskje Johs. Østensen Båtbyggeri på Rolvsnes hatt. Det blei etablert i 1944, og her blei det bygt fleire typar båtar – i hovudsak små, kravellbygde fiskebåtar mellom 18 og 32 fot. Johannes Østensen var tidleg ute med å bruka denne teknikken til mindre bruksbåtar. Båtbyggeriet vart etablert i faren sitt naust ved sjøen i Fuglabekkmyra på Rolfsnes, og blei seinare bygt ut i fleire omgangar fram til 1972/79. Materiale til båtane fanst ikkje i nærmiljøet, og vart kjøpt inn frå Stord, Tysnes og Ulvik.

<sup>15</sup> Brynjar Stautland

<sup>16</sup> Brynjar Stautland

Rolvsnesbåtane finn ein i dag langs heile norskekysten. Båtbyggeriet blei nedlagt i 1989. Til saman blei det bygt rundt 800 Rolvsnesbåtar.<sup>17</sup> Verkstaden med den særmerkte fasaden står enno intakt, inkludert alle malar og verktøy.

### Ådnanes Treskipsbyggeri

Ådnanes Treskipsbyggeri starta i 1946 i Dalen på austsida av Ådnanes, og har sidan 1948 halde til i eigen verkstad med slipp (frå 1950) i Slottevika på vestsida av Ådnanes. Ei lang rekke båtar, særleg mindre fiskefarty, er utbetra eller ombygde her. På det meste var det seks mann i arbeid, og det blir framleis drive vøling og vedlikehald av trebåtar i verkstaden. Sjøhuset der dei starta opp verksemda står enno (115/1). Kjell Birger Sørnstabø har gitt ut bok om Ådnanes slipp (2014).

### Fraktfarten i Moster

Frå starten av 1900-talet vaks det fram eit stort fraktebåtmiljø på Moster, basert på ein stor auke i bryting og brenning av marmor til ymse kalk- og industriprodukt på Vestlandet. Mest kvar familie på Moster eigde ein, eller part i ein fraktebåt på 1960-talet, og mostringane rådde i denne perioden over den største fraktebåtflassen i landet. Den siste av dei tradisjonelle fraktebåtane, M/S Hans vart sold frå Moster på slutten av 1990-talet, og ligg no som husbåt på Themsen, men Aasen Shipping held fraktebåttradisjonen på Moster ved like med sin moderne bulkskipslåte. Boka «Fraktfarten i Moster», utgjeven av Moster Sogelag i 1998, gjev oversikt over heile 360 fartøy som har høyrd heime i Moster i løpet av 1900-talet.

Moster Sogelag har samla mykje av bygda si historie i gamlebutikken på Totland.

#### 2.4.1.4. Marine kulturminne

I Askeladden er det registrert 39 lokalitetar med kulturminne under vatn. 32 av desse er skipsfunn, dei fleste frå 18- og 1900-talet. Truleg ligg det langt fleire uregistrerte kulturminne, både skipsvrak og anna, langs den verharde kysten av Bømlo. Alle marine funn som er eldre enn 1537 er automatisk freda. Det same gjeld for skipsvrak som er eldre enn 100 år. Ut over dei som er automatisk freda er det ikkje gjort noka lokal prioritering i kulturminneplanen.

**Foldrøyskipet** er eit skipsvrak frå mellomalderen som blei funne sommaren 1958 utanfor dampskipskaien i Foldrøyhamn. Skipet var delvis bevart i sanden på sjøbotnen, og det blei funne kjøl, spant og hudbord. I 1965 blei vrakrestane fjerna etter at eit farty hadde støytt borti vraket. Det har likevel vore mogleg å måla opp og granska vrakrestane. Dimensjonane viste at det var snakk om eit relativt stort skip på 20 – 22 meter. Truleg kan skipet daterast til 1400-talet.<sup>18</sup> Det blei òg funne delar av ein bronsekjele saman med vrakrestane. Denne liknar kjelar som var vanlege i mellomalderen.

I artikkelen «Eit riss av historia i Foldrøyhamn» skriv Sissel Høisæter at *ut frå desse opplysningane kombinert med dateringa kan ein bli freista til å spekulera på om ulukka som førte til at skipet sokk i Foldrøyhamn kan vera den største av alle ulukker i dei aktuelle hundreåra, Svartedauden.*



#### Prioriterte kulturminne, sjøbruksmiljø:

Naust: Holmesjøen (42/fleire bnr), Naust i Juskevikjo (38/1), Kjerkalevikjo (138/1), Nordtun (104/2,3), Geitung (132/fleire bnr), Innvær (86/3), Kveldbarmen (110/221), Sundtahuset (47/3) m.fl.

<sup>17</sup> Sindre Nilsen: Soga om Johs. Østensen Båtbyggeri

<sup>18</sup> Kjelde: Askeladden

## 2.4.2. Handels- og gjestgjevarstader

Viktige samfunnsfunksjonar som kyrkjer, prestegardar, handelsstader og embetsmannsgardar blei i historisk tid plasserte langs leia, og dette prega landskapet i bygdene dei vart lagde i. Langs leia mellom Haugesund og Bergen låg dei med jamne mellomrom. I 1702 fekk Bergen nye byprivilegier og byborgarane fekk etablere handelsstader ute i distriktet, først og fremst i kyststroka der det vart drive handel og tilverknad av sild og annan fisk. I Bømlo vaks det fram mange småsamfunn rundt handels- og gjestgjevarstadene.<sup>19</sup>

Via Bergen kom kulturelle impulsar frå Europa til desse stadene, som mange stader har eit preg av bykultur og bergensk byggjeskikk<sup>20</sup>. Bygningane på handelsstaden Hiskholmen er eit godt døme på dette. Når byborgarane tok med seg familiene sine og flytta "på landet", ønska dei å behalde den standarden og komforten i husa som dei hadde hatt i byane. Mange handelsmenn bygde derfor hus som var like dei som dei hadde hatt i by'dn, andre igjen tok endå med seg huset sitt når dei flytta.

Frå 1842 var det ikkje lenger nødvendig å ha borgarbrev for å drive handel, og no kom det fleire lokale kremmarar til. Grunna godt fiske og Bømlo sin sentrale plassering, vart det etterkvar landhandlar på "kvart eit skjer". I 1906 var det heile 33 handelsmenn i kommunen. I dag er mesteparten av dei gamle handelshusa borte, men Bømlo har framleis mange handelsstader der mykje av dei gamle miljøa er bevart. Kristine Sele si bok «Meir enn sirup – om handel og vandel på Bømlo» gjev eit fyldig bilet av historia til alle dei tidlegare handelsstadene i kommunen. Her vil me omtala nokre av dei som er mest intakte.

Av dei 25 stadene som er omtala i heftet «Gamle handels- og gjestgiversteder på Vestlandet», del 1 ytre Hordaland (1973), ligg heile 8 i Bømlo kommune: Espenvær, Mosterhamn, Spissøy, Hiskjo, Foldrøyhamn, Sønstabøvågen, Øklandsvåg og Brandasund. Av desse er miljøa på Spissøy og i Øklandsvågen mykje endra, medan dei andre i stor grad er bevarte, og er prioriterte i kulturminneplanen. I tillegg er Vorneset, som har eit komplett miljø med godt bevarte bygningar frå 18- og 1900-talet, tatt med.

### 2.4.2.1. Espenvær



<sup>19</sup> Fraktefarten i Moster (Moster sogelag 1998)

<sup>20</sup> Rapport: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland (Riksantikvaren 2016)

Rett over sundet frå Vespestadvågen, ut mot havet på vestsida av Bømlo, ligg Espevær. I likskap med resten av Bømlo har Espevær spor etter busetnad langt tilbake i tid. 1725 fekk Jon Torkelsen kongeleg privilegiebrev på å driva handel og gjestgjevarstad i Espevær. Når vårsildfisket var slutt for sesongen, kom hollendarane på hamna i Espevær og lasta inn levande hummar. Denne eldste handelsplassen i Espevær låg i bukta Okjen, i den såkalla Biekronå.<sup>21</sup> I dag er det bygningar og infrastruktur som blei bygt opp i samband med det rike sildefisket i 1850-åra som pregar lokalsamfunnet.

Det er fiskarane, skipperane og handelsmennene sin aktivitet som har danna samfunnet på Espevær, med god kontakt sørover mot Haugesund og over Nordsjøen. I løpet av 1800-talet blei det bygt 38 saltebuer på Espevær, og det gode fisket varte i 50 år. Men frå 1870 var silda borte, og det blei dårligare kår for folket på øyane. Dei fleste saltebuene blei rivne og flytta. Mange av grunnmurane kan ein framleis sjå. Etter kvart fann folk nye måtar å livberga seg, og rundt århundreskiftet fekk Espevær eit nytt oppsving. Det var knytt til makrelldorgingen på bankane i Nordsjøen frå 1887 – 1914, og var ei god erstatning då silda blei borte, og det blei kjøpt inn heile 35 sluppar til Espevær frå England til dette fisket. I tillegg var det eit svært godt torskefiske utanfor Hiskjo og Espevær frå 1872 til ca 1900.<sup>22</sup>

Det blei drive handel heile fem stader. To av dei var større handelshus. Det blei òg bygt tønnefabrikk, saltlager, bakeri og staselege bustadhus<sup>23</sup>. I tillegg til fisket hadde dei fleste ein jordlapp, ei ku og nokre sauer. Det var òg mange strandsitjarar – husmenn utan jord – på Espevær.

Også i mellomkrigstida var Espevær i vekst, og det blei bygt mange nye hus frå 20-talet og fram til 2. verdskriga. I jobbetida var det fleire som blei fort rike, men som òg gjekk over ende. Etter krigen heldt bygginga fram, det kom nytt skulehus og 1950-talet blei nok ei blømingstid. Ein storbrann i 1950 la fleire av husa langs sundet i ruinar, men det blei bygt nye, store hus med full kjellar og loft. I løpet av tiåret slutta gardsdrifta av på dei fleste brukarar. I staden kom det nye arbeidsplassar innan fiskeforedling og maritim industri.

I dag er Espevær framleis eit levande og særprega lokalsamfunn, med mange attraksjonar for besökande. Eitt handelshus held framleis stand. Forutan dei historiske besøksmåla som hummarraparken og Baadehuset, gjev den sjølvbetjente kabelferja frå 1978 og UFO-ringen, som blei oppdaga i 1975, spennande opplevingar. Den 40 år gamle kabelferja må kunna seiast å vera eit kulturminne, men om UFO-ringen er det same, eller snarare ein naturattraksjon, er det ingen som kan svara på.

## Baadehuset

I 1849 kjøpte Hans Jacob Baade frå Stavanger Kjeholmane. Han fylte ut mellom holmane, slik at det vart ein stor holme; Baadeholmen. Han sette opp saltebuer og bygde eit nytt stort handelshus på murane frå det gamle steinnaustet frå 1690-åra. Baadehuset vart eit administrasjonssentrum under det rike sildefisket på midten av 1800-talet, og fungerte som både skjenkestove og hospits. Her vart det telegrafstasjon alt i 1857, sidan Espevær låg så sentralt i vårsildfeltet. I 1891 kom det telefon med betjent sentralbord. Då blei telegrafstasjonen nedlagt.<sup>24</sup> I Baadehuset låg doktorsalen, sjefssalen og dommarsalen på rekkje, og på loftet var det losji for fiskarar som låg «flologde» på golvet i dei store sildeperiodane<sup>25</sup>. I tillegg var det fleire bygningar rundt, som er borte i dg. I den travlaste perioden var det opp mot 100 tilsette her – bakarar, tenestejenter, telegrafistinne og arbeidarar i saltebuene.

Kjellarmuren er dei originale frå 1690, medan resten av huset er bygt i 1850-åra. Det er bygt i utmura bindingsverk, som er ein sjeldan byggjeteknikk i vårt distrikt. På 1970-talet sto huset til forfalls, men husmorlaget på Espevær starta restaureringsarbeid, og i 1981 var arbeidet ferdig. Huset har ei stor samling av maritimt utstyr samt reiskaper til bruk heime og i jordbruksmuseet. Baades gamle kjøkken fungerer som matsal, og huset blir brukt som både museum og selskapslokale.

<sup>21</sup> Stiftelsen Baadehuset i innspel til kulturminneplanen

<sup>22</sup> Stiftelsen Hummerparken i innspel til kulturminneplanen

<sup>23</sup> Kari Shetelig Hovland: Utviklingen i Bømlo frå krigen til våre dager. 1996

<sup>24</sup> Stiftelsen Hummerparken i innspel til kulturminneplanen

<sup>25</sup> Frå Grind.no



Baadehuset (t.v.) på Store Kjeholmen er det eldste handelshuset på Espenvær. Murane er frå 1690.



Kabelferja er ein av dei mange attraksjonane på Espenvær, og eit særprega kulturminne frå nyare tid. Ho er konstruert ved Mæhles mekaniske verkstad på Baadeholmen. I 1978 vart ferja sett i drift over det 45 meter breie sundet mellom Baadeholmen og Garvika. Kabelferja har myntautomat og kostar 20 kr pr veg, og turen tek omlag to minutt. Ferja kan nyttast heile døgnet, og det er plass til fire personar ombord. Huset er eitt av fleire handelshus i øygruppa, bygt av Albert Gundersen i 1908. Foto: Geir Einarsen.

## Hummaparken

Heilt sidan 1600-talet var det eit stabilt og godt hummarfiske i distriktet, og hummaren var ein viktig eksportartikkel. Det var hollenderar som først kom med sine "hummarbussar"- brønnbåtar til Norge for å kjøpe hummar. Seinare kom engelskmennene og overtok handelsrettane. Dei stengde av ein poll, og der gjekk hummaren fritt til båtane kom for å hente dei. På slutten av 1800-tallet tok nordmennene til å konkurrere med utlendingane.

Christian Bjelland AS i Stavanger bygde hummaparken ved Svartesjøen på Espevær i 1887, og det er denne som står framleis. Dei sperra av to sund, og sette tak over. Parken er nær 1000 kvadratmeter stor, og etter påbygginga i 1933, gjekk det ca. 24000 humrar der på ein gong. Dei bygde tak tekka med bølgjeblekk over for at hummaren skulle få jamn temperatur heile året. Taket blei måla kvitt for å reflektera mest mogleg av sollyset. Humrane gjekk der heilt til marknaden var gunstig, og prisane høge, gjerne mot jul og påske. Då kom store brønnbåtar til Espevær for å henta god mat til rike folk i utlandet. Drifta blei avslutta i 1959.



Hummaparken på Espevær er freda. Her med skinande nytt tak etter restaureringa i 1994. Foto: Bjørn Arve Lunde

Den store takflata som går heilt ned til bakken er bore oppe av ei kompleks trekonstruksjon, og følgjer terrenget langs dei to sunda hummaparken dekker. Det spesielle rommet inne i bygningen har blitt skildra som «en katedral av stillhet, treverk, stein, vann, lys og mørke».<sup>26</sup> Hummaparken er eit monument over ei viktig næring på kysten som på mange måtar har levd i skuggen av til dømes sildefisket. Næringa var særleg utbreidd på Bømlo og i området rundt. Det har vore hummaparkar på andre øyer i Espevær, og på Skinnhueneset. Her finst murane att. Også i Fitjar og på Tysnes har det vore hummaparkar, men i mindre omfang. Den bevarte hummaparken på Espevær er difor eit eineståande kulturminne. I midten

<sup>26</sup> Helge Scheldrup: Hummerparken på Espevær, i Fortidsvern2/94

av 1950-åra vart det trappa ned på hummarfisket. Hummaren er i dag freda mellom 1. desember og 31. september<sup>27</sup>.

Etter rundt 40 år utan særleg vedlikehald var forfallet kome langt då husmorlaget på Espesvær i samarbeid med Fortidsminneforeningen tok initiativ til restaurering på 1990-talet. Hummaparken blei restaurert med utskifting av deler av konstruksjonen og ny bølgjeblekk i 1994. Det særmerkte byggverket har svært stor historisk og arkitektonisk verdi, og blei freda i samband med restaureringa. Riksantikvaren har rangert det blant dei 20 mest verneverdige kulturminna i landet. I 1994 fekk Hummaparken Europa Nostra Award Diplom og brонseplate for særskilt godt restaureringsarbeid takka vera arkitekt Helge Schelderup frå Stavanger, som leia arbeidet. Bronseplata heng ved inngangsdøra som bevis på prisen. I dag er parken eit levande museum med godt besøk frå inn- og utland.

Heile Espesvær framstår som eit heilskapleg kulturmiljø med høg verdi. Det er samanhengen mellom den historiske utviklinga og det bygnings- og lokalmiljøet som finst i dag, som er den viktigaste kulturmiljø-verdien, i tillegg til viktige einskildbygningar. Øygruppa er del av området på søra Bømlo som har status som kulturlandskap av nasjonal verdi.

#### Prioriterte kulturminne på Espesvær

Baadehuset og handelshuset på Stora Kjeholmen (46/199), Garvik 46/4, kabelferja, Persahuset (sjøhus med bustaddel, 46/55), verkstadbygg på Ådnesøya, hummaparken mm. Marine kulturminne i sundet mellom Dørøy og Ådnesøya (fortøyingsboltar frå 17-, 18- og 1900-talet). Miljøet som heilskap har høg verdi.

#### 2.4.2.2. Hiskholmen

Handelsstaden Hiskholmen ligg i skjergarden på vestsida av Bømlo, på den vesle øya Hiskholmen og vendt mot Hiskasundet. I tillegg til handel, blei det drive skjenke- og gjestgjevarverksem. Gjestgjevarstaden kan følgjast tilbake til 1600-talet. Frå den tid og opp gjennom 1800-talet var det den hanseatiske kjøpmannsslekta Olrich som eigde staden. Dei dreiv godt, og bygningane vitnar om stor velstand. Ein dundrande fallitt på slutten av århundret førte til at Hiskholmen gjekk ut av slekta, men handelen heldt fram til 1920. Bygningane er bevarte nesten utan endringar, og blei freda av Riksantikvaren i 1972.



Handelsstaden Hiskholmen med hovedhus frå 1700-talet i «bergenstil», med vinkellar og sjøhus, er freda. Hovedhuset er det einaste av handelshusa frå denne tida som ligg med gavlen mot sjøen. Sjøhuset var opphavleg tre gonger så stort (biletet under).

<sup>27</sup> [www.bomlo.kommune.no](http://www.bomlo.kommune.no)

Hiskholmen blei kalla «Kremmarhiskjo», og på andre sida av sundet blei det etter kvart etablert eit konkurranse handelshus, som på folkeunne gjekk under namnet «Bondehiskjo». Her blei det drive handel frå 1888 til 1968. Namna vitnar om sosiale skilje mellom dei to stadene.



Foto: Oscar Olsen. Frå Digitalt fortalt

Hovudhuset på Hiskholmen, frå første halvdel av 1700-talet, ligg med gavlen mot sjøen. Det er eit to etasjars tømmerhus med kvitmåla panel og småruta vindauge, av type eit karakteristisk bergensk byhus, og svært lite endra sidan byggjeåret. Framfor hovudhuset er ein liten inngjerda hage. Rett sør for hovudhuset ligg det som truleg var vinkjellaren, ein steinbygning halvvegs graven inn i bakken. Han er bygt i utmura bindingsverk, ein byggjeteknikk det finst få døme på i Sunnhordland. Heilt i sjøkanten, med langsida mot sjøen, ligg eit stort sjøhus bygt i 1880 i bindingsverk. Det er i to etasjar med raudmåla panel og ein vindeark. Forutan dei tre freda husa finst ei drengestove, (no verkstad/lager), ein større innmura hage og løe/fjøs på eigedomen. Tidlegare var her òg andre gardshus, og sjøhuset var på første del av 1900-talet, då det var salteri og røykeri her, tre gonger så langt som i dag<sup>28</sup>. Murane etter denne delen står enno. Deler av øya er tilvoksen med gran, medan ein del av kulturlandskapet blir halde ope ved beiting.

#### 2.4.2.3. Brandasund

På Gisøya, ved den vestre sida av Brandasundet, ligg den gamle privilegerte handels- og gjestgjevarstaden frå 1600-talet, med Nordsjøen som nærmeste nabo. I 1991 kom det veg over Bømlo ut til desse øyane, men gjennom tusen år har den gode hamna her lege sentralt i den ytre leia langs kysten. I den store sildefiskeperioden på 1700- og 1800-talet var Brandasund eit sentrum under sildefisket på Sørafeltet.



Brandasund. Foto: Geir Einarsen

<sup>28</sup> Frå Riksantikvaren sin kulturminnerapport om Hiskholmen

Brandasund har truleg fått namn etter ein av dei første byborgarane som fekk handelsløyve her, Jakob Brandt. I 1667 er første gongen vi hører om eit «kræmmersæde» i Brandasund. Eit eldre namn på staden er Gisøysund. Ved gjestgevarstaden var det også ein skyss-stasjon. «Skaffaren» budde i nærleiken og hadde som leveveg å føra folk frå det eine kremmarleiet til det neste.

Fiskehandelen her ute ved dette rike fiskefeltet går truleg langt tilbake i tid (jfr. Stadnamnet Torgjo på andre sida av sundet), men då det vart handelsstad med kongeleg privilegiebrev her, overtok kremmaren denne handelen. I 1723 heiter det: «Paa denne Pladz eller Øe er et Kræmersæde bevilget, som og er fornøden for Almuen der at sælge deris Fiske». Kremmaren dreiv salteri og bøkkarverksem i tillegg til fiskemottak. Enno er det eit tett bygningsmiljø her med hovudbygning frå tidleg på 1800-talet, «Mosesloftet» frå 1700-talet, drengestove, bakeri, bakarbustad, losjhuis, stabbur, skykkje, smie, butikk, fiske-/hermetikkfabrikk, naust, og litt lenger mot nord: to store sjøhus, kornbu og saltebu.<sup>29</sup> I det eine sjøhuset er reiskap og båtar frå Brandasund sitt tradisjonsrike maritime handels- og fiskarbondemiljø samla og presentert. Hermetikkfabrikken R. Waage & Søn blei etablert sist på 1800-talet, og var ein stor arbeidsplass i den perioden han var i drift (sjå omtale av hermetikkindustrien i punkt 2.4.10 Industri). I dag blir bygningen nytta til butikk og serveringsstad i sommarsesongen.

#### Skjeret Landhandel

«Nillo på Skjeret» – på den yngre landhandelen tvers over sundet – var i mange år ein institusjon i lokalsamfunnet.

Skjeret Landhandel i Brandasund framstår framleis som ei gamaldags krambod der ein kunne få tak i kva det skulle vera. Slik var det så lenge Pernille Waage, kjent som Nillo på Skjeret, dreiv butikken. I dag har sonen, Bjarne Waage, butikklokale rett ved sida av gamlebutikken som no fungerer meir som eit museum.

Pernille Waage (Nillo) og mannen Anton Waage kom til Skjeret i 1922. Dei kjøpte butikken i Brandasundet av Christian Dahl og Oluf Kalgraf, og det er denne som er kjent som Skjeret Landhandel i dag. Pernille hadde handelsbrev, og hadde arbeidd bak disken sidan ho var liten. Verksemda på Skjeret tok seg opp, og gamle fakturaer viser t.d. at i 1928 selde dei mellom fem og seks tonn sirup.

På 60-talet tok båtturistane til å oppdaga skjergardsperla i Fitjarøyene. Det utvikla seg sterkt utover i 70-åra når fritidsbåten vart meir vanleg. "Alle" måtte innom Nillo i løpet av sesongen. Ho var på plass seint og tidleg, og stod gjerne på kaien og tok imot kundane. "Det er ikkje ein ting du ikkje får på Skjeret", sa folk som hadde vore der ute. Nillo vart eit populært intervjuobjekt både for avis-, radio- og fjernsynsfolk. For sin livslange innsats for handelen og for å gjøre Brandasund kjent, fekk ho Kongens fortjenestemedalje i sølv den 21. november 1983. Den sette ho umåteleg stor pris på. I 1986 bygde Bjarne ny butikk på kaien, og ei stund etter flytta handelen over der. Den gamle krambua er likevel full av varer, og fungerer i dag som eit museum. Nillo var på plass så å seie dagleg, til like før ho døydde i 1992, 93 år gammal.

*Frå "Meir enn sirup" av Kristine Sele*

#### 2.4.2.4. Sønstabøvågen

I Sønstabøvågen kan det ha vore gjestgevarstad heilt sidan 1500-talet. Den første handelsmannen og gjestgjevaren som er dokumentert i vågen kom frå Austevoll i 1661. Frå 1677 finst det ei skriftleg klage frå gjestgjevaren over at folk på staden går han i næringa ved at dei driv med ulovleg sal av tobakk. Eit

<sup>29</sup> Grind.no


dokument frå 1707 seier at det har vore handel i Sønstabøvågen i over 40 år, då er me tilbake til 1660-talet.

Eit gammalt maleri, truleg frå 1860-talet, viser bygningsmiljøet ved handelsstaden: To store sjøhus - saltebuer og bøkkerverkstad (til produksjon av tønner), eitt mindre som m.a. hyste gjesterom for reisande, smie, bakeri, krambu. Overfor krambunga, oppe i bakken, ser me hovudhuset som framleis står. Eldste delen av huset skriv seg frå 1600-talet.

Til handelsstaden hørde og gardsbruk, og husbonden hadde mykje tenestefolk. I 1823 besto eigedomen av 20 hus. Bustadhuset var truleg det største i kommunen i si tid. Elles omfatta bygningsmassen krambu, drengestove, eldhus, ei saltebu, to sjøbuer, bøkkerverkstad, torvskur, fiskesjå, to naust og eit nothus. På garden var det fjos, to løer, eldhus, hestestall, to smalehus og eit sommarhus.<sup>30</sup> [Folketeljinga](#) i 1855 registrerte 55 menneske i Sønstabøvågen, fordelt på åtte hushald. I 1923 var det framleis stor aktivitet, og verksemda blei utvida med ein krabbefabrikk. Handelen i vågen vart innstilt i februar 1978<sup>31</sup>. I dag står hovudhuset, eitt stort sjøhus med butikk i 2. etasje, eldhus og fleire naust og sjøhus i vågen. Miljøet er godt bevart.

#### 2.4.2.5. Foldrøyhamn

Det er gjort funn på Foldrøy som tyder på at det har vore busetnad her heilt sidan steinalderen. Den gongen sto sjøen høgare og landskapet såg heilt annleis ut enn i dag. Det er også fleire kjende kulturminne som viser aktivitet i Foldrøyhamn i mellomalderen. Eitt av dei er kompassrosa i berget ovanfor hamna, eit anna «Foldrøyskipet» som er datert til 1400-talet (Sjå omtale under «marine kulturminne»). Hamna er godt sikra mot vind og har god djupne, og hadde perfekte oppankningsforhold for seglskutene. Den gode hamna gjorde at Foldrøyhamn tidleg blei sett på som ein nødvendig stad å søkje ly og losji, og har vore gjestgjevarstad sidan før 1615.



Historia til handels- og gjestgjevarstaden går minst tilbake til tida før 1615, men kan også vera eldre. Gjestgjevarhus med bolverk (fundament av trestokkar) er skildra i eit dokument frå 1696. Truleg er det deler av det same huset som står på staden i dag. Hovudbygninga er i 2 høgder med midtgang og store rom på kvar side av midtgangen, der det vestre har vore butikk. På nordsida av huset er det mindre rom som har vore lager, kammers og liknande. Trappa til andre høgd går opp frå midtgangen. Austre delen av huset står på bolverk, den vestre delen på grunnmur. Huset har lafta ytterveggar som er kledd med vestlandspannel. Taket er no tekt av moderne plater, men har truleg hatt teglpanner. Den austre delen av huset er truleg eldst, og kan vera så gammal som frå 1696. Vestre delen er yngre, men har avløyst ein endå eldre del.

<sup>30</sup> Kristine Sele: Meir enn sirup

<sup>31</sup> [www.bremneset.no/lokahlistorie](http://www.bremneset.no/lokahlistorie)

### Eit sentrum i seglskutetida

I stordomstida for seglskutene (1535 – 1850) låg dei fortøydde i sundet mellom Foldrøyholmen og Fyrklubben. Det står enno fortøyingsringar i berga med malte merke rundt. Kompassrosa i berget ovanfor handelsstaden er truleg òg frå denne tida.

Kompassrosa er ein sirkel med piler inni, som er hoggen inn i berget på Høgestølen ved Foldrøyhamn. Merket blei oppdaga i 1890-åra, og blei seinare grundig undersøkt og skildra av sivilingeniør Jon Anton Wikander, som del av ein studie av kompassroser langs Norskekysten. Nord er markert med ein trekant i kompassrosa, og dette er eit kjend symbol frå sjøkart frå sist på 1400-talet og 1500-talet. Retninga viser til det som var det magnetiske nord mellom 1450 og 1550. På grunnlag av dette reknar ein med at kompassrosa er laga på denne tida. Frå punktet der kompassrosa ligg, er det godt utsyn over leia mot Bergen.

Ei av skutene som sökte hamn i Foldrøyhamn, «Dronning Anna Sophia» frå Det danske ostindiske kompani, var i 1722 på veg frå København til India men kom ut for storm i Nordsjøen, mista masten og vart liggjande og driva utanfor Norskekysten. Sjølv om dei til slutt fekk landkjenning og los om bord alt ved Skudeneshavn, segla dei heilt til Foldrøyhamn for å finna ein stad å ankra opp – etter å ha vore i havsnaud i over to månader. Mannskapet skjenka då eit dåpsfat i sølv til Gamle Moster kyrkje.

Fleire historier frå Foldrøy fortel om stor aktivitet i denne tida. Mellom anna den om Ingeborg Olsdotter, som var utvist frå Bergen på grunn av «trøgleri», dvs tiggning, og heldt fram med verksemda då ho slo seg ned på Foldrøy. I 1650 blei ho tiltalt for å vera trollkone, og blei dømt som heks og brent på bålet på Horneland på Stord. Ei anna kvinne, Rebecca Katharina Lüneberg Köster, kom òg flyttande frå Bergen. Ho var dotter av ein tysk kjøpmann og gifta seg med gjestgjevaren i Foldrøyhamn i 1798. Her blei ho stammor til den store Foldrøyslekta, der mange etterkommarar er oppkalla etter henne.

Kristine Sele: Meir enn sirup

Under dei rike sildefiska midt på 1800-talet fekk staden eit oppsving, og det blei oppretta salteri. Det har òg vore tollstasjon, skysstasjon og fyrlykt her. Tollstasjonen låg på Foldrøyholmen, medan fyrlykta sto på Fyrklubben på sørsida av hamna. Både fyrlykta og fyrmeisterbustaden er flytta vekk derifrå, men deler av trappa som gjekk opp til fyret kan ein enno sjå.

Hovudbygninga og bakeriet står enno og er mellom dei eldste bygningane i kommunen. Den gamle kaien er skjult under ei nyare betongbrygge. Kaien er mura av stor naturstein, opphaveleg utan bindemiddel, men i den øvste høgdemeteren er kaimurane i dag spekka med cement. Frå innhuket på kaien skal det vera ei steintrapp opp til inngangsdøra på hovudbygninga<sup>32</sup>.

Foldrøy fekk skulehus i 1861, det stod til 1970 med alt det gamle inventaret intakt, då vart det rive og sett opp som fritidsbustad på Mækjbakken. I mellomkrigstida vart det etablert hermetikkfabrikkar i Foldrøyhamn som så mange andre stader.

#### 2.4.2.6. Mosterhamn

Mosterhamn har ei særleg rik historie som omfattar både mange tema og eit stort spenn i tid. Kyrkje- og bergverkshistoria er omtala i eigne kapittel. Her tek me for oss handelshistoria, der Mosterhamn truleg har ei historie minst tilbake til 1300-talet. Dette skal ha vore den første handels- og gjestgjevarstaden mellom Bergen og Stavanger.

<sup>32</sup> Askeladden

I 1582 la kongen ned for bod mot å selja tømmer til framande nordanfor Mosterhamn. Tømmeret skulle gå til å byggja opp Bergen etter brannen i 1561. I Mosterhamn var det også gjestgjevarstad. I 1747 vart denne lagd til Spissøy, aust for Mosterhamn, men i 1797 vart han flytta attende. Den lune vågen i Mosterhamn var for liten for store skuter, så desse angra ofte opp ved Spissøy, og sjøfolka rodde inn til Mosterhamn om kveldane. I 1828 blei det første private dampskipet i landet, hjuldamparen «Oscar» sett i rute mellom Bergen og Christiania. Då var Mosterhamn einaste stoppestaden mellom Bergen og Karmsundet.



«Karlsminde» t.v. og Tollhagen t.h.

Av den gamle handelsstaden står i dag den staselege hovudbygningen «Karlsminde» og eit sjøhus. Hovudhuset har vore nytta til både bank, postopneri, krambu og bustad. Byggestilen har trekk av Louis-Seize, som er sjeldan i regionen. Særleg dørene i huset, med tilhøyrande låskassar og listverk er særprega.

Inst i vågen låg det ein tollstasjon under Bergen tolldistrikt. Han vart bygd ut i 1859 og overtok etter den nedlagde tollstasjonen på Eldøy ved Stord.<sup>33</sup> Egedomen «Tollhagen», med våningshus i sveitsarstil, hage, naust og utkikkspost på Vetahaugen vart bygd av Bergen Toldvæsen i 1861. Huset er relativt uendra frå stasjonen vart nedlagt i 1900. I 2015 blei det overtatt av Bømlo kommune. Tollhagen har spelt ei viktig rolle som utekafé og utstillingslokale i samband med kulturarrangementa i Moster Amfi dei sist 10-15 åra.

<sup>33</sup> [www.grind.no/](http://www.grind.no/) /Hordaland Fylkeskommune

#### 2.4.2.7. Vorneset

Vorneset er ein nyare handelsstad, der det blei drive handel frå 1828 til 1942<sup>34</sup>. Etter at handelen blei nedlagt, blei det drive hermetikkfabrikk her. Hovudhuset som står i dag er frå rundt 1870. Det eldste sjøhuset kan vera frå handelsstaden blei etablert og har vore nytta både til handel og som saltebu. Seinare blei det handel i eit nyare bygg ved sida av, før dette blei nytta til fabrikk for brisling og krabbehermetikk frå 1941. Det er òg ein nyare fabrikkbygning, truleg bygt i 1952, fleire mindre bygningar og ruinar etter bygningar på staden. Alle bygningane er godt vedlikehaldne.



Vorneset. Foto: Geir Einarsen

#### 2.4.2.8. Øklandsvågen

er ein av dei eldste handelsstadene på Bømlo. I eit dokument frå 1706 er staden omtala som eit gammalt kremmarsæte. Gjestgjevarstad har det truleg vore sidan 1500-talet. I dag står hovudhuset og eit stort sjøhus med krambu, men miljøet rundt er mykje endra. Rorbu, bakeri, stabbur og fleire naust er rivne. (B)

#### 2.4.2.9. Spissøy

Truleg har det vore gjestgjevarstad i Spissøyhamn frå 1300-talet. Heilt fram til starten av 1950-talet var det mykje folk og stor aktivitet på staden, men på 1960-talet starta fråflyttinga og husa blei rivne. Berre eit sjøhus og nokre ruinar er att etter handelsstaden.

#### 2.4.2.10. Bømmelhamn

Den første handelsmannen etablerte seg i Bømmelhamn i 1690. På 1700-talet var handelen prega av opp- og nedturar, men i samband med det store sildefisket på 1800-talet fekk staden eit oppsving, og det blei bygt ei rekke store saltebuer, bakeri og hus til arbeidarane. I dag er det lite att av dei eldste bygningane, men hamna har framleis eit aktivt miljø med nyare naust, sjøhus og rorbuer.

<sup>34</sup> Kristine Sele: Meir enn sirup (1999)

**Prioriterte kulturmiljø - handelsstader:**

Espevær, Brandasund, Hiskholmen, Sønstabøvågen, Foldrøyhamn, Mosterhamn og Vorneset.

### 2.4.3. Kulturminne i landbruks sitt kulturlandskap

Landskapet er ein heilsak av naturgjevne og menneskeskapte tilhøve, og samspelet mellom desse. Utviklinga i busetnad, arealbruk og ressursbruk frå dei eldste tider og fram til i dag har prega og endra landskapet. For å forstå og forvalta dei kulturhistoriske verdiane i landskapet på best mogleg måte, må me sjå natur og kultur i landskapet i samanheng.<sup>35</sup>

Dei første jordbrukarane etablerte seg i ytre strok av Hordaland om lag 3000 år f.kr. Klimaet her var mildt, og det var truleg eit svedjejordbruk med llynghieier og utegangarsau. Busetnaden var knytt til sjøen og jordbruks sida den tid vore drive i tett samspel med fiske og anna sjøbruk. Difor kan det synast unaturleg å skilja landbruk og sjøbruk som tema. Fordi det på begge områda finst ei rekke bygnings- og kulturminnetypar med spesifik bruk knytt til kvart sitt element har me likevel vald å omtala dei i separate kapittel, men legg vekt på samanhengen i bruk.



#### 2.4.3.1. Innmark og utmark

Kulturlandskapet er delt i innmark og utmark, oftast skilde av ein bøgard. Innmarka har vore eit intensivt drive kulturlandskap og er rikt på kulturminne: Steingardar, vegar, bakkemurar, rydningsrøyser og ei lang rekke spesialbygningar for ulike føremål. Mange stader er landskapet intakt og framleis i drift. Andre stader har kulturminna måttu vika for moderne driftsformer, eller landskapet er i endring fordi det ikkje er i bruk. Utmarka kan ved første augekast sjå ut som urørt natur, men også her finn ein eit rikt tilfang av kulturminne som fortel om tidlegare tiders bruk av landskapet: Llynghei, torvmyrer, steingardar, ferdslevegar, ruinar etter kverner og murar etter husmannsstover der naturen etter kvart har tatt jordbrukslandskapet tilbake. Dei fleste av desse kulturminna er ikkje registrerte.

<sup>35</sup> Riksantikvaren.no

Kulturlandskapet er avhengig av drift. Mindre intensiv bruk av landskapet fører til at krattskogen er i ferd med å ta over mange stader. Dette går også ut over kulturminna, som blir «usynlege» og utilgjengelege i eit gjengrodd landskap. Røter frå tre øydelegg gamle murar. Kulturlandskapet er det beste dømet på at kulturminne må brukast for å kunna bevarast.

#### 2.4.3.2. Bygningane i landbruket

Ein stor del av bygningane som er registrerte i Bømlo, er knytte til landbruket. Nokre bygningstypar har me bevart mange av. Andre er meir sjeldne. Dei fleste stadene er miljøet rundt mykje endra, men nokre stader har «tida stått stille», og bygningane ligg framleis i sitt opphavlege miljø. Slike heilsakplege kulturmiljø har høg prioritet i planen. I tillegg er det peika ut einskildbygningar som representerer breidda av bygningstypar i landbruket, og som har verneverdi uavhengig av om dei framleis er del av eit miljø. Det er ei stor utfordring at bygningars som har gått ut av bruk forfall, og det er nødvendig å setja inn tiltak for å bremsa forfallet.

Det typiske gardstunet består av våningshus, løe, eldhus og kanskje eitt eller fleire uthus bygd i stein eller grindverk. Våningshus, løer og uthus har ofte fått vidare liv ved å bli moderniserte. Dei bygningstypane som har gått ut av bruk, er mindre endra. Mange er truga av forfall, men nokre bygningstypar peikar seg ut med at dei har blitt bevarte trass i at den opphavlege bruksmåten har opphørt.



I tunet på Søre Sele (138/1) er uvanleg mange ulike bygningstypar bevart. Her finn ein i tillegg til våningshuset både utedo, uthus, jordkjellar, sauehus, uthus, løe, stabbur og sjå.

Ein del gardsbruk var opphavleg husmannsplass. Husmannsvesenet blei avvikla i første delen av 1900-talet. Der husmannen ikkje kjøpte seg ut og blei sjølveigande, tok han gjerne huset med seg når han flytta. Difor står mange stader berre murane att.

I dette kapittelet vil me omtala dei ulike bygningstypane og kulturlandskapet på gardane. Ein del prioriterte einskildbygningar og gardsmiljø er nærmere omtala i verneplanen (del 3).

## Klyngetun

Etter gjentatte bruksdelingar utvikla klyngetunet seg til den vanlegaste tunforma på Vestlandet. Bygningar frå fleire bruk låg samla i ei klyngje, med jorda spreidd i blanda teigar rundt. I samband med den store jordreforma i siste halvdel av 1800-talet, blei desse tuna oppløyst og mange av bygningane flytta til nye tun. I den samanhengen blei det ofte òg om- og påbygde, og såleis er det få hus som har stått uendra frå før denne tida. Bygningane i tunet på Tjong (43/1) står truleg att etter det gamle klyngetunet på garden.

## Våningshusa

I mellomalderen hadde bustadhusa svært enkel planløysing. Dei såkalla årestovene bestod av eitt rom med åre i midten og ljore i taket. Etter kvart blei det vanleg med røykstove med sval og kove i. Seinare blei røykstovene sett saman med sengebuer eller glasstover, og i samband med overgangen frå røykovn til pipe blei det mogleg å leggje lem over stovene. **Lemstovene** blei vanlege rundt midten av 1800-talet. Nokre er sett saman av ei tidlegare røykstove og ei nyare tømra stove, med lem (loft) over. Dei kan òg ha bare ei stove, og gjerne skut i eine eller begge endane eller ei halvtekka<sup>36</sup> på baksida.



*Den gamle røykstova hjå Ståle Sakseide er fylt med verktøy og anna utstyr frå garden. Dei sota veggene ber tydeleg merke av at her har røyken gått fritt ut i rommet. I tømra er det spor etter eit hol som blei nytta til å bera ut kister – dei skulle ikkje ut gjennom døra. Over døra er det eit kalkmerke som tyder på at gamal overtru hang att lenge etter reformasjonen. Røykstova kan vera frå 1500-talet, medan «nyestova» er ei glasstove frå siste del av 1700-talet. Mellom dei er det kjøken og gang. Eigaren nyttar huset som museum og til formidling av historia til garden.*


Ei rekke våningshus i Bømlo har røter tilbake til 1700-talet, og gjennom nokre av dei får me inntrykk av korleis husa såg ut på denne tida. Men i samband med deling av gardane, utskiftingane i siste halvdel av 1800-talet, og avviklinga av husmannsvesenet seinare, blei svært mange hus flytta og sett opp att andre stader. Då blei dei gjerne endra, til dømes ved at ei ny stove blei lagt til den gamle. På 1700-talet var det vanleg å tekka taka med torv eller spon, men utover 1800-talet blei skifer og tegl nesten einerådande.

Utover 1800-talet blei byggjeskikken påverka av byarkitekturen, og det blei vanleg å bygge våningshus med symmetrisk planløysing. Byggjestilen til desse husa, som hadde kjøken i midten og ei stove på kvar side, og to skorsteinar, blir kalla bygdeempire. Nokre lemstover er bygde i denne stilien. Både bygdeempire og seinare sveitsarstilen er lokalt tilpassa og har utgangspunkt i den eldre byggjeskikken. Eit døme er Bergehuset frå 1830, restaurert av Bømlo Tur- og Sogelag.

<sup>36</sup> **Halvtekka:** Tilbygg/vedheng i ein etasje, langs langsida av eit (oftast) tømra hus. Har gjerne slakare takvinkel enn resten og er ofta treisverk/bindingsverk - altså ikkje tømra. Ofte ligg kammerset eller ein verkstad/arbeidsrom i halvtekka. Dersom dette rommet er ope kan det vere ei sval.



Bergehuset frå 1830 er eit stort hus samanlikna med andre hus frå denne perioden. I første etasje er det to stover, to kammers og kjøkken med open grue. Andre etasje har ein utelem i midten og eit stort soverom i kvar ende. Huset er restaurert og eigd av Bømlo Tur- og Sogelag, og blir brukt som kulturstove.



Karinestova på Hovland i Langevåg t.v., bygd som vilkårshus i 1838, og Hilleborgstova (t.h.) frå ca 1830 er begge restaurerte av Bømlo Tur- og Sogelag. Hilleborgstova er ikkje eit gardshus, men blei bygt på bygsla grunn av muraren Kristoffer Sørensen og kona Marta, som arbeidde med veving og spinning. Stova blei seinare nytta som fattigstove, og Hilleborg Johannesdotter Vestvik, f. 1835, var den første som flytta inn. Begge husa er fine døme på korleis småkårsfolk budde i denne tida. Det er få slike hus som er bevarte i opphavleg stand.

### Andalstunet

I det gamle gardstunet på Andal ligg det som truleg er eitt av dei eldste bustadhusa me har på Bømlo. I tillegg til stovehuset er det eldhús, vedhus og jordkjellar i det opprinnelige tunet, og ved sjøen eit stort naust. Tunet ligg slik til at det ikkje er synleg frå sjøen, og historia seier at dette blei gjort for at det ikkje skulle bli oppdaga av røvarar som kom sjøvegen.

Tunet er uvanleg godt tatt vare på av dagens eigalar Sigurd og Ragnhild Heiberg. Dei hadde i utgangspunktet ikkje tilknyting til staden, men kjøpte tunet på 1980-talet, nettopp fordi dei ønska seg eit gammalt hus som sommarstad. Arkitekt Torleiv Solheim og snekker Svenn Bjørnevik har restaurert bygningane godt og varsamt med materiale frå lokal skog slik at det igjen kan brukast som ein god heilårssbolig.

Våningshuset besto opprinnelig antagelig av to samantømra rom hver på omkring 4x5 meter. Det eine blei påbygd omkring 1840 med kjøkken og kamers nede og med sal, soverom og kryploft oppe. Kjøkenet har stor grue. På 1980 tallet blei kamerset gjort om til gang og bad med ny inngang samtidig med at husa blei godt isolerte, fekk ny kledning, nye vindauge, innlagt vann og avløp og skjult elektrisk anlegg. Det nordre huset er meir eller mindre urørt, bare hønsehuset og utedoen på utsida blei gjort om til vaskerom. Alderen er ukjent. I bygdeboka er dette omtala som sengebua, og andre delen som røykstova. Her budde Ingebrigtsen Paulsen og kona Aschier Haagensdtr Birkenes rundt 1645. I 1690 var Aschier blitt enke og gifta seg med Østen Østensen. Han heldt husa i tunet «vel ved magt» og sette inn eit lite glas med små ruter og blysprosset som nå står i nordre brøstet på sengebua. I ruta i midten er det sirlig rissa inn: «Østen Andal 1709». Vindaugen liknar eitt som står på nordsida på baroniet i Rosendal, som skal vera av dei eldste i Sunnhordland.


At nordre delen av huset skal ha vore ei sengebua, forklarer kvifor det ikkje er spor av verken eldstad, pipe eller sot på dei kraftige omfara i veggene i den gamle bua. Ei sengebua blei nytt til overnatting, gjerne for innleid arbeidskraft, og først og fremst i sommarhalvåret. Seinare har ho blitt brukt til både verkstad og sauehus, og truleg aldri som stove eller opphaldsrom.



F.v. stovehus, vedhus og eldhus. Den gamle sengebua ligg heilt til venstre. Bak til høgre ser me taket på vilkårshuset som blei bygt på midten av 1800-talet. Nord for tunet ligg jordkjellaren. Det har òg hørt løe med fjos, to mura smalehus, utefjos, fiskestova, torvhús og stampe til garden, som blei driven på gamalt vis fram til 1950-talet.

## Driftsbygningar

Løer og andre uthus i tre var for det meste stavbygde eller grindbygde. Grindversteknikk blei nytta til bygging av løer, utmarksbygningar og naust heilt fram til første halvdel av 1900-talet. I enkelte løer på Vestlandet er det påvist grindverk frå mellomalderen. Grindbygging har truleg vore ein ubroten byggetradisjon i meir enn 350 år. I løpet av det siste tiåret har denne konstruksjonsmåten fått ny merksamd, og fleire nye grindabygg er sett opp. Elles var mange av dei mindre uthusa bygde i stein. Mange eldhus, fehus og smalahus er mura opp i tørrmur med stein frå staden.



## Løene

Frå gammalt av har fjos/flor og låve gjerne vore to separate bygningar. Men rundt midten av 1800-talet, blei det vanleg å samla dyrerom, fôrlager og lager for reiskapar under eitt tak, i det som blir omtala som «enhetslåven».<sup>37</sup> Desse løene, som gjerne har vore raudmåla, har prega landskapet i over hundre år.

Etter krigen blei det vanleg med silo. Det blei bygd frittståande tårnsilo på mange gardar, og dei nye løene hadde gjerne integrert silo. I dag er både løene og siloane på veg ut, og utviklinga går igjen mot eigne bygningar for dei ulike funksjonane. Eit stort tal løer har gått ut av bruk, og som følgje av det er det mange som forfell. Dersom denne delen av kulturarva skal sikrast for ettertida, er det behov for å sjå på nye måtar å nytta bygningane på.

## Håviklø

Løa på Ytre Håvik (8/1) er ein av dei eldste løebygningane ein kjenner til på Vestlandet, og den eldste daterte grindverksbygningen i landet.<sup>38</sup> Ved hjelp av dendrokronologisk undersøking er det konkludert med at ho truleg blei sett opp sommaren 1540. Såleis er løa automatisk freda etter kulturminnelova. I Riksantikvaren sin database Askeladden er løa skildra slik:

*Grindløe med sidesvaler som står rett på bakken med tømra flor inni. Grindverket er i stor grad originalt av den tidligst kjente grindtypen. Her er det ein del symbolbruk og uvanlig mange trekanthakk. I denne løa ser den opphavlige avstivingen ut til å ha samband med trekanthakka, dette er svært sjeldan å finne. Svalkonstruksjoen er også sjeldan inntakt. Grindabygget vart restaurert i tidsrommet 1987 til 1994, - då vart taket våla og kleddningen restaurert.*

<sup>37</sup> Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth: Norges Låver, 2014

<sup>38</sup> Riksantikvaren



Håvikklo på Ytre Håvik, på sørsida av Siggjo.

### Jordkjellarar



Jordkjellaren på 136/1 på Lykling har særleg forseggjorte murar på framsida. Mange jordkjellarar er berre synlege som ein «hump» i terrenget, og det fine handverket er mest synleg på innsida.

Jordkjellar, eller potekjellar, er ein bygningstype som kom for fullt med poteta i siste del av 1700-talet. Takka vera den iherdige innsatsen til «potetpresten» Peder Harboe Hertzberg (1728 – 1802, sjå eiga omtale under 2.4.13) var bøndene på Bømlo tidleg ute med dyrking av denne nye og nyttige veksten. I løpet av dei neste hundre åra blei det vanleg med potekjellarar på gardane i distriktet; nokre bruk har òg fleire.

Byggjeteknikken for kvelvinga inne i jordkjellaren blir kalla utkraging. Dette er ein eldgamal teknikk som òg er kjend frå andre land, mellom anna Irland og Portugal. Kombinert med tekking av jord og torv gjorde dette det mogleg å halda ein innetemperatur på rundt 5°C året rundt, og passe luftfuktigkeit til lagring av ulike matvarer. Same byggjemetode har òg vore brukt til bygningar med andre føremål,<sup>39</sup> og det kan ha vore bygd jordkjellarar til lagring av annan mat før det blei vanleg å dyrka poteter på Vestlandet. Omgrepa potekjellar og jordkjellar blir brukt om einannan. Ein del potekjellarar er òg bygt som «vanlege» uthus som er inngravne i bakken. Etter kvart som det blei vanlegare med kjellar under husa, valde mange å lagra poteter og annan mat der, men det blei bygt tradisjonelle potekjellarar til langt utpå 1900-talet.

### Eldhus og Stabbur

Eldhuset er tatt godt vare på på mange gardar på Bømlo. Ein del av dei har aldri gått heilt ut av bruk. Opphavleg blei dei brukte til ei rekke ulike føremål – matlaging, baking, røyking, klesvask, ølbrygging, heimebrenning (fram til ca 1850) og tørking av korn. Dei fleste har ei stor grue, og nokre har spesielle innretningar til annan bruk.

Stabbura i distriktet liknar andre små uthus på gardane, men kan lett kjennast att ved at dei står på «stabbar» i staden for ringmur som er vanleg for andre bygg.



T.v. Stabbur, vedhus og eldhus på Tjong (43/2). T.h. Eldhus, Kulleseid (122/3)

**Fehus, sommarfjos og uteløe:** Fehus og sommarfjosar ligg utanfor eller i tilknyting til bøgarden, slik at ein slapp å føre dyra over innmarka når dei skulle mjølkast om sommaren. I uteløene lagra ein høy frå teigar som låg langt frå tunet.



T.h. utefjos/torvhús, Leirdalen, Svortland (109/388). T.v. sommarfjos i vinterdrakt, Katla (74/2)

<sup>39</sup> Tørrmurar Haakon Aase

**Andre bygningstypar** som er registrerte kan me nemne torvhus, smie, stall, utedo, skykkje, brønnhus og skjå/sjå. Stall og andre spesialhus for ulike dyreslag er det òg få att av. Namna fortel kva dyreslag ein hadde på gardane: Fehus, hønsehus, smalehus, kalvehus, grishus, geithus... Dette er oftast enkle bygg i stein eller grindverk, og husa for dei ulike dyreslaga skil seg lite frå einannan.

Det er få gardar att i dag der det mangfaldet av bygningar som prega landskapet tidlegare framleis er intakt. Tunet på Søra Sele (138/1) peikar seg ut med ei rekke typiske og godt bevarte bygningar. Her finn ein i tillegg til våningshus og løe både utedo, potekjellar, sauhaus, eldhus, fjos, stabbur og sjå. Andre stader fortel ruinar om eit høgt tal bygningar i tunet.

**Døme på verdifulle gardstun og bygningsmiljø:**

Berge med Bergehuset og kulturlandskap av nasjonal interesse

Gardstun Andal (60/16), 121/1 Sakseid ytre, 135/1 Urdo, 136/1 Lykling, 138/1 Søra Sele

**1.1.1.1. Andre kulturminne knytt til landbruk og kulturlandskap**

**Steingardane** pregar landskapet. Dei kan vera enkle (dvs murt frå ei side), eller doble kistemurar som er slette på begge sider og med fyll i midten. Mange er bygde som grensegjerde etter utsiftinga i jordbruken i siste halvdel av 1800-talet, medan dei som skil innmark frå utmark kan vera eldre. Mange stader er det òg innmura dyrkingsteigar og utefjosar, bygde saman med steingardane. Både på Rolvsnes, Goddo td. sørrom Skålevikvatnet samt på Urangsætre finst usedvanleg flotte steingardar.

**Geil:** Ei geil er ein veg eller fegate med murar på begge sider, som førte frå tunet og ut til utmarka. Den blei brukt til å hindra dyra i å gå på innmarka når dei blei jaga til og frå beite. Det finst fleire intakte geiler på Bømlo, mellom anna på Sønstabø (Mehus) og Tjong.



Kulturlandskap med geil, Tjong.

**Rydningsrøyser:** Den steinen som blei rydda ved nydyrkning, og som ikkje blei brukt til husmurar eller steingardar, blei gjerne lødd opp i rydningsrøyser ute på bakken. I kommunesenteret er det eit fint døme på rydningsrøys på Nyebakkjen i Sørigarden.

**Murar generelt:** Steingardar, bakkemurar, vegar, innmura dyrkingsteigar og husmurar er viktige element i kulturlandskapet. Ulike bergartar rundt om i kommunen gjer at murane òg får sitt heilt lokale sær preg. Handverket i mange av desse murane er imponerande, kanskje særlig der ein har hatt vanskeleg Stein å jobba med. Det at dei er bygde med Stein frå staden, gjer òg at murane blir ein del av landskapet på ein heilt annan måte enn nyare murar av innkjøpt Stein.

**Kystlynghei** er ein truga natur/kulturlandskapstype som er avhengig av aktiv beiting og skjøtsel for å oppretthaldast. Området lengst nord i kommunen, som høyrer til Fitjarøyane, har status som «Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse», og kystlyngheia er ein sentral verdi i dette landskapet.

**Torvmyrer:** Fram til 1950-talet var det ei omfattande utnytting av torv til brensel. Bruk som ikkje hadde eigne torvmyrer, hadde tinglyste rettar til å ta ut torv og røter andre stader. Utspadde torvmyrer og spor etter ferdslevegar fram til desse finn ein overalt i utmarka. Mange stader er det restar etter torvhus, men det finst få eller ingen døme på ståande torvhuse på Bømlo. På Sele (nordre) ligg ruinane etter tre torvhuse ved vatnet. Truleg har torva blitt lagra her etter å ha blitt frakta over vatnet frå torvmyrar på andre sida.

Kulturlandskapet blir best tatt vare på gjennom dagleg bruk, våling og skjøtsel.

#### Prioriterte kulturlandskap og kulturmiljø i landbruket:

**Berge – Tjong:** Område med stort biologisk mangfold og mykje kulturminne; kvernhus, driftsvegar og steingardar m.m. Del av statleg utpeika kulturlandskapsområde av nasjonal interesse.

**Fitjarøyane:** Godt bevart kulturlandskap skapt av fiskarbonden gjennom samanhengande drift og beiting, med rydningsrøyser og steingardar. Del av statleg utpeika kulturlandskapsområde av nasjonal interesse.

**Finnås prestegard:** Særmerkt kulturlandskap, geologi, botanikk og styvingstre.

**Desse områda er òg definerte som viktige kulturlandskapsområde i kommuneplanen:** Steinsvåg, Urda-stølen- Gullgruveområde, Søre Lyklingholmen, Sørnstabø- Mehus, Roaldfjorden, Hovlandshagen, Vestre Vika, Hiskjo, Vestsida på Spissøy.

#### 2.4.4. Bruken av vassdraga

Vasskrafta har truleg vore nytta sidan 1200-talet i Norge. I starten var bruken først og fremst avgrensa til maling av korn i små bekkekverner, men seinare blei det òg bygt møller og sagbruk. Rundt 1750 var det rundt 30 000 bekkekverner i landet. Vasskrafta blei òg nytta til drift av stamper, som tova ullstoff til vadmal. Frå 1500-talet, då oppgangssagene revolusjonerte trelasthandelen, blei bruken av vasskrafta utvida. På 1800-talet overtok vassdrivne sirkelsager. Seinare blei elektrisitetsproduksjon den viktigaste måten å utnytta vasskrafta på.

##### 2.4.4.1 Kverner, stamper og møller

Dei fleste gardane hadde tilgang til kvern. Dei blei kalla bekkekverner eller flaumkverner, og det var gjerne fleire brukarar som eigde dei i lag. Kornet blei mole om hausten, når bekkane fløynde opp. Dei som ikkje hadde eiga kvern, måtte leige seg inn hjå andre. I Brakadal, på Svortland og i Gjeravågen hadde dei god vasstilførsle og kunne ta imot leigemaling. I Gjeravågen bygde bøndene på Tormodsæter mølle og dreiv


med leigemaling i større målestokk<sup>40</sup>. Her var det drift kvar haust fram til etter andre verdskrigene. I dag står ruinen etter møllebygningen att, og deler av anlegget. I bekken har det vore tre kverner og sag i tillegg til mølla. Også i Seleelva har det vore fleire kvernhus og to stamper. Ruinane er enno synlege.

I dag er det få ståande kvernhus att, og me kjenner ikkje til nokre stamper på Bømlo. Sunnhordland museum har sett opp ei stampe ved Vikabekken på Stord.

### Restaurerte kvernhus

Bømlo tur- og sogelag har restaurert to kvernhus på Søra Bømlo. Kvernhuset på Bergeseidet var ein av dei første bygningane laget tok seg av og verna. Det ligg på nordsida av bekken som renn frå Bergesvatnet og ut i Bømlafjorden, like opp frå sjøen, der det også er ein gamal kastevåg. Sjølve kvernhuset er 4,2 x 3,6 meter. Det er tømra med bordkledning på ytterveggene og med steinheller på taket. Kor gamalt kvernhuset er, veit ein ikkje, men det eldste årstalet som er skore inn i tømmerveggen er 1852. Elles er det skore inn mange årstal, namn, seglskøyter og seglskip.

Ved bekken som kjem frå Kvednavatnet i Vorlandsmarka, og som renn ut i Vorlandsvågen, har det i si tid stått fem kvernhus. Alt på 1600-talet vart det fyrste kvernhuset, som var felles for heile Vorlandsgarden, sett opp lengst nede i lia, der fossen gjekk striast. På 1700-talet vart endå eit kvernhus bygd, og på 1800-talet vart dei to siste kvernhusa reiste. Ovanfor fossen mura dei bru over bekken med stemme. To kverner låg nedanfor denne stemma og to lengre oppe. Det var ei stemme oppe i vassenden og ei over den smale armen av Kvednavatnet. Etter krigen var det for bøndene ikkje lengrerekningssvarande å mala kornet på sine eigne møller. Det vart meir rasjonelt og lettvint å kjøpa mjølet på krambua<sup>41</sup>.



Kvernhusa i Vorlandskogen (t.v.) og Bergeseidet.

#### 2.4.4.2 Sager

Det har vore sagbruk ei rekke stader der det har vore elver med god nok vassføring. Ei av dei første var oppgongssaga på Sagneset i Tjongspollen. I Åreiddalen vart den første saga oppført i 1650, men då for prestegardens eige bruk då det ikkje fanst skog for sal her. Elva i Åreiddalen er den største på Bømlo, og murar vitnar om fleire hundre års sagbruksdrift. Her har det òg blitt saga marmor. Åreid sag nedst i elva er framleis i drift<sup>42</sup>.

I utmarka til garden Vorland står ei bordsag som Bømlo tur- og sogelag har restaurert. Ein veit ikkje sikkert kva årstal saga vart bygd, men truleg var det før 1860. Saga er bygt av Lars Johannesen Andal, f. 1829. I motsetnad til dei fleste sagene i distriktet, som var oppgangssager, er denne bygt som sirkelsag.

<sup>40</sup> Bømlo bygdebok b. VI

<sup>41</sup> Bømlo tur- og sogelag

<sup>42</sup> Brynjars Stautland



*Saga ved Vorlandsvågen var i drift i om lag 100 år. Drifta blei nedlagt i 1960. Rundt år 2000 var saga i dårlig forfatning. Bømlo tur- og sogelag fekk skifta ramme, reisverk og kledning. Seinare blei òg taket skifta, det blei bygt nytt slåk og kvernkallen blei montert. Laget fekk òg overta ein gammal sagbenk frå Moster. Sommaren 2019 var restaureringsarbeidet ferdig, og saga kan igjen brukast til å skjera tømmer.*

#### 2.4.4.3 Elektrisitet

I starten var det små, lokale elektisitetsverk, eller lysverk, som leverte straumen. Brakadal og Brandasund var tidleg ute, og e-verka her var knytte til hermetikkproduksjonen. I Seleelva var det frå gammalt av både kverner og stamper, og i 1936 blei det bygt elektrisitetsverk her. I starten skaffa det lys til om lag 75 abonnentar, men etterspurnaden var stor og etter utbygging hadde det 200 abonnentar. E-verket blei lagt ned i 1952 då Finnås kraftlag kom i drift. Det er framleis spor etter både eldre og nyare energiproduksjon i elva. I Klubbavatnet nord for Stongarvågen var det kraftverk i mellomkrigstida. Det produserte 40 kW til Wichmann Motorfabrikk.



*Kraftverket i Tverråvika ga på det meste elektrisk lys til 25 husstandar. Det blei nedlagt i 1952.*

Murane etter dette står framleis. Det var òg ei rekke diselaggregat i kommunen som skaffa straum til hus og bedrifter før Finnås Kraftlag kom i drift med straum frå Blådalsvassdraget.<sup>43</sup>

Sortland mølle og elektrisitetsverk med stasjonsbygning, demning, røyrgate, blei bygd ved utløpet av Tverråno i 1929. Frå gamalt av var det ei kvern her.

### Kraftverk og vasskraftindustri i Brakadal

I Bremnes vart det bygd fleire private vassdrivne elektrisitetsverk i mellomkrigstida. Det første vassdrivne elektrisitetsverket kom i Brakadal i 1914. Her var det frå gamalt av både kvern og stampe. Andreas I. Brakadal sette opp ny kvern og stampe kring hundreårsskiftet og tok på seg leigmaling. Det var òg han som bygde kraftverket, eller «Ijosverket», med likestraumspenning. Om lag samstundes kom ein liten hermetikkfabrikk i sving<sup>44</sup> der dei la ned krabbe, sild og brisling. Denne er riven (?), men kvernbygningen som inneheld dobbel kvern, korntørke og elektrisitetsverk er intakt og truleg eineståande i sitt slag i Sunnhordland<sup>45</sup>.



### Finnås Kraftlag

Under og rett etter krigen vart det og sett i drift ei rad oljedrivne kraftverk i alle dei tre kommunane. Finnås Kraftlag etablert 1945 i tett samarbeid med SKL (Sunnhordland Kraftlag) som bygde ut Blåfalli kraftverk i Matre. Då straumen frå Finnås Kraftlag blei sett på i 1952, var det i alt seks vasskraftdrivne og minst 14 motordrivne verk på Bømlo. FK starta utbygging av linjenettet i 1948 og blei ei sjølvstendig verksemd i 1954. Tre år seinare var linjenettet ført fram til alle stader i FK sitt forsyningsområde. I 1960-åra kom eit nytt administrasjonsbygg, Ekornsæter koplingsstasjon og radiotelefon<sup>46</sup>.

**Prioriterte kulturminne, vassdrag:** Ruiner etter kverner, stamper og stem/røyrgate i Seleelva, kraftverk og kvern i Brakadal, sag Vorland, kvernhus Bergeseidet og Vorlandsskogen.

<sup>43</sup> Brynjar Stautland

<sup>44</sup> Bømlo bygdebok b. VI

<sup>45</sup> Uttale og vurdering: Kvend, Korntørka og elektrisitetsverk Brakadal. Bjørn Arve Lunde 1997

<sup>46</sup> Frå [www.finnas-kraftlag.no/Jubileumsboka](http://www.finnas-kraftlag.no/Jubileumsboka) «Til teneste», utgitt i samband med Finnås Kraftlag sitt 50 års-jubileum

## 2.4.5. Kommunikasjon og samferdsle

Sjøen har vore brukt som ferdsleåre i uminnelege tider. Siggjo har vore eit av dei mest kjende seglingsmerka så lenge folk har ferdast på sjøen. Men dei første menneskebygd seglingsmerka me kjenner til, er frå mellomalderen. I 869 bygde Fløke Vilgerdson ein varde på Ryvardsneset mellom Bømlafjorden og Sletta. Dette er den eldste kjende varden på kysten vår, og blei brukt som seglingsmerke i nesten tusen år før det blei erstatta av Ryvarden fyr midt på 1800-talet<sup>47</sup>. Det første norske fyret var Lindesnes fyr, som blei bygt i 1655. Men ikkje før i 1841 fekk landet eit eige fyrvesen, Fyrdirektoratet. Utover på 1800-talet blei dette følgt opp med ei omfattande utbygging. Fram til 1880 blei det bygd over hundre fyrtasjoner langs kysten. Totalt har det vore 212 fyrtasjoner i Norge.

I dag blir 107 anlegg definert som fyrtasjoner. Ansvaret for fyrlys og seglmerke ligg hos Fyr- og merketenesta i Kystverket. Frå 1997 har Riksantikvaren hatt ein nasjonal verneplan for fyrtasjoner, der rundt halvparten av stasjonane er freda<sup>48</sup>.

### 2.4.5.1. Fyrtasjoner i Bømlo

Det første fyret i Bømlo blei bygt på Espenvær i 1849. Dette er eit innseglingsfyr. Dagens fyr er frå 1861. Det blei nedlagt og avbemannet i 1913, og erstatta av to fyrlykter. Bygningane blei seld til privat kjøpar.

I 1855 blei Langevåg fyrtasjon og Mosterhamn fyrtasjon oppretta. Mosterhamn fyrtasjon blei nedlagt og avbemannet i 1890, og erstatta av ei fyrlykt. Sjølve fyret blei rive. I 1896 skjedde det same med fyret i Langevåg. I dag er det Slåtterøy fyr, saman med ei rekke fyrlykter, som viser veg langs kysten av Bømlo.

#### Slåtterøy fyr



<sup>47</sup> Kystverkmusea.no

<sup>48</sup> Wikipedia

Det meste kjende fyret i dag, Slåtterøy, er det nyaste. Det blei bygt i 1859 med funksjon som kystfyr, etter same teikningar som Eigerøy fyr frå 1854.<sup>49</sup> Fyrstasjonen ligg nordvest på Børø ved innsiglinga til Selbjørnsfjorden. Det 25 meter høge støypejernstårnet, saman med resten av anlegget, stod ferdig i 1859. Det har eitt av dei kraftigaste fyrlysa i landet, med høgd 46 meter over havet, og kan sjåast 18 nautiske mil frå kysten. Til fyrstasjonen høyrer også maskinhus, bustadhus, to naust og steinlagde vegar mellom bygningane. I tillegg er her ymse installasjonar for værmåling. Frå gamalt finn me dessutan terrasserte hageanlegg og tufter frå bygningar som vart rivne ved overgangen frå familie- til tørnstasjon i 1958. Frå okkupasjonstida finst restar etter forsvarsanlegg. Slåtterøy fyr vart automatisert på 1980-talet og avbemannaa sommaren 2003. I 1999 vart stasjonen freda av Riksantikvaren med heimel i kulturminnelova, grunngjeve mellom anna med at fyrstasjonen "er et helhetlig anlegg med stor miljøskapende verdi". Etter at stasjonen vart avbemannaa, vart Venner av Slåtterøy fyr skipa våren 2004. Foreininga leiger ledige bygningar ved fyret av Kystverket Vest, og har som målsetjing å gjera bygningane tilgjengelege for folk flest og å formidla den fyrhistoriske kulturarven<sup>50</sup>.



Slåtterøy fyrstasjon. Begge foto: Ståle Arfeldt Bergås, Riksantikvaren

#### 2.4.5.2. Kanalane

Saman med Røyksundkanalen utgjer Kulleseidkanalen snarvegen mellom aust- og vestsida av Børø. Begge er populære og praktiske ferdselsvegar for fritidsbåtar og mindre nyttefartøy, men både Kulleseidkanalen og Røyksundkanalen vart laga for å gjera arbeidet lettare for dei som dreiv med vårsildfisket på midten av 1800-talet. Dette fisket var det største fiskeriet på Vestlandet på denne tida. Det vart eit ønskje

<sup>49</sup> Brynjær Stautland

<sup>50</sup> Frå Børø kommune sin nettstad

om å kunna ferdast innaskjers på vestsida av Bømlo, og dette var også grunnen til at Dørstokken, Drageidet og Brømsund vart utbetra. Mindre kanalar, som Giljekanalen og Barastrumen gjorde at det kunne takast i bruk hamner som var godt skjerma. Gjennom det arbeidet som vart gjort med oppreinsking gjennom Dørstokken, Drageidet og Bremsund var det ei innaskjerslei fra Brandasund i nord til Hiskjo i sør. Ved å ta Kulleseidkanalen austover, og vidare gjennom Røyksundkanalen, kunne ein no ferdast i båt i skjerma farvatn.

### Kulleseidkanalen

Med si fiskerihistorie og betydning for utviklinga i Bømlo heilt frå 1854 (1856) og fram til i dag har Kulleseidkanalen hatt ein stor plass i utviklinga av kommunen. Området rundt og langs Kulleseidkanalen har stor lokal, men òg nasjonal, verneverdi.

Den 1700 m lange sjøkanalen på Finnås vart bygd 1853-56 og utvida 1927-35. Kanalen, som eigentleg er tre kanalar: Sakseidkanalen, Kulleseidkanalen og vestre kanal, bind saman sjøområda på aust- og vestsida av Bømlo, og gjer det mogleg å koma seg mellom innsida og utsida av øya utan å segla rundt. Kanalen gjorde det mogleg å effektivisera det viktige vårsildfisket, og dette var ei avgjerande årsak til at bygginga blei sett i gong.



*Kulleseidkanalen. Brua sto ferdig i 1932, og erstatta ei eldre vippebru. Brukara står att sjølv om ho blei erstatta av ei nyare betongbru i 1972<sup>51</sup>. Foto Geir Einarsen*

<sup>51</sup> [www.kulleseidkanalen.no](http://www.kulleseidkanalen.no)

Forslaget om å byggja ein kanal blei første gongen fremja av formannskapet i Finnås herad på amtstinget (fylkestinget) i 1852. Den korte avstanden over land gjorde Kulleseid eigna for ein kanal. I 1853 blei det laga ein plan for kanalen. Han skulle vera farbar for fartøy opp til 17 fots breidde og 8,5 fots djupne – men blei likevel ikkje breiare enn 12 fot (3,8 m) med 7 fots (2,2 m) djupne. Ein fast tilsett oppsynsmann skulle krevja inn bomavgift og ha tilsynet med kanalen. Det vart løyvd 16 300 spesidalar til bygginga. Etter at kanalen sto ferdig i 1856, kjøpte staten ein eigedom på sørssida av kanalen og bygde hus til oppsynsmann Jacob Wrede Zahl .

Kulleseidkanalen gjorde raskt området rundt kanalen til eit sentrum i prestegjeldet. I 1857 kom telegrafen, og det første postopneriet i Bremnes sokn kom i 1863. Seinare kom det både handel og dampskipstopp, og heradsstyret bygde eige kommunehus ved kanalen. Både lensmann og distriktslege slo seg ned her, og prestegarden låg heller ikkje langt vekke.

I dag har ikkje kanalen like mykje å sei for fisket som tidlegare. No er det småbåtane om sommaren som står for størstedelen av trafikken. Kanalen står difor fram som eit minne over moderniseringsprosessen som gjekk føre seg på 1800-talet og vitnar om kor viktig sjøvegane var for samferdsle og næring . I dag er kanalen utgangspunkt for nye næringsvegar, som reiseliv og båtturisme.

Det er registrert heile 35 kulturminne med tilknyting til kanalen. Hordaland Fylkeskommune sin dokumentasjonsrapport frå 2000 gjev eit grundig oversyn over historia til Kulleseidkanalen og dei einskilde kulturminna.

### Røyksundkanalen

Røyksundkanalen er i utgangspunktet ein naturleg kanal, men under det store vårsildfisket på midten av 1800-talet blei det eit problem at notbåtane ikkje kunne komma gjennom sundet. Planane for utbetring blei vedtatt i 1858, og arbeidet gjennomført i 1859. Det blei gjort vidare utbetringar i 1874 og 1883-84. Kanalen fekk ei breidde på 3 meter på det smalaste og 1,2 meters djupne ved normal vasstand. Mange som seglar gjennom Røyksundkanalen held fram gjennom Kulleseidkanalen.<sup>52</sup>



Røyksundkanalen. Foto: Geir Einarsen

<sup>52</sup> Wikipedia

### Dei mindre kanalane

Vårsildfisket var også bakgrunnen for oppreinskinga og sprengningsarbeidet gjennom Dørstokken. Ordførar Gaaseland sende i 1863 eit skriv til amtformannskapet i Søndre Bergenhus der han argumenterte for at det var naudsynleg med ei utbetring av innseglingslinja til Håpollen, på vestsida av Goddo. Ordføraren bad om pengar til "bortminering" av den såkalla Dørstokken i sundet mellom Goddo og Utslåttøy. I 1877 stod kanalen ferdig som ei 19 meter lang renne, 1,5 meter djup, og ei breidde i botn på 1,5 meter.

I same brevet som ordførar Gaaseland bad om utbetring av Dørstokken, bad han også om at det måtte utarbeidast ein plan for kanal gjennom Drageide, sundet mellom Goddo og Goddehesten. Grunngjervinga var det såkalla "Håpollfisket"; eit ikkje ubetydeleg sildefiske i Håpollen. Han peika på at vegen til og frå Håpollen som oftast er farleg og uframkommeleg i storm og opprørt hav, då ein må utanskjers for å komme til og frå Håpollen. Kanalen gjennom Drageidet stod ferdig i 1877, i 215 meters lengd, 1,2 meter djup og med ei breidde i botnen på 1,9 meter.

I 1882 blei det sprengd ut og reinska opp ei renne gjennom Brømsund, som ligg noko lenger sør - vest av Meling, og i åra 1893-95 vart det laga ei kanal som gjekk mellom Giljepollen og Giljevågen<sup>53</sup>

#### 2.4.5.3. Kystvakthytta på Ådno

Ådnahytta på Mørkedalsfjellet har vore nytta som vakthytte av kystvakta. Kystsignalstasjonen under forsvarsdepartementet kjøpte eigedomen i 1897 og sette seinare opp ein bygning der. Stasjonen var i drift fram til 2006, og blei overtatt av direktoratet for naturforvaltning. Bømlo Tur- og Sogelag overtok bruken av hytta som står på staden i 2012.



Ådnahytta kyststasjon før og no. Foto utlånt frå Bømlo tur- og sogelag

#### 2.4.5.4. Telefon og telegraf

Bømlo blei tidleg ein del av telefon- og telegrafnettet i landet. Fleire kulturminne står att og vitnar om dette. Både Kulleseid og Espevær fekk telegrafstasjonar alt i 1857. Hovudårsaka var den sentrale plasseringa under vårsildfisket. Telefonen kom rundt 1890.

##### Kulleseid telegrafstasjon

I 1854 starta utbygginga av eit elektrisk telegrafnett i Noreg. Første mål var å få telegraflinja frå Sverige via Christiania og til Mandal. I 1857 vart linjene ført vidare frå Mandal til Bergen. Rett etter dette vart Kulleseid Telegrafstasjon bygd. Dette er huset Den norske Statstelegraf bygde for eiga rekning, og er i dag

<sup>53</sup> Tekstar om dei mindre kanalane er henta frå Bømlo bygdebok band IV og VI/Bømlo kommune sin nettstad

eigd av Norsk telemuseum. Kulleseid Telegrastasjon var ein såkalla fiske-telegrafstasjon i "Søndre Vårsild-distrikt"<sup>54</sup>.



Telegrafstasjonen blei tatt i bruk for første gong ved nyttårskiftet 1857/58. Desse fisketelegrafstasjonane var berre i bruk i sildefiskesesongane, dvs. mellom desember og mars. Telefonen kom til Kulleseid alt i 1890, og sesongen 1896 ser ut til å være den siste for Kulleseid som telegrafstasjon. Men i 1915 ser det ut til at stasjonen blei vekt til live att. Det var på denne tida folk begynte å få telefon, og i 1915 var det så mange abonnentar at det blei installert skikkeleg sentralbord.

Fundament etter dei første telegrafstolpane er enno synleg nokre stader. Ved Kulleseidkanalen står kanalvaktarbustaden frå 1856 og telegrafstasjonen frå 1857/'58. I 1997 vart museet restaurert av Norsk Telemuseum. I dag er det ei lita utstilling her som fortel historia om telegrafstasjonen. Museet har ikkje faste opningstider, så eit besøk må avtalast på førehand.

#### Losvarden og klaffetelegrafen i Sønstabøvågen

På ein bergknaus i utmarka ved Sønstabøvågen står ein kubeforma steinvarde. Dette er ein gammal losvarde, og kor gammal han er er det ingen som veit. Varden har i seinare år fått selskap av klaffetelegrafen, ei optisk signalinnretning frå Terje Vigen si tid. Det var under Napoleonskrigen, 1807-14, at den såkalla kysttelegrafen vart bygd frå Christiania til Bergen for å varsle fiendtlege åtak mot kysten.

Klaffetelegrafen slik han står på bileta under, er bygd etter originalteikningar frå 1809 av Torleif Meling, og vart reist sommaren 2000. Masta, som rett nok er noko lågare enn den opphavlege, står heile året, medan telegrafmaskinen vert teken i hus i vinterhalvåret slik praksis var for snart 200 år sidan.

<sup>54</sup> [www.digitalmuseum.no](http://www.digitalmuseum.no)

Også i Ådnøy har det vore ein klaffetelegraf. Den blei montert i 1909-10, under napoleonskrigen. Det er ikkje noko att etter denne klaffetelegrafen.<sup>55</sup>



#### 2.4.5.5. Ferdsle til lands

Opp gjennom tidene har sjøen vore den viktigaste farvegen for folk langs kysten. Der ein måtte ferdast til lands, var det helst stiar og enkle vegar meinte for ferdsle til fots. Den første offentlege vegbygginga på Bømlo starta ikkje før i slutten av 1800-talet. Då kom stadig tanken om kyrkjevegar opp i heradsstyra i dei tre bømlokommunane. Den første vegen som vart bygd var strekket frå Moster til Røyksund, eit arbeid som tok åtte år og stod ferdig i 1894. Arbeidet vart i stor grad gjort med pliktarbeid vår og haust, men innan 1907 var mange av dei "gamle" vegstrekka på Bømlo lagde. Eit karakteristisk kjenneteikn frå dei gamle vegane var stabbesteinane, gjerne med stenger eller stokkar seg imellom. Slike finnест enno langs gamlevegen til Foldrøyhamn, samt på strekket frå prestegarden på Finnås og ned til Åreid.

I 1921 blei hovudvegen mellom Mælandsvåg – Håvik og Sakseid - Zahlsbryggja, som skulle binda saman dei tre kommunane Bremnes, Moster og Bømlo påbegynt. Brua over elva i Åreiddalen er eit flott stykke arbeid frå 1931. Årstalet er inngravert i ein marmorstein dei fann i elva under arbeidet med bruhaugen. Brua over Kulleseidkanalen blei bygd i 1932.



<sup>55</sup> Stiftelsen Hummerparken og Espesvær Historielag i innspel til kulturminneplanen.

Åreid bru frå 1931 t.v. Stabbesteinar langs vegen til Foldrøyhamn t.h.

Frå starten av 1960-talet blei bilen for alvor det nye framkomstmiddlet. Med bilen blei utbygginga av fleire og betre vegar framskunda, og det dukka opp nyvinningar som bilverkstader og bensinstasjonar. Det blei òg behov for å frakta bilane med båt. Frå 1952 gjekk ei lita bilferje, kalla «Samband», i rute mellom Langevåg og Buavåg. Ho hadde plass til 4 – 5 bilar, som køyerde inn frå sida. I 1967 blei det bygt nytt ferjestø i Langevåg, og ein større, nybygd «Samband» med plass til 20 bilar og 200 passasjerar tok over ruta. I 1975 kom nok ei utviding, og ny ferje med plass til 50 bilar. I 1962 kom det bilferje frå Siggjarvåg på Moster over til Sagvåg frå Stord.

I vår tid er kanskje dei store veg-, bru- og tunnelanlegga dei viktigaste kulturminna me etterlet oss for framtida. Trekantsambandet, som opna i 2001, endra reisemønsteret til folk på Bømlo dramatisk.

### Andre kulturminne knytt til samferdsle

Me manglar ei utfyllande kartlegging av gamle vegfar som postvegar og kyrkevegar, sjølv om desse er kartlagde i nokre deler av kommunen. Me har heller ikkje full oversikt over kaianlegg, bruer og andre kulturminne knytt til samferdsle. Mange stader er det dei gamle vegfara som ligg til grunn for dagens vegtrasear.

#### **Prioriterte kulturminne - kommunikasjon og samferdsle:**

*Kulleseidkanalen – med brufundament, telegrafbygning og kanalvoktarbustad omsynssone A*

*Røyksundkanalen med mellom anna krambu og naust, kommunehus i tidl. Moster kommune A*

*Slåtterøy fyr (freda) – omsynssone A*

*Klaffetelegrafen på Sørstabø (del av større omsynssone A)*

*Ådnahytta kyststasjon – omsynssone A*

## 2.4.6. Tru og kyrkje

Kristendomen har prega menneske og kultur på Bømlo i meir enn tusen år, og kommunen har mange kulturminne knytt til kyrkje og trusliv. Særleg Moster har ei sentral rolle i norsk kyrkjhistorie. Det var her Olav Haraldsson etablerte det norske kyrkjesamfunnet med den kristenretten han sette på rikstinget i 1024. Steinkyrkja ved Mosterhamn vart truleg bygd kring 1150 på tuftene av ei endå eldre kyrkje. Moster har òg vore ein viktig stad i førkristen tid. I Øyrbyggja saga er det fortald at Torolv Mostraskjegg hadde eit Tors-hov på Moster, som han reiv ned og tok med seg til Island der det blei sett opp att.

Sjølv om Moster kyrkje er frå før reformasjonen, er ho omtala her saman med andre kulturminne knytt til tru og kyrkje. Også Bømlo gamle kyrkje frå 1600-talet er eit viktig kyrkjeleg kulturminne i kommunen. I nyare tid har dei mange bedehusa vore ein viktig del av kulturlivet.

### 2.4.6.1. Kyrkjene i Bømlo

Det er seks kyrkjer og eitt bedehuskapell i Bømlo kommune. Dei to eldste kyrkjene, Bømlo og Moster, er ikkje lenger i bruk som soknekyrkjer, men blir tatt i bruk ved spesielle høve. Bremnes kyrkje er ei langkyrkje, bygd i 1869, til erstatning for den gamle mellomalderkyrkja som sto på Gåsland. Her sto det først ei stavkyrkje fram til 1689, då det blei bygt ny kyrkje i tømmer. Talarstolen frå den gamle kyrkja står no i Laurhammar bedehus, medan klokka heng i Bremnes kyrkje.

Moster kyrkje blei bygt som erstatning for gamlekyrkja i 1874. Både Moster og Bremnes kyrkjer er typiske, kvite trekyrkjer slik dei blei oppført i stort tal i siste halvdel av 1800-talet. I 1912 fekk Lykling eiga kyrkje for at bygdefolket skulle sleppa den lange og farlege vegen til Bremnes. Grunna plassmangel i Bømlo

gamle kyrkje blei det bygd ny kyrkje, i mur, på Søra Bømlo i 1960. Espevær bedehuskapell sto ferdig i 1908 og blei vigsla til kyrkjeleg bruk i 1931. Brandasund bedehus frå 1923 blei innvidd til bedehuskapell i 1958 etter ei større ombygging.<sup>56</sup>

Detaljerte skildringar av kyrkjene, byggjemåtar og inventar finn ein på [www.norgeskirker.no/wiki](http://www.norgeskirker.no/wiki)



Bremnes kyrkje frå 1869 t.v., Bømlo kyrkje frå 1960 t.h.

### Moster gamle kyrkje

Snorre Sturlason fortel i Kongesogene at Olav Tryggvason let byggja ei kyrkje på Moster då han kom til Norge i år 995. På denne staden ligg Moster gamle kyrkje, som har ei heilt sentral rolle i norsk kyrkje-historie. Det var her Olav den heilage heldt ting i 1024, der den eldste kristenretten i Norge blei innført. På grunnlag av dette har ein rekna med at Moster kyrkje er den eldste i landet. Ei grundig undersøking i 1872 avdekkja ikkje sikre bevis for så høg alder, men konkluderte med at kyrkja var bygt før slutten av 1100-talet.

Denne steinkyrkja er ein av dei enklaste kyrkjebygningane i landet, med kvadratisk kor og rektangulært skip. Den einaste utvendige dekoren er sokkelen i kleberstein som går rundt heile kyrkja. Innvendig er korboga det einaste som har ornamentikk. Dette er ei av få korbogar som ikkje har blitt utvida etter reformasjonen. Murane er oppført i minst tre omgangar, men kor lang tid det tok å byggja kyrkja har det ikkje vore mogleg å fastslå.

Taket slik det er i dag er frå 1700-talet. Klokka som heng på loftet, og det murte alteret, er frå høgmellom-alderen. Elles er lite interiør frå denne tida bevart. Kyrkja blei endra mykje innvendig tidleg på 1600-talet, og så godt som alt inventaret er utført i renessansestil. Prekestolen er datert til 1637, og altertavla kan vera noko eldre.

<sup>56</sup> Reise i Bedehusland (Sambandet forlag 2001). Redaktør: Johannes Kleppa

Den eldste delen av Mostrakyrkja, dvs. koret, er bygd hovudsakleg med lokal kalkstein i kistemuren, men med kleberstein i hjørna. Den siste delen, skipet, er bygd med fint tilhoggen kleberstein (kvaderstein) i heile kistemurens yttervegg. Innerveggen er i ymse lokal stein (mest kalkstein) som ikkje lett let seg hogge så jamn som kleberen, men som uansett skulle dekkast med murpuss. Koret vart truleg bygd innåt den gamle stavkyrkja etter Olav Tryggvason medan den framleis stod, slik at ein kunne halde messe også i byggefason.<sup>57</sup>



I 1874 kjøpte Fortidsminneforeningen kyrkja. Etter den tid er lite endra<sup>58</sup>. Moster gamle kyrkje er automatisk freda etter kulturminnelova.

Kyrkjegården ved Moster gamle kyrkje kan vera heilt frå Olav Tryggvason si tid, men har blitt utvida etter kvart. Gravplassen er framleis i bruk. På kyrkjegården står det ein særmerkt kalkstein med hol i. Det er ulike teoriar om kva funksjon steinen har hatt. Tidlegare blei det ofte sagt at Olav den Heilage hadde sparka foten sin gjennom steinen i sinne fordi folk ikkje gjekk til messe. Etterpå stakk han sverdet sitt gjennom og batt hesten sin der. Ein annan teori er at steinen har vore nytta som gapestokk. Olav Tryggvason kristna Orknøyane før han kom til Moster, og også her finn ein steinar med hol i som liknar denne<sup>59</sup>.

I 1924 kom kong Håkon 7. til Moster i samband med 900-årsjubileet for kristenretten. Då blei det reist ein steinkross på Vetahaugen av Moster mållag. Vetahaugen var truleg staden der bygdefolket tende bål for å varsle når det kom «ufredsmenn».

<sup>57</sup> Frå [www.steinriketbomlo/](http://www.steinriketbomlo/) Brynjar Stautland

<sup>58</sup> Fortidsminneforeningen.no

<sup>59</sup> [www.bomlo.kommune.no](http://www.bomlo.kommune.no)

Hendinga vert i dag markert med Mostraspelet, som kvart år vert vist på Moster Amfi. I 1995 var det ei stor markering på Moster for innføringa av kristendommen i Noreg. Det er planlagt ei tilsvarende nasjonal markering av Mostratinget og kristenretten i 2024.

### Moster i sagalitteraturen

I Snorres kongesoger heiter det i soga om Olav Tryggvason: «No segla Olav aust over havet, og kom til lands ved Moster. Der gjekk han først i land i Noreg, og han let syngje messe der i eit landteilt. Sidan vart det bygt ei kyrkje på denne same staden». I den gamle norske kongesoga Ågrip, skriven kring 1190, står det at Olav heldt det første tinget om kristendomsbodet på Moster i Hordaland, og «der tok heidningane ved trui og Olav ved riket.» Som bodberar for den nye trua sette han inn presten Tangbrand, og gav han bustad og jord.

### Mostratinget og kristenretten

Mostratinget i 1024, truleg vårt første riksmøte, sette reglar for styringa av konge riket etter det kristningsverket som Olav Haraldsson hadde full ført. Det var kong Olav og biskop Grimkjell som forma ut kristenretten, kanskje etter førebilete frå England; ein avtale mellom kongemakta og kyrkja. Olavs kristenrett vart seinare ved teken av Gulatingset, og Mostratinget er nemnt fire gonger i Gulatingslova. Det første kapitlet i lova kan vera sjølve kristningsvedtaket frå Olav Tryggvasons tid. Det lyder slik, i Knut Robberstads omsetjing: «Det er fyrst i lovene våre at me skal bøygja oss mot aust og beda til den heilage Krist um godt år og fred og um at me må halda landet vårt bygt og ha kongen vår lukkeleg, han skal vera vår ven og me hans vene, og Gud vere ven til oss alle».

Kristenretten gav reglar om bygging og vedlikehald av kyrkjer, om presteløner, om helgehald, om giftarmål, om trælehald og mange andre ting. I ei av kongesogene står det at Olav den Heilage, med råd av biskop Grimkjell, gav jordegods og inn tekter til fylkeskyrkjene. Til kvar av dei kyrkjene Olav Tryggvason hadde late byggja, gav Olav Haraldsson så mykje jordegods at det tilsvara ei mark sølv.

*Frå Grind.no/Kulturhistorisk vegbok for Hordaland*

### Bømlo gamle kyrkje

Det er grunn til å tro at Bømlo sokn opp gjennom tida har hatt fire kyrkjer. Den eldste er omtala som Bymbel kirke frå gammalt av og er truleg frå tida før Svartedauden i 1349. Ho er omtala i boka «Bergens kalvskinn», ei jordebok (register) over eigedomane til kyrkja i det dåverande [Bergen bispedøme](#) på midten av [1300-talet](#). Dette skal ha vore ei lita stavkyrkje som sto ved den gamle gravplassen mellom Langevåg og Vika. Segna fortel at tømmeret som skulle brukast til å vøla denne kyrkja, vart flytta til Vorland av overnaturlege krefter ei natt. Difor blei det bestemt at kyrkja skulle byggjast der. Langkyrkja som står på Vorland i dag er truleg ikkje den første på staden. Ho kan vera bygd i 1621 eller litt seinare på 1600-talet. Etter den tid har ho blitt vølt og ombygd fleire gonger, sist i 1951. Kyrkja er utan tårn men har ei luke i gavlen for å sleppe ut klokkeklangen. I 1848 fekk kyrkja nytt kor, og i 1885 blei ho ombygd med nye benkar og galleri langs eine langsida<sup>60</sup>.

Kyrkjegarden som ligg på sørsida av kyrkja er frå mellomalderen, og framleis i bruk. Både kyrkja og kyrkjegarden er automatisk freda etter kulturminnelova. Det same gjeld mellomalderkyrkjestaden og kyrkjegarden på Vold, som framleis blir kalla Kyrkjefuftene. Soknet fekk ny kyrkje i 1960, men den gamle er i bruk ved spesielle høve. Bømlo kommune eig og forvaltar kyrkja.

<sup>60</sup> Kjelde: Riksantikvaren og Bømlo bygdebok b. III



Bømlo gamle kyrkje, ukjend årstal og fotograf. Foto tilhører Riksantikvaren



Bømlo gamle kyrkje slik ho ser ut i dag. I 2021 skal det markerast at kyrkja er 400 år gammal.

### Vernestatus for kyrkjene

Moster og Bømlo gamle kyrkjer er automatisk freda etter kulturminnelova. Også den gamle kyrkjestaden på Gåsland er automatisk freda. Ingen av dei andre kyrkjene har nokon formell vernestatus per i dag. Dei er heller ikkje listeførte hos Riksantikvaren, men alle har omsynssone for kulturminne.

#### 2.4.6.2. Kolerakyrkjegardane


Kolera er ein mage-/tarmsjukdom som ubehandla fører til sterk dehydrering og død. Sjukdomen skuldast ureina drikkevatn og/eller dårlig hygiene. Vinteren/våren 1849 var det ein stor epidemi som råka midt under vintersildfisket, då mykje folk var samla og sjukdomen spreidde seg lett. Truleg kom sjukdomen til Espevær først. I Bømlo var det om lag 25 omkomne. Ein del av dei var utanbygds frå, truleg fiskarar. Dei omkomne vart ikkje gravlagt på dei vanlege kyrkjegardane, men lagt langt utanom allfarveg i utmarka fordi folk var redde for spreiling av sjukdommen.

I dag kan ein sjå kolerakyrkjegardar på Austneset på Moster, Sørstabø og i Erevik. Den på Austneset er overgrodd og murane er delvis samanraste, medan dei andre er i god stand. På Sørstabø (i Mehusmarka) blei to tyske soldatar gravlagde i eit hjørna av kolerakyrkjegarden under 2. verdskriga, men blei seinare flytta. I Vika og på Espevær er det òg kyrkjegardar som blei tatt i bruk i samband med koleraepidemien, men som seinare gjekk over til å fungera som vanlege kyrkjegardar.



Kolerakyrkjegard Vestre Vika til venstre. Foto: Geir Einarsen. Kolerakyrkjegard Mehus til høgre.

#### 2.4.6.3. Andre kyrkjegardar



Foldrøy gamle kyrkjegard til venstre. Til høgre mellomalderkyrkjegarden i utmarka til garden Vold. (Foto: Bernt Emil Vika)

Fleire av dei gamle gravplassane i Bømlo er automatisk freda. Det gjeld mellomalderkyrkjestadane på Gåsland, Moster og Bømlo (Vorland) og i utmarka til garden Vold. Alle desse er knytt til kyrkjer eller kyrkjestader frå mellomalderen. Dei andre gravplassane er nyare. Gravplassen på Fagervoll er dokumentert brukt frå 1883, men kan òg vera eldre. Gravplassar som ikkje er freda kan brukast opp att etter ei viss tid.

Foldrøy gamle kyrkjegard er ein særprega gravplass som har vore nytta i fleire periodar. Rundt 1900 blei gravminna fjerna og murane påbygde i høgda. Så blei det fylt i eit nytt lag med jord, og kyrkjegarden blei tatt i bruk på nytt.

#### 2.4.6.4. Finnås prestegard

Garden Finnås har vore prestegard i lang tid, truleg frå rundt 1500. Den første presten ein kjenner til som budde på Finnås var «*her laffritz wti findoess*» (herr Laurits i Finnås), som først er nemnt i skriftlege kjelder i 1522<sup>61</sup>. Med dei tre generasjonane sokneprestar av Hertzberg-slekta frå 1744 til 1830, blei Finnås eit kultursentrum for heile omlandet. Særleg Peder Harboe Hertzberg (1728 – 1802), som var sokneprest i Finnås i nesten 40 år, sette djupe spor etter seg (sjå bakgrunnstekst i kapittelet «Kulturminne knytt til personar og historier»).

Mellom dei mange interessene hans var utvikling av jordbruk og lokalt næringsliv, og gjennom drifta av prestegarden formidla han nye innsikter til bøndene i soknet. I 1758 starta han forsøk med dyrking av poteter, og i 1763 gav han ut eit skrift om potetdyrkning. Han ivra òg for at folk skulle produsera og ta i bruk tresko. Idealet var at innbyggjarane skulle auka produksjonen og bli sjølvhjelpte. Han praktiserte òg som lege, og hadde eit breitt kulturelt og sosialt engasjement<sup>62</sup>. Peder H. Herzberg tok òg opp marmordrifta og -eksporten etter Peder Montagne de Lillienssciold ("den grusomme Montanjen") på slutten av 1700-talet, og fekk sagt den karakteristiske mostramarmoren til bygningsplater på Marmor Fabriken han bygde i Åreiddalen.

På prestegården står enno "Allmuedelen" av Hertzberg sin prestebustad, populært kalla Katedralen, truleg bygd i første halvdel av 1700-talet. Bygget har vore nytta som forsamlingslokale. Under finst Hertzberg sin potetkjellar. Den andre halvdelen av bygningen, der presten opphavleg budde, vart flytta og står på Sætre mellom Foldrøy og Siggjarvåg. Flyttinga skjedde truleg i samband med at det blei bygt ny prestebustad like ved rundt 1895. I dag er tunet med bustaden skilt frå, og resten av garden seld. Garden er i drift med sau og det verdifulle kulturlandskapet på Helgeneset blir såleis halde godt ved like.



«Katedralen» og kulturlandskapet på Finnås prestegard.

#### 2.4.6.5. Andre kulturminne knytt til tru og kyrkje


##### «Jesus verdens lys»

Jesus verdens lys-monumentet ved «gamlevegen» på Grutle blei kosta av Steffen Hestenes (Grutle), som utvandra til USA på 1800-talet. Siste gongen i livet då han var heime på Grutle, i 1939, sytte han for at minnesmerket med den religiøse bodskapen blei malt på fjellveggen på sørssida av Grutlefjorden. Fjellmåleriet har sidan blitt vedlikehalde av slektingar av Hestenes.

Sjå òg omtale av bedehusa under kapittelet «Organisasjonsliv og forsamlingshus».

<sup>61</sup> Bømlo bygdebok b. IV

<sup>62</sup> Store norske leksikon



På Grutle, ved gamlevegen, finn ein monumentet «Jesus verdens lys» som er malt på fjellveggen.

**Prioriterte kulturminne tru og kyrkje:** Alle kyrkjene og mellomaldergravplassane, koleragravplassane på Erevik, Austneset, Mehus og Vestre Vika, Foldrøy gamle kyrkjegard, Finnås prestegard, «Jesus verdens lys»-monumentet på Grutle.


## 2.4.7. Bergverk og gruveverksemd

Utvinning av sju bergarter og metall gjennom 10-12.000 år gjer Bømlo til landets kanskje viktigaste leverandør av ulike steinmateriale gjennom tidene<sup>63</sup>. Den tidlegaste bergverksverksemda – utvinninga av grønstein, ryolitt og kleberstein – er omtala i kapittelet som tek for seg før-reformatoriske kulturminne. I nyare tid har utvinning av, marmor, gull, svovelkis, koparkis og granitt hatt ulikt omfang fleire stader i kommunen. Noko av denne verksemda, som marmor og kleberstein, har funne stad både før og etter reformasjonen, og kan såleis omfatta både automatisk freda kulturminne og kulturminne som ikkje har nokon vernestatus. Omtalane bergverksdrifta er hovudsakleg attgjevne frå nettstaden [www.steinriketbomlo.no](http://www.steinriketbomlo.no). Her kan ein også finna meir utfyllande informasjon.

### 2.4.7.1. Kalkdrifta på Moster

Den same steinen blir omtala som både kalk og marmor – det er bruken av han som avgjer kva nemning som blir brukt. Det finst mykje marmor over heile Sunnhordland, men særleg på Moster har verksemda hatt eit stort omfang.

<sup>63</sup> Steinriketbomlo.no



Kalkomnen på Moster.

Foto: Gunnbjørg Austrheim, Hordaland Fylkeskommune

At kalkstein og marmor frå Moster har vore nytta alt frå middelalderen, veit me fordi det vart funne restar etter ein 800 år gammal kalkovn ved Gassasundet i samband med utgravingar då Trekantsambandet skulle byggast (1999). Dette var ein enkel ovn som kanskje berre var nytta ein gong. På Moster finn du den restaurerte kalkovnen til Mons Gabrielsen, som var i bruk frå ca. 1850 til langt opp på 1900-talet, like ved kyrkja. Ikkje minst er kyrkja i seg sjølv eit prov på at kalk vart brukt på Moster alt tidleg på 1100-talet. Kalk brent ut av kalkstein er grunnlaget for mørtelmuring i Stein samt brenning av teglstein. Spesielt då kistemur-teknikken nådde Noreg på slutten av 1000-talet, som metode for bygging av fleire av dei nye, store kloster- og kyrkjebyggja, vart kalk eit heilt naudsynt materiale. Kistemuren består av ein indre og ytre mur av stor, fin Stein murt saman med kalkmørtel, der ein undervegs har fylt opp holrommet i midten med småstein og mørtel<sup>64</sup>.

I omlag 120 år frå 1703 vart det imidlertid eksportert marmorblokker til den Dansk-Norske kongens slott og monument i København og Karibien (St. Croix). På 1900-talet vart mykje av marmoren på Moster nytta som råstoff i industriell produksjon av karbid ved Odda Smelteverk og ferrosilikat og -silisium ved Bjølvefossen i Ålvik. Heilt til 1969 vart likevel brent kalk selt både som gjødsel i Hardanger og som bindemiddel i brenning av murstein i Sandnesområdet.

Frå slutten av 1800-talet la marmorgruvene grunnlaget for ei fraktebåtnæring som på 1960-talet talde 75 båtar heimehøyrande i bygda. Mest kvar familie eigde då i ein båt som gjekk med kalk og marmorpukk eller anna frakt i rute langs kysten<sup>65</sup>.

Av dei 36 kalkomnane som finst i Sunnhordland, er den i Mosterhamn den flottaste og best bevarte. Det var òg her kalkdrifta heldt på lengst. I dag kan ein sjå gamle kalkgruver og marmorbrot fleire stader i bygda, mellom anna i Notlandsåvåten. Gruva i «Synken» er 30 – 40 meter djup på det meste, og det går fleire tunnelar under vatne mot nord og vest. Ei arbeiderbrakke står enno ved Synken, og det er samla eindel maskineri etter denne industrien her. Den gamle kalkgruva ved kyrkja har blitt til eit særprega amfi der mellom anna Mostraspelet blir framført i historiske omgivnadar.

Kalkindustrien på Moster tok slutt i juni 1969, då knuseverket til Lasse Johnsen og hans Lura Kalkverk på Svendsamyro brann ned. Då hadde kalksteins- og marmorforekomstane sidan 1820-talet berre vorte nytta som råstoff for kalk i fabrikkar på Tysnes, Odda og Sandnes, men likevel i slike mengder at Moster hadde fått ein usedvanleg stor fraktebåtfåte heimehøyrande i bygda<sup>50</sup>.

<sup>64</sup> Frå [www.steinriketbomlo.no/Brynjars](http://www.steinriketbomlo.no/Brynjars) Stautland

<sup>65</sup> [www.steinriketbomlo.no](http://www.steinriketbomlo.no)

### 2.4.7.2. Gullgruveverksemda på Lykling

*«Faa fund af nyttige mineraler har i den grad sat vort folk i bevegelse, som gulfundene paa Bømmeløen. Paa vestsiden af denne, lige ud mod havet, er det mand har fundet det ædle metal. Landet er øde og ryt, og kun forekomsten af guld har formaaet at bringe liv mellem de mange fjeldkupper hvor nævneverdig vegetation kun findes i de smaa indsænkninger som lgger i ly for havvinden, mellem klipperne.*

*Det viktigste guldforekomster ligger paa et lidet felt mellem Nøkling og Vornæs. Bergartene her er væsentlig af vulkansk oprindelse; men da den vulkanskevirksomhed tilhører en lengst forsvundne periode af vor jords historie og i tidernes løb er efterfulgt af mange forandringer, er sporene af den nu kun tydige for videnskapsmanden.»*

**Guldet på Bømmeløen** af cand. real. T. Ch. Thomassen (Naturen 1887)

På midten av 1800-talet vart det leita etter mineraler mange stader rundt om i landet. På Bømlo var det for det meste kopargruver, og det var i ei av desse gruvene, «Modumsgravene» (ved Haugesundsgangen) på Lykling, at det første kjente gullet blei funne i 1862. Frå tidleg på 1800-talet til 1910 vart det drive bergverksdrift etter gull i dette området av fleire selskap, både store og små. Enkeltpersonar fekk også utmål der dei prøvde lukka. Mange byggverk, maskinar og konstruksjonar vart oppført i forbindelse med gruvene og utvinninga av gullet i steinen som blei tatt ut. Det var to hotell til innkvartering av tilreisande og 7 «forretningar» og skjenkestover. Der var også ein flytande restaurant, ein gammal avdanka dampbåt som låg oppankra på Urdavikjo i Lyklingfjorden. Då gruvedrifta var på sitt høgste, var de tfleire hundre i arbeid, og resultatet vart over 200 kg reint gull. Funna var likevel ikkje store nok til å oppretthalda drifta, som hadde store omkostningar.

Då krigen i 1914 hadde teke til, selde dei engelske eigarane av Oscarsverket (hovedaktøren i området) heile Verket til tre nordmenn. Det er sagt at salssummen var £ 1000. Dei tre nye eigarane var Nils i Urdo, Andreas Pedersen på Stangeneset i Urdo og tilsynsmannen på Verket som heitte Dyrdal og var frå Sogn. Sommaren 1916 heldt dei auksjon til oppløysing av sameiga. Det vart sold skinner, traller, vogner, borer og annan reiskap. Steinkjelar, mursteinspiper og hus vart nedrevne og spreidde for alle vindar. Maskinane vart selde som gamalt jern. Dei store reinsetankane hamna som oljetankar i Rubbestadneset saman med mykje av skinnene<sup>66</sup>.

Sjølv om dei fleste bygningane etter gruvedrifta er vekke i dag, er det mykje å sjå og oppleva i området. Landskapet blir halde ope ved beiting slik at gruvehol og gangar, vegar, murar og slagg-haugar trer tydeleg fram. Den gamle stigerbustaden til The King Oscar Gold Company Lmt. frå tidleg på 1880-talet er privat eigd, og vart restaurert i 2015 som den einaste gjenståande bygningen frå drifta. Den staselege direktør-bustaden blei flytta etter at drifta blei nedlagt og er attreist på Leirvik på




<sup>66</sup> Frå www.lykling.com

Stord, medan ein kontorbygning blei flytta til gruveområdet på Litlabø. Bygningen til Stange hotel nede ved sjøen, som opphavleg var sett opp som bustadhús og bakeri, står framleis. Ein del av steinhaustane som låg att etter gruvedrifta har blitt nytta til bygging av vollar på Bømlo. I dag er gruveområdet eit viktig turområde og eit besøksmål for turistar og historisk interessaerte.



*Stigarbustaden er den einaste ståande bygningen i gruveområdet på Lykling, men alle murane fortel om eit heilt lite samfunn som blei bygd opp i siste halvdel av 1800-talet.*



*Lykling var den første staden på Bømlo med gatelys.  
Dei forte frå direktørbusstaden og ned til sjøen. Vegen  
og kaien er framleis i god stand.*

### 2.4.7.3. Koparkis

I 1865 vart det skjerpa etter koparkis på Lykling, Steinsvåg, Alvsåg, Hallaråker og Fylkesnes, medan reinare (dvs. koparfattig) svovelkis vart skjerpa etter på Lindøy, Sakseid, Hidle og Espevær. Ved forsøksdrift i gruvene på Alvsåg i 1865-67 fann ein både koparkis, magnetkis og svovelkis, og koparkisen var så rik at det i 1882 vart starta ordinær drift av stort omfang. Dei fleste kisskjerpa i Finnaas Herred vart avslutta etter få månader i 1865. Berre på Lindøy og Espevær var det drift i 1870, og for Lindøy sin del hadde det då med unnatak av 1869 vore kontinuerleg drift sidan 1865. Kontinuiteten i Espeværsskjerpet er usikker. Dette var uansett endeleg avslutta i 1870, medan det vart arbeidd vidare i to hovudgruver og tre mindre opparbeidde gruver på Lindøy.



Ei rekke gruveopningar, ruinar etter bygningar og oppmura vegar fortel om kopardrifta på Alvsåg. T. v. ruin etter direktør-bustaden, som låg ved sjøen.

Gruvene på Alvsåg var i 1870 ikkje i drift og “fulde av vand” iflg. den kjende geologen Amund Helland som var på befaring der då. Driftsbygningane på Alvsåg vart først reist hausten 1882, og det var ikkje drift på Alvsåg mellom 1867 og 1882. I mai 1884 var Helland tilbake på Alvsåg og seier at Vigsnesverkets drift av dei 14 registrerte gruvene og skjerpa vart nedlagt der “nettop i disse Dage”. Det var imidlertid ny drift med nye eigalarar i perioden 1905-1907. Både på Alvsåg og Lindøy er spora etter gruvedrift tydelege. Vass-fylte gruvehol, rustfarga brotstein og singel (“makadam”) samt gamle murar vitnar om pågangsmot og hardt arbeid. Av dei mange kisskjerpa det vart arbeidd i på Bømlo var det berre frå desse to samt frå Raukleiv på Sakseid at det faktisk vart skipa ut kis.<sup>67</sup>

### 2.4.7.4. Granitt

I heile nordre delen av Bømlo er granitt den dominante bergarten. Uttak av granitt byrja på Rubbestadneset i 1863 då svenske sluskar hadde fått i oppdrag å ta ut stein her til Skolte-grunnsmoloen i Bergen. Dette starta ein industri som etterkvart involverte mange bygdefolk frå Innvær, Foldøy, Rubbestadneset, Rolvsnes, Urangsvåg og Gåsland, og heilt fram til slutten av 1940-talet var det deretter bømlingar som i periodar levde av steinarbeid. ”Bergen bygd med bømlogranitt” heiter det i ei overskrift i Naturhistorisk Vegbok for Hordaland.



Husmurar i granitt, Urangsvåg

<sup>67</sup> Frå [www.steinriketbomlo.no/](http://www.steinriketbomlo.no/) /Brynjær Stautland. Sjå nettstaden for meir informasjon om gruvedrifta.

Granitten i Kjøttbasaren i Bergen, veggene i Sandvikskirken samt svært mykje brustein, trapper og kantstein i byen kjem frå Bømlo.

Lokalt lever så vidt enno historiane om finnen "Taipen" og bømlingane Håkon og Knut Urangsæter som hogg ut stein og lagde dei vakraste husmurar, kaiar, trapper og gravsteinar. Og på Goddo står lange granittmonument over karar som fekk kost og losji utanom fiskesesongane for å mura steingardar.

#### 2.4.7.5. Skifer

Frå siste delen av 1800-talet blei det vanleg i Sunnhordland å byta ut dei gamle torvtaka med skifer. Det meste av skiferen som ligg på taka i Bømlo er henta frå Valestrand og Hardanger. Berge er den einaste staden me kjänner til at det er tatt ut skifer lokalt. Skiferen blei tatt ut i to omgangar tidleg på 1900-talet. Det blei laga dropeforma skifer, som blei eksportert. Ved Bergehuset står enno skifersaksa som blei brukt i produksjonen.

##### Prioriterte kulturminne bergverksdrift:

Gullgruvene på Lykling, klebersteinsbrotet på Lykling, kopargruvene Alvsvåg med tufter etter arbeidar-bustadar, kalkomn og gruver på Moster.

#### 2.4.8. Industri

Industrien på Bømlo vaks fram frå starten av 1900-talet, og hadde stordomstida på 1960-talet. På denne tida jordbruket i tilbakegang, medan det var vekst i industri og andre næringar.

Wichmann motorfabrikk AS var den største av verksemdene, med 350 tilsette midt på 60-talet. Det var òg ein del småindustri som verkstader, trevare- og møbelindustri, fiske- og hermetikkindustri og jern- og metallindustri<sup>68</sup>. Eit sær preg for mange av industriverksemdene i Bømlo er at eigarane i stor grad har vore lokale og aktive deltagarar i bedriftene dei eig.

##### Motorfabrikken i Rubbestadneset



Wichmann-smia på Rubbestadneset blir driven som museum. Museet er todelt. Den eine delen er ei samling av Rubb- og Wichmannmotorane frå 1903 til om lag 1956, og den andre delen er ein nøyaktig rekonstruksjon av smia der motorar og delar til desse vart produsert. Smia kan og nyttast til kurs og opplæring for å kunna vidareføra og halda levande det gamle smedfaget.

<sup>68</sup> Bømlo - driftige folk i vakker natur. Kristine Sele, 2013

Utviklinga av den største industriverksemda i Bømlo starta med ei lita vognhjulsfabrikk og ei smie på Rubbestadneset. Haldor Haldorsen, som var son av Martines Haldorsen som eigde fabrikken, måtte ro til Brandasund for å henta varer til faren. Roturen tok tre timer, og gav god tid til å tenka ut alternative måtar å ta seg fram på. I 1903 konstruerte han ein ein-sylindra toktakts glødemotor med ei ytting på 2 HK. Alt i 1913 var det 50 tilsette i verksemda<sup>69</sup>, som i starten heitte M. Haldorsen & son – seinare Wichmann Motorfabrikk AS og i dag Wärtsilä. Dette var den første forbrenningsmotoren som vart sett i produksjon i Norge, og den motoren som skulle dominere i motoriseringa av den norske fiskeriflåten oppetter 1900-talet. Verksemda har hatt fleire opp- og nedturar og har i dag rundt 300 tilsette. Bygningsmassen er utvida i fleire omgangar med mellom anna slipp, verkstadbygg frå 1938 og 1962 og kontorbygg frå 1974.

Då den gamle Wichmann-smia frå 1912 var truga av riving på slutten av 1980-talet, blei det danna ei eiga stifting som bygde smia opp att ved sida av administrasjonsbygget, slik ho såg ut då ho sto på den opphavlege plassen ved sjøen der motorar og delar til desse vart produsert. Her er det mellom anna stilt ut eit stort utval av gamle Rubb-motorar, og smia blir òg nytta til mellom anna kunstutstillingar.

### Meieri

Det blei bygd meieri i Urangsvåg i 1950. Om lag 180 bønder leverte melka si dit. Mjølkebilen henta mjølka i spann frå dei mange mjølkekrakkane rundt om i bygdene. På Finnås gard er både mjølkekrakk og spann bevart. Meieriet blei lagt ned i 1972, og i dag er huset eit senter for kulturarbeid, eigd av Bømlo hobbylag.

### Hermetikkindustri

Hermetikkindustrien i Sunnhordland vokser fram frå slutten av 1800-talet. I Bømlo fekk han aldri same omfanget som i til dømes Kvinnherad og Stord, men fram mot 1960-talet var ei rekke mindre fabrikkar i drift. Fyrvaktarane på Espvær og Slåtterøy var truleg mellom dei første som starta slik produksjon. I Brandasund blei det tidleg etablert ein større fabrikk. R. Waage & Søn blei etablert i 1894/95. Maskinane blei drivne med vatn som kom gjennom ei røyrgate direkte inn i ein vassturbin i fabrikken. I 1916 fekk dei dynamo og elektrisk lys. Fabrikken produserte mellom anna ansjos, sild, røykte sardiner, kaviar, krabbe og fiskebollar, og eksporterte ein del av produkta til utlandet. Han var i drift fram til 1960. Bygningen er del av det særprega miljøet i Brandasund. Han er godt bevart og blir i dag brukt mellom anna til butikk og serveringsstad.

130 menneske hadde sitt arbeid i Hiskens Røgeri, Europas største tidleg på 1900-talet, og miljøet på Hiskholmen ber enno ein dåm av den posisjonen staden hadde gjennom fleire hundre år.

Stavanger Preserving i Mosterhamn, som starta opp så seint som i 1957, var den største og mest moderne fabrikken på Bømlo. Fabrikken hadde både røykeri og presse til emballasjeproduksjon. Her arbeidde det rundt 50 personar på det meste, men mangel på arbeidskraft var ei av årsakene til at drifta blei nedlagt i 1968.<sup>70</sup> I dag går det store bygget under namnet Mostrahuset. Huset blei i 30 år nytta av Bømlo teater som garderobe under Mostraspelet.

**Prioriterte kulturminne industri:** Wichmann-smia (A), verkstadbygg på Espvær (B), hermetikkfabrikkar Brandasund (del av omsynssone A), Vorneset (del av omsynssone A), Mosterhamn (A)

### 2.4.9. Tettstader og offentleg verksemد

Bømlo har få stader som kan karakteriserast som tettstader. I kommunal samanheng snakkar ein om «lokalsenter», som er lokale område med handel og tenester, dimensjonert for et større lokalområde i

<sup>69</sup> sst

<sup>70</sup> Kjelde: Sild i boks. Om hermetikkindustrien i Sunnhordland – Ivar Vaage (1992)

kommunen. I tillegg til kommunesenteret Svortland definerer kommuneplanen fem lokalsenter på Bømlo: Rubbestadneset, Moster, Finnås og Langevåg. I tillegg har Espevær nærsenterfunksjonar.

Historisk har gjerne tettstadene vokse fram rundt handelshus og gjestgjevarstader, og viktige fiskerihamner. Både Finnås, Moster, Langevåg, Espevær og Brandasund kan seiast å ha historiske tettstadmiljø, sjølv om miljøa er små nokre stader. Svortland og Rubbestadneset har derimot få historiske bygningar i sentrum, og har utvikla seg som sentra i nyare tid og med heilt andre utgangspunkt. Dei har likevel nokre bygningar som kan knytast til utviklinga i førre århundre. På Rubbestadneset står «Tippehuset», som er barndomsheimen til Haldor Haldorsen, i sentrum av bygda. Fiskarheimen (i dag Bømlo hotell) og meieriet var andre sentrale bygg i den begynnande tettstaden.

Espevær og Brandasund er omtala i kapittelet «Handels- og gjestgjevarstader».

### **Mosterhamn**

Mosterhamn skil seg ut som eit område med mange kulturminne med eit breitt spenn i både tid og tema. Frå Olav Tryggvason gjekk i land på Moster i 995 og opp til våre dagar har aktivitetar knytt til kyrkje, handel og gruveverksemد vore sentrale i utviklinga av bygda. Desse viktige historiske områda er omtala i eigne kapittel. Mostraparken med Moster gamle kyrkje og Moster amfi er ein av dei viktigaste attraksjonane i kommunen.

Moster var eigen kommune frå Finnås blei delt i tre i 1916, og fram til kommunesamanslåinga i 1963. På Teigland var det tinghus som òg var lokale for Moster sparebank (no rive), medan det tidlegare kommunehuset ligg ved Røyksundkanalen. I dag er Mosterhamn eit lokalsenter med i overkant av 1000 innbyggjarar. Sentrumsfunksjonane er spreidd i ulike delar av bygda. Det er butikk og sjukeheim på Teigland, medan den nye kyrkja ligg på Eikeland og skulen på Grindheim. Fram til Trekantsambandet opna i 2001 gjekk det ferje mellom Mosterhamn og Valevåg.

Moster sogelag driv Moster museum i eit tidlegare butikklokale like ved Sion forsamlingshus. Museet har ei samling gjenstandar som viser ulike sider av dagleilivet i Mosterregionen gjennom dei siste hundreåra. Her kan du mellom anna sjå bilet og utstyr frå sjøfart og fiske, korleis det såg ut i heimen, i skulestova og i ein skomakarverkstad. Museet er ope om sommaren og blir elles brukt av lag og organisasjonar. Sogelaget har gjennom mange år gjeve ut årbok med lokalt stoff, og samarbeider mellom anna med Moster Amfi om å ta imot besökande.



Mosterhamn sett frå Vetahaugen.

## Langevåg

Lengst sør på Bømlo er det fleire vågar med særskilte gode hamneforhold, og ei rekke funn frå steinalderen fortel at dette var eit av dei første områda som blei busette i landet. Det eldste sporet etter aktivitet er ein 11300 år gammal buplass ved Aurebettjødno i Hovlandshagen, som blei funnen i 2019.<sup>71</sup> Grunna landhevinga ligg buplassane i dag eit stykke inne på land. Om busetnaden har vore samanhengande sidan dei eldste tidene veit me ikkje, men i nyare tid vokser det fram handels- og fiskerisentra rundt både Bømmelhamn, Langevåg og Eidesvik. Ei tid hadde bygda to bankar og handel på fleire stader. Bømmelhamn blei ein viktig handelsstad der handelsmannen også hadde kontroll på handelen på Espevær. I samband med dei store sildefiskeria blømde aktiviteten og det var på det meste 60 store saltebuer i området. I dag står berre ei av dei, Sundtahuset, att. Ei anna, kalla Bergensbua, blei flytta heilt til Strømstad i 1905 og bygt opp att som potteri.<sup>72</sup>

Men det finst framleis ei rekke andre sjøhus og sjøbuer som kan knytast til aktiviteten i denne tida. I Bømmelhamn står framleis nausta og sjøhusa tett, men dei fleste av dei er av nyare dato. Sentrumsfunksjonane ligg hovudsakleg i området mellom Langevågen og Vespestadvågen/Eidesvik. Det finst ikkje lenger noko samanhengande historisk miljø i området, men ei rekke viktige kulturminne som ligg spreidd rundt i bygda. Av dei kan nemnast steinalderverkstaden i Sokkamyro, Bømlo gamle kyrkje på Vorland (1621), landets eldste bedehus, Fridtun (1845), Sundtahuset ved Vespestadvågen (1836), Hilleborgstova (ca 1830) og Karinestova (1838). Desse er omtala andre stader i planen. Det er også fleire eldre gardstun i bygda. Fordi berre deler av området er dekkja av SEFRAK-registreringa, manglar me ein god oversikt over bygningane frå før 1900.

I dag er Langevåg ei viktig industri- og fiskerihamn med rundt 1000 innbyggjarar og mange lokale arbeidsplassar. Bygda har sentrumsfunksjonar som skule, kyrkje, butikk, ferjesamband (sidan 1952), omsorgsstasjon og fleire tilbod i kultur- og aktivitetssenteret Langevåg bygdatun. I Eidesvik finst eit motormuseum med ei samling båtmotorar og anna båtutstyr. I Eidesvik er det også båtsamband til Espevær.

## Svortland



<sup>71</sup> Riksantikvaren/Askeladden

<sup>72</sup> Leidarsteind årsskrift 2008

Svortland, som i dag er administrasjonssenter i Bømlo kommune, er ein gamal gard, men er ikkje gamalt som tettstad. Det er heller ikkje funne særleg mange arkeologiske kulturminne på staden, samanlikna med resten av kommunen. Området har likevel stort potensiale for nye funn frå tida før reformasjonen.

Kyrkjestaden låg opphavleg på Gåsland. Etter mykje strid blei det bestemt at den nye kyrkja skulle reisast på Svortland. Ho sto ferdig i 1869. Dette er utgangspunktet for sentrumsutviklinga i området, men utviklinga til ein tettstad skjedde ikkje før mykje seinare. Gjennom det meste av historia har Svortland og Bremnes vore dominert av jordbruk, og i dag ligg eldre gardshus og uthusbygningar, steingardar, vegar, rydningsrøyser og bakkemurar inne i nyare område for næring, bustad og offentlege funksjonar.

Eit av dei viktigaste historiske bygga i kommunesenteret i dag er Gamlebanken. Bræmnes Spareskillingsbank vart skipa i 1860. Dei første åra var han stadig på flyttfot, og hadde gjerne lokale der kasseraren budde. Etter at kyrkja vart bygd i 1869, tok Svortland til å peike seg ut som eit sentrum i bygda, og her fekk banken eit eige bygg i sveitsarstil som sto ferdig i 1916. Gamle banken blei erstatta med eit moderne nybygg i 1975.<sup>73</sup>

Den første butikken i Svortland kom i 1937. Fram til rundt 1950 var det i tillegg til kyrkja bankbygget frå 1916, nokre få bustadhus og ei handfull gardstun i området. I forkant av kommunesamanslåinga skaut utviklinga fart. Då Moster, Bremnes og Bømlo kommunar blei slått saman i 1963, skjedde dette mot folkeviljen i alle tre kommunane. Bremnes var mest folkerik, og fekk kommunehuset med administrasjonen. Huset var alt bygt før samanslåinga. Det same gjaldt gamleheim og ungdomsskule - alt bygd i den enkle og funksjonelle stilene som er typisk for perioden.

Sidan kommunesenteret har relativt få bygningar frå tida før sentrum blei utbygd, er det særleg viktig å ta vare på nokre som kan fortelja historia til staden. Like ved kyrkja ligg det som truleg er blant dei eldste ståande bygningane i sentrum, gardstunet på 109/389 (oppdrag bnr. 6) med våningshus, eldhus og løe. Våningshuset er truleg frå før 1850, og den eldste delen skal stamma frå det gamle klyngetunet på Svortland. Elles ligg to gamle utefjosar tett ved vegen i Leirdalen. Dei er med på å skapa identitet og tilknyting til historia. Ein del steingardar er tekne vare på mellom husa. I heile grenselinja mellom gardane Hollund og Svortland er det samanhengande steingardar.

Eit anna karakteristisk bygg er jugendhuset kalla «Salomons tempel», som ligg sentralt til like bak rådhuset. Huset er bygt i 1919 av Salomon Olson Sortland, som var mange år i Amerika der han dreiv med bygningsarbeid og farming. Huset er utypisk for staden, samstundes som det er solid lokalt forankra med grunnmur i kortreist granitt.

#### 2.4.9.1. Skulane

Før siste delen av 1800-talet var det få faste skulebygningar på bygdene. Skulen gjekk på omgang eller heldt til i leigde lokale rundt om. Men i 1860 kom det krav om at det måtte byggjast skule dersom det var meir enn 30 elevar i distriktet. Dei gamle skulehusa på bygdene blei stort sett bygde etter same mal over heile Vestlandet. Lova sette krav til bygningane: Dei skulle ha eit klasserom på vel 30 kvadratmeter, eit lite kombinert lærar- og materialrom, gang og bislag. Frå 1860 – 1890 blei det bygd 2600 skulehus i Norge.

Det har vore 27 skulekrinsar i Bømlo. I dag er det 7. Det finst såleis mange tidlegare skulebygg i kommunen, som til dels har fått nye funksjonar i bygdene. Det eldste skulebygget i kommunen er Sakseid skule frå 1850. Skulen blei nedlagt 1971, og er i dag brukt av Bømlo husflidslag.

Historia om skulane på Bømlo er utfyllande fortald i boka «Skulesoge for Bømlo» av Bernhard Selle.

---

<sup>73</sup> Meir enn Sirup – om handel og vandel på Bømlo, av Kristine Sele (1999)

### Katla skolemuseum på Skinnhueneset

Skulehuset blei bygd i 1900, etter teikningane til Espevær skule, og er typisk for dei fådelte bygdeskulane på den tida. Det har tent som museum etter at skulen blei nedlagt i 1973. Då blei dei ni siste elevane flytta til den nybygde Erevik skule i nabogrenda. I dag står bygget ganske intakt frå byggjeåret, og er det einaste skulebygget på Bømlo som ikkje er endra seinare. Inventaret er for det meste originalt, anten frå Katla skule eller frå andre skular i kommunen, og museet har òg mykje bilete, skulebøker og anna utstyr frå perioden skulen har vore i drift<sup>74</sup>.



Katla skolemuseum

### Prioriterte kulturminne – Tettstader og offentleg verksemd:

Gamlebanken på Svortland, Katla skolemuseum, Sakseid gamle skule

#### 2.4.10. Organisasjonsliv og forsamlingshus

Det er særleg dei kristne organisasjonane som har sett opp eigne bygningar for aktivitetene sin i Bømlo. Kommunen har ei rekkje bedehus, men frå førkrigstida er det få andre forsamlingslokale for frivillig verksemd. Mange stader fekk dei frilynte ungdomslaga sett opp eigne ungdomshus frå slutten av 1800-talet. I Bømlo har det vore tre ungdomshus – på Espevær, Lykling og Moster, medan det har vore heile 17 bedehus. På Bremnes har det òg vore losjehus, som no er rive, og skyttarhus.

«Bømmeløens Skytterlag», som blei stifta på Lykling i 1887, er truleg det første organiserte laget i Bømlo – i alle fall av verdslege lag. Ved Skyttarstemmen på Lykling ligg to store malmplater som blei nytta som skyteskiver. Skyttarlaget stod på dei uniontrugne si side i spørsmålet om sjølvstende frå Sverige, og var organisert under Centralforeningen for Lægemøvelse og Vaabenbrug (1861). På andre sida stod dei såkalla folkevæpningssamlaga som var på Venstre og Stortinget si side. Den potensielt farlege konflikten

<sup>74</sup> Bømlo-nytt 10.07.2014

organisasjonane mellom vart forsøkt dempa i 1893 då Stortinget slo saman begge organisasjonane til Det frivillige norske Skyttervæsen.<sup>75</sup>

#### 2.4.10.1. Bedehusa

Bedehusa har opphav i lekmannsrørsla og den pietistiske vekkingsrørsla, og tok etter kvart over funksjonen etter husmøta. Det første kjende bedehuset i landet vart bygd i Skien i 1850. Bedehusa har hatt stor tyding for norsk lekmannsarbeid og det lokale miljøet i bygdene. Lenge var det den viktigaste samlingsstaden for innbyggjarane på Bømlo. Frå slutten av 1800-talet og opp mot vår eiga tid blei det bygt ei rekke bedehus på Bømlo. Samlingshuset «Fridtun» i Langevåg blir rekna for å vera Norges eldste bedehus, medan Salem bedehus i Mosterhamn er det eldste bedehuset i kommunen som er i drift i dag. Det sto ferdig i 1899. Nokre av bedehusa er opphavleg bygde som skular, medan andre har fungert som skule i periodar. Dei fleste bedehusa er klassiske kvite trebygningar, men nokre skil seg ut. Det gjeld særleg Vornes bedehus, Klippen, som er bygt i granitt, og det nyaste bedehuset i kommunen – Rubbestadneset – som sto ferdig i 1970, i tidstypisk stil. Av dei 17 bedehus(-bygningane) som finst i kommunen i dag, er fleire dei siste åra selde til private.

##### Samlingshuset «Fridtun» i Langevåg

Det var haugianaren Knut Pedersen Hillestveit, f. 1786, som tok initiativet til å få bygt eit samlingshus på Bømlo . Det sto ferdig i 1845, og hadde stor stove, kammers og gang. Huset blei nytta både som samlingshus og som skulestove og møtestad for bygdefolket. Då Indremisjonsforeninga vart stifta i 1882, fekk dei ansvar for huset. I 1911 bygde dei nytt bedehus, og selde huset til Bømlo privatbank. Seinare har det vore i bruk som telefonstasjon, post- liknings- og trygdekontor. I dag er det Bømlo tur- og sogelag som eig Fridtun. Dei har restaurert bygget og nyttar det som bygdemuseum. Fridtun er det eldste samlingshuset som er teke vare på i Norge.



<sup>75</sup> Brynjar Stautland: Bømmeløens Skytterlag

**Bømlo Tur- og Sogelag: 50 år med kulturvern**

Bømlo Tur- og Sogelag har gjort eit eineståande arbeid med å ta vare på faste kulturminne på Søra Bømlo sidan laget blei starta for nesten 50 år sidan. Ikkje mindre enn åtte hus og 10 turstiar langs gamle ferdslivegar har laget teke ansvar for.

Nokre av husa eig dei sjølv, medan dei har leige- eller bruksavtalar for andre. Tanken om å starta eit slikt lag kom til på slutten av 1960-talet, då historieinteresserte og turgåarar i bygda såg at «den nye tida» hadde ført til at gamle gjenstandar og bygningar som det ikkje var bruk for lenger, tok til å forfalle eller blei kasta. Særleg var bygningstypar som kvernhus og eldhus utsette. I starten blei det oppretta ein kvernhuskomité, med mål om å overta og vedlikehalda kvernhuset i Vorlandsskogen. Bømlo Tur- og Sogelag blei oppretta i 1972. Seinare overtok dei òg Bergehuset, og etter kvart blei det fleire hus. Dei hadde ulike avtalar for dei ulike husa, og ikkje alle var tinglyste. Difor har nokre av husa dei starta med, gått tilbake til eigarane. Likevel har dei altså hand om åtte hus som er restaurerte og godt ivaretakne i dag. Vedlikehaldet er eit kontinuerleg arbeid, som i hovudsak blir utført på dugnad. Medlemene i laget legg ned mellom 2000 og 3000 dugnadstimar i året. Finansieringa av arbeidet elles kjem mellom anna frå sal av årsskriftet Leidarsteidn, som kom ut første gongen i 2001.

Det siste prosjektet er sirkelsaga ved Vorlandsågen, som blei restaurert i 2019. Sjølve huset har fått nytt tak, eit nytt vass-slåk er sett opp, sagbenken og vasskallen er på plass og demningen i Vevikvatnet er reparert slik at saga kan setjast i drift. I tillegg har dei sett i gong med vedlikehaldsarbeid på kvernhuset i Vorlandskogen, huset det heile starta med, og planlegg å gje det eit løft i løpet av sommaren 2020.

Aktiviteten i laget blir stadig utvikla vidare med ulike arrangement knytt til husa og turstiane dei forvaltar. Rekrutteringa til laget er god. I dag er dei runt 300 medlemer. Dei samarbeider mellom anna med Hillestveit skule, der kvart klassesteg har ansvar for ein tursti. Elevane besøker òg husa og deltek i ulike aktivitetar. For bygda elles er det ulike arrangement og foredrag både på Langevåg bygdatun og i dei ulike husa. Til 50-årsjubileet i 2022 planlegg dei å gje ut bok.

**Hus Bømlo tur- og sogelag har ansvar for:**

**Fridtun**, som truleg er Norges eldste bedehus

**Bergehuset** med smie

**Hilleborgstova**, som har vore fattigstove og skomakarverkstad

**Kvernhusa** i Bergeseidet og Vorlandsskogen

**Karinestova**, vilkårshus på Hovland

**Ådnahytta** kystvakthytte

**Sirkelsaga** ved Vorlandsågen

Husa er prioriterte i kulturminneplanen med omsynssone, og er omtala andre stader i planen.



*Yngve Eilertsen og Sigmund Stensen  
tettar taket på Karinestova.*

*Foto: Bernt Emil Vika*

## 2.4.11. Kulturminne knytt til segner, historier og personar

### 2.4.11.1. Tora Mostrastong

Tora Mostrastong (Thora Mostaff) vert omtalt av Snorre. Ho høyrdet til ei av dei gjævaste ættene på Vestlandet i vikingtida, Horda-Kåreætta frå Moster. Såleis var ho i slekt med både Ramna-Floke, den lovkunnige Torleiv Spake og Erling Skjalgsson frå Sola. Tora tyder "den kjempesterke", og Tora var ei staut og svært vakker kvinne. Tilnamnet "Mostrastong" fekk ho truleg av di ho var høgreist og stolt.

Harald Hårfagre var konge i Noreg ca. 872-933. På Moster møtte han Tora som tidleg kom i kongen si teneste. Sjølv om ho var rekna som tenestejente, var Tora alltid medvitn om kva ætt ho kom frå.

Då Harald Hårfagre var rundt 70 år gammal, fekk han og Tora ein son. Tora visste å krevja sin rett og reiste til kongsgarden på Seim då tida for fødselen nærma seg. Guten vart fødd på vegen dit (på Håkons-hella), og Sigurd Jarl auste vatn over han og gav han namnet Håkon etter sin eigen far, Håkon Ladejarl. Tora hadde stor omsorg for kongsemnet Håkon. Som 10 åring vart han send til kong Adelstein i England for å bli oppfostra der. Dette gav han tilnamnet Adelsteinsfostre. Då han var rundt 20 år, kom han attende til Noreg og tok over kongemakta frå bror sin Eirik med tilnamnet "Blodøks".

Håkon styrte landet til han døydde etter slaget på Fitjar i 961. Han var ein kunnskapsrik og stort sett folkekjær konge som fekk tilnamnet "Den gode". Håkon den Gode vert rekna for grunnleggjar av leidangen - eit forsvarssystem for landet. Han gav Gulathinget ny kraft og styrkte samlingsverket som far hans hadde utført, og han starta også kristningsverket i Noreg. Tora var trufast ved sonen si side og fullførte "kallet" som kongsomor.



Bronsestatuen av Tora er laga av kunstnaren Arne Mæland og vart avduka på Moster i 2004 av skodespelar Agnetha G. Haaland. Statuen skal vera eit symbol på den sentrale rolla kvinner har spela i samfunnet gjennom tidene, men som har fått så altfor liten plass i historiebøkene. Vikingkvinnen Tora Mostrastong har nok spela ei meir sentral rolle i vår historie enn dei fleste anar.

### 2.4.11.2. Peder Harboe Hertzberg

#### Potetpresten på Finnås

Peder Harboe Hertzberg blei født på Davik prestegard i Nordfjord i 1728. Far hans fekk seinare stillinga som sokneprest i Finnås, og Peder begynte på latinskulen i Bergen. Han gjekk rett inn på det høgste nivået, og blei uteksaminert i 1746, 18 år gammal. Etter teologiske studiar i København fekk han stilling som kapellan i Finnås prestegjeld i 1754. Då faren døde i 1764, fekk Peder stillinga som sokneprest. Seinare blei han òg prost i Sunnhordland. Hertzberg blei verande på prestegarden på Finnås livet ut, heilt til han døde 74 år gammal i 1802. Tre av sønene hans blei òg prestar.

#### Lege og botanikar

Hertzberg var langt på veg det me kan kalte eit multitalent, eller eit universalgeni. Han var ein meister i både gresk og latin. På eiga hand hadde han lært seg engelsk, tysk og fransk. I tillegg studerte han både geologi, kjemi, botanikk og medisin heime på prestegarden.

Hertzberg si interesse for botanikk og medisin resulterte i at han laga ein eigen urtehage på prestegarden, kor han dyrka urter som han meinte kunne vere helsebringande og ha medisinsk effekt. Soknepresten fungerte som lege for heile prestegjeldet. Som regel hadde han medisin og urter som kunne hjelpe til med å lege eller lindre plagene deira, og han tok aldri meir betalt enn det det hadde kosta han å skaffe medisinen. Dei fattigaste slapp å betale for medisinen og. På spørsmål om han ikkje skulle ha betaling svara han alltid: «Jeg er Prest og ikke Læge eller Professor».

Peder Harboe Hertzberg var levande oppteken av folkeopplysing, og gjorde kva han kunne for å styrke skulen. Han var oppteken av å undervise på ein praktisk måte som var forståeleg for dei lite opplyste bøndene, og han gjorde mykje for å lære bøndene samanhengen mellom hygiene, kosthald og helse. Det var i denne samanhengen han såg nytten av å starte med dyrking av den nye planta, nemleg poteta.

#### Ein hatt med poteter

Det var prost Atke av Hardanger som var den første som innførte potetplanta til Noreg i 1758. På ei reise til Holland fekk han med seg heim nokre såpoteter som han planta i hagen sin på prestegarden i Kinsarvik. Av avlinga etter desse potetene fekk Hertzberg med seg ein hatt med poteter heim til prestegarden på Finnås. Våren 1759 sådde han desse plantene i hagen sin på prestegarden, og det var med stor interesse han observerte kor stor avling den nye planta gav. Han skjøna raskt at poteta kunne vere til stor nytte for bøndene i Sunnhordland, som sleit med lite mat på grunn av dårlige kornavlingar. Første halvdel av 1700-talet var prega av lange vintrar og kalde somrar på våre trakter. Bøndene sleit med å få kornavlinga moden før vinteren sette inn.



#### Sterk motstand

Hertzberg sine forsøk viste at ein dekar med poteter kunne gi seks gonger så stor avling som ein dekar med korn. Dessutan kunne ein setje poteter utanfor kornåkrane, slik at potetdyrkinga ikkje la beslag på åkerarealet til kornet. Soknepresten på Finnås gjorde kva han kunne for å overtale bøndene i prestegjeldet til å dyrke poteter, men motstanden var stor. I starten var folk skeptiske til å ete noko som vaks under jordoverflata. Gammal overtru ville ha det til at alt under jorda høyrdde dei underjordiske til, og derfor var farleg for menneske. Etter kvart ville enkelte ha det til at dei som åt poteter lettare blei spedalske enn andre. Ifølgje Hertzberg, så var den misvisande påstanden om at poteta gjorde kvinnene meir fruktbare, det som fekk flest folk i Sunnhordland til å vegre seg mot å ete poteter.

#### Bok om potetdyrkning

Hertzberg brukte alle høve han hadde til å tale varmt for potetdyrkninga, enten det var frå talarstolen i kyrkje, i konfirmantundervisninga eller i andre møte med folk i bygda. I 1764 fekk han gjeve ut den vesle boka med namnet «Underretning for Bønder i Norge om den meget nyttige Jordfrukt Potatos, at plante og bruke, af egen Erfarenhed forestillet». Denne boka vekte stor interesse over heile landet, og den enkle og pedagogiske rettleiinga i boka har mykje av æra for at ein begynte å dyrke meir og meir poteter fleire og fleire stader i landet.

Rundt 1760 starta Hertzberg å leve poteter til garnisonen i Bergen. Ryktet om den nye rotfrukta spreidde seg snart ut til folk i byen, og desse starta å etterspørje poteter. No ville også kjøpmennene langs skipsleia kjøpe poteter av bøndene, og det var denne etterspurnaden som for alvor sette fart i potetdyrkninga i Sunnhordland. Det var bøndene på Stord, Bømlo og i Sveio som var dei første til å selje poteter til Bergen. Deretter kom Hardanger og resten av Sunnhordland på banen. Rundt 1800 blei det seld om lag 15 000 tønner poteter i Bergen til ein verdi av 25 000 riksalar, og det aller meste av dette kom frå Sunnhordland og Hardanger.



### Sild og poteter

Etter at bøndene hadde starta å dyrke poteter for sal, starta dei gradvis å bruke poteta sjølv. Potetsalet gav bøndene pengar som dei brukte til å kjøpe korn. Dette kornet kom i hovudsak frå Danmark. Då engelskmennene under Napoleonskrigane blokkerte skipstrafikken mellom Noreg og Danmark, fekk ein ikkje lenger korn inn til landet. Då blei poteta redninga for bøndene i Sunnhordland. I krisetidene rundt 1814, var det poteta, sjølvsagt og saman med silda, som berga dei frå svolt og hungersnaud. Etter dette var poteta ein etablert del av kosthaldet i heile landet.

Hertzberg kan med rette kallast «Potetpresten», men han blei og kalla «Treskopresten». Han skal nemleg ha lært bøndene og fiskarane i prestegjeldet å lage tresko, og han lærte dei nytten av å bruke tresko samanlikna med dei därlege skinnmokasinane dei brukte før. Med ullsokkar og tresko heldt ein seg både tørr og varm på føttene, noko som var viktig for å halde seg friske.

### Eit mønsterbruk

Sonen til Hertzberg har skrive om livet på prestegarden og om far sin. Han skreiv mellom anna at prestegarden blei driven som eit mønsterbruk i Hertzberg si tid. Då Hertzberg tok over prestegarden på Finnås, blei det berre hausta rundt 30 tønner havre av sju tønner såkorn. Det var heile avlinga. I 1803 derimot, blei det hausta 65 tønner havre av tolv tønner såkorn, og det blei hausta ti tønner bygg og 35 tønner poteter.

Folketeljinga i 1801 viser at det budde mange folk på prestegarden. I hovudhuset budde soknepresten saman med kona Christiane, ei ugift voksen dotter, ein gift son som var kapellan i prestegjeldet og kona hans, og dessutan soknepresten si svigermor på 93 år. På garden budde det ikkje mindre enn ni tenestefolk, seks menn og tre jenter, som tok seg av gardsarbeid og hushald. Dessutan hadde kapellanen sin eigen dreng.


På garden budde det to gifte husmenn. Den yngste av desse var 37 år gammal. Kona hans, som var i sitt tredje ekteskap, var 67 år gammal. Dei hadde ei tenestejente på 36 år. Den andre husmannsfamilien på prestegarden hadde fem barn. Til saman budde det 27 personar på prestegarden i 1801, og soknepresten hadde ord på seg for å vere omsorgsfull, rettferdig og raus mot dei alle. Hertzberg var også god og raus mot resten av bygdefolket i prestegjeldet. Livsmottoet hans var at han ville vere eit godt eksempel og førebilete for sine soknebarn. Han meinte at ein god kristen viste det i sine gjerningar mot sine medmenneske. Når nokon talte nedlatande og dømmande om andre menneske, pleidde han å seie at den høgste dommaren også var den mildaste dommaren.

Då Peder Harboe Hertzberg døyde i 1802 hadde han sett djupe spor etter seg. Tre av sønene hans gjekk i fotspora hans og blei sokneprestar i Sunnhordland. Hans gode ettermæle levde lenge i bygdene våre, og han var eit godt forbilde for dei som kom etter han. Når me veit kor nyttig arbeidet hans for å fremje folkeopplysing har vore, og kor mykje hans innsats for å fremje potetdyrkingsa betydde, så vil eg påstå at tilnamnet «potetpresten» må seiast å vere ein ærefull og treffande tittel.

Teksten er ei forkorta utgåve av Sverre Halleraker sin artikkel «Potetpresten på Finnås. Lege, vitskapsmann og universalgeni». Heile artikkelen kan du lesa på [www.sverre-halleraker-lokalhistorie.no](http://www.sverre-halleraker-lokalhistorie.no)

#### 2.4.11.3. Kjøpholmen

Norskfødde Cornelius Cruys (oppf. Niels Olsen, [1657 - 1727](#)) var tsar Peter den Stores viseadmiral. Tsaren ville ha ein flåtebase på Vestlandet, og sende admiralen for å forhandla om kjøp av Kjøpholmen i Goddeosen. Etter soga skal den russiske delegasjonen ha kome med eit bod som sa at dei ville dekke heile holmen med



sølvmyntar, men bodet blei avslått. Heller ikkje tilbodet om å dekke holmen med sølvmyntar på høgkant imponerte eigaren. Handelen vart aldri noko av, men historia er no markert ved at tusenvis av utrangerte 50-øringar vart samla inn og limt på berget sørvest på holmen. Oppveg på Krunenes er det plassert ein benk og info-tavle om historia. Det er Bømlo kunstlag som har gjennomført dette kunstprosjektet i samband med laget sitt 30-årsjubileum i 2012.<sup>76</sup>

#### 2.4.11.4. Historia om Russa-Marto

Russa-Marto (d. 1763) var gift med Endre Haldorson Gåsland, d. 1752. Dei budde på garden Særsten.

Bømlo bygdebok fortel historia om Russa-Marto slik: Etter segna skulle Marita vera av russisk ætt. Her i bygda vart ho kalla «Russa-Marto». *Ho vart kjend med Endre på den måten at ho var kokke hjå tsaren av Russland som var i sendeferd til Kjøbenhavn samstundes som Endre var i militærteneste der. So bar det til at ho skulle ha barn med dåverande prins Carl av Danmark, og for at dette ikkje skulle koma ut, vart det kunngjort for eit norsk regiment av marinesoldatar, som då var i Kjøbenhavn, at den som ville gifta seg med jenta skulle straks verta fri tenesta og få reisa heim. Endre steig då fram og sa seg viljug. Dei vart sende oppover med eit orlogsfarty som skulle til Bergen, og vart sette iland i Øklandsvågen.*

Marta hadde ei stor kiste med seg med grovsmidd beslag og lås. Denne kista har vore i ætta si eige til straks før siste verdskrigen, og var kalla «Russakisto».<sup>77</sup> Det er ikkje kjend om det finst faste kulturminne som kan knytast til denne historia.

#### 2.4.11.5. Gravsteinen over Ole Bertin Pettersen (1917 – 1942)

På Foldøy gamle kyrkjegard står gravsteinen over Ole Bertin Pettersen, som var av romanifolket. Lokalt blei romanifolk kalla «splintar». På ein plakett sett opp av Landsorganisasjonen for Romanifolket står det: «Her hviler en son av romanifolket Ole Bertin Pettersen, f. 6. januar 1917. Uskyldig skutt og drept av tyske soldater under 2. verdskrig,



<sup>76</sup> Bømlo-nytt 06.02.2012

<sup>77</sup> [www.russamarto.no](http://www.russamarto.no)

11. september 1942. Ole Bertin bodde med sin familie i naustet til Martines Haldorsen på Rubbestadneset, hvor ugjerningen fant sted.» Romanifolk som reiste sjøvegen (båtreisande) var innom hamner mange stader på Bømlo. Sidan dei ikkje var bufaste, er det få faste kulturminne etter dei. Dette gravminnet er såleis eitt av få synlege minne me har som fortel om denne delen av historia.

#### **2.4.11.6. Kenneth Sivertsen-heimen**

Kenneth Sivertsen (1961 – 2006) frå Moster var eit multitalent som laga musikk i mange stilartar. Han var både songar, komponist, poet, artist, humorist og ein særleg dyktig gitarist. Sjølv om han berre blei 45 år gammal, har han etterlatt seg ein stor produksjon innan både klassisk, visesong, jazz, populærmusikk, samtidsmusikk og rock. Han laga mellom anna to symfoniar. Huset til Kenneth Sivertsen i Grindheimsvågen inneheld mange gjenstandar og minne frå livet og produksjonen hans. Det blir stilt til disposisjon for kunstnarar som ønskjer å bruka tid i «Kenneth Sivertssens landskap». Ei eiga stifting forvaltar huset.

#### **Prioriterte kulturminne knytt til segner, historier og personar:**

«Katedralen» på Finnås prestegard (A), Kjøpholmen (B), gravstøtte på Foldrøy gamle kyrkjegard (del av omsynssone A), Kenneth Sivertsen-heimen (B)

#### **2.4.12. Krigsminne**

Under andre verdskrigene vart Bømlo med sitt naturgjevne mylder av øyar ut mot våre allierte på andre sida av Nordsjøen eit sentralt knutepunkt for motstandsørslse. Med fiskeskøyter organiserte sjovande ungdomar, to prestar og lensmannen transport av flyktningar, agentar og våpen mellom Bømlo, Shetland og Skottland. Svært mange av skøyttene i denne farten langs heile kysten hadde Rubb-motor. Den solide motoren med reservedelar levert illegalt frå fabrikken i Rubbestadneset fekk mest legdestatus i denne tida. Men det var ei vond tid med ein ufatteleg innsats- og offervilje. Forliset av Blia som gjekk ut frå Øklandsvågen og forliste i stormen med 43 menn, kvinner og barn om bord i november 1941, representerer den største tragedien under englandsfarten. I Kvednavikjo har Bremnes Fryseri teke godt vare på ei uteløe som vart nytta som venterom til Shetlandsfarten derifrå. I 1954 blei filmen «Shetlandsgjengen» spelt inn på Bømlo.



*Observasjonsbunkeren på Hiskjo*

På Brandasundsåta står enno bunkersen etter ein tysk, bestykka observasjonspost.<sup>78</sup> På toppen av Gjø-hammaren på Hiskjo ligg ein flymeldepost med observasjonsbunker og splintmur etter forlegnings-brakke<sup>79</sup>. Posten var opphavleg norsk men blei overtatt av tyskarane under krigen.

På kystvakthytta på Ådno var det utplassert nøytralitetsvakt under krigen.

### Lauritshola

Hola på Samnungsøya, der motstandsmannen Laurits Klubben gjøymde seg etter at heimen hans vart brent ned av tyskarane i 1945, blir kalla Lauritshola. Det er sett opp eit minnesmerke på øya.

### Krigsminnesmerke

Etter krigen blei det sett opp minnesmerke over falne i heimbygdene deira. Mange blei reist i løpet av dei første åra etter krigen, men nokre har kome til så seint som på 1990-talet. Det finst ei rekke slike minnesmerke i kommunen:

Espevær:	Minnesmerke over falne/omkomne, reist i 1946 – 48
Hillestveit, ved kyrkja:	Minnesmerke over falne/omkomne, reist i 1946 – 48
Lykling, ved kyrkja:	Minnesmerke over falne/omkomne, reist i 1946 – 48
Ytre Håvik:	Minnesmerke over fire britiske flygarar som fall då flyet deira vart nedskote over Børøyfjorden. Ligg ved tidl. Rv. 541 ved nedkjøyringa til Klubben. Privat tiltak med kommunal medverknad, sett opp i 1993
Eikeland, ved kyrkja:	Minnesmerke over falne/omkomne, reist i 1946 – 48
Teigland:	Minnesmerke over omkomne i «heimeflåten», på kyrkjegården ved gamlekyrkja. Ukjend år.
Svortland, ved kyrkja:	Minnesmerke over falne/omkomne, reist i 1946 – 48
Svortland:	Minnesmerke over omkomne ved «Blia»-forliset. Sett opp på kommunal grunn vest for Bremnes kyrkje i 1991.



<sup>78</sup> Brynjar Stautland

<sup>79</sup> Askeladden.no

**Prioriterte kulturminne – Krigsminne:**

Flymeldepost Hiskjo, observasjonsbunker Brandasundsåto, uteløe i Kvednavikjo (B), Lauritshola, alle krigsminnesmerke.

### 2.4.13. Framtidas kulturminne

Kva etterlet me oss for framtida? Det er vanskeleg å sei i dag kva kva dei som kjem etter oss ser verdien i å bevare for å fortelja vår tids historie. Kva som er verd å ta vare på handlar ikkje berre om historie, men òg om kvalitet. Ein del av dei bygga me set opp i dag manglar kanskje kvalitetar knytt til handverk, materialbruk og arkitektur som vil gjera at framtidas kulturvernalar engasjerer seg for å bevare dei. Kanskje er «riv skiten», som det ofte blir sagt om mykje gamalt, det einaste rette å gjera med ein del av det me har rundt oss i dag?

Samstundes blir det òg bygt mykje nytt som held høg kvalitet på desse områda. Det gjeld både for privatbustadar og offentlege bygg, men kanskje i mindre grad for næringsbygg. Sett frå 2020 kan me kanskje rekna med at dei mange bruene som knyter øyriket Bømlo saman og har endra samferdsla totalt i løpet av dei siste 50 åra, er dei viktigaste monumenta me etterlet oss frå vår tid?



Næringsbygg, Bremnes, b. 2019.



Bømlabrua opna i 2000. Foto: Geir Einarsen

## 3. del: Planforslaget

Kulturminneplanen for Bømlo byggjer på innsamla materiale, både frå tidlegare registreringar og nyregistrering som er gjort med dette planarbeidet som mål.

### 3.1. Grunnlag for prioriteringar

I samband med planarbeidet, er verneverdien av registrerte kulturminne vurdert. Vurderinga er gjort ut frå eit sett kriterium som er sette av Riksantikvaren, og i samråd med regional kulturvernmynde. Hovudvekta er lagt på objektet sin verdi som kulturminne, medan teknisk verdi, eigar si mening om bevaring, eller reguleringssstatus har kome i andre rekkje. Der det er gjort eit utval mellom fleire likeverdige objekt, kan slike kriterium likevel bli avgjeraande for vurderinga. Arkeologiske kulturminne, som er automatisk freda, er haldne utanfor denne vurderinga. Oversikt frå Askeladden over automatisk freda kulturminne er med som vedlegg.

Det at kommunen har registrert eit objekt, betyr ikkje utan vidare at det har eit vern eller er vurdert som verneverdig. Vurderinga av verneverdi er gjort i etterkant av registreringa. Her er objekta plasserte i klasse A eller B, der A er objekt med særleg høg verneverdi, som har eit formelt, lokalt vern (omsynssone H570 eller H550). Klasse B omfattar objekt med høg lokal verdi som er listeførte som verneverdige, men ikkje formelt verna, medan resten er registrerte kulturminne med varierande, lokal verdi. Kommunen har førebels ikkje eit komplett register over lokale kulturminne.

Inndelinga byggjer på klassifiseringssystem brukt i andre kommunar/fylke, men er tilpassa lokal bruk då det ikkje finst ein «nasjonal standard». Nærare definisjonar av kriterium og retningslinjer for forvaltning av kulturminne i dei ulike klassane er gjort greie for i det følgjande, saman med oversikter over verneobjekt. Klasse A omfattar færrast kulturminne/kulturmiljø, og har fyldigast omtale. For klasse B ligg det ved liste.

### 3.2. Nyregistrering og samordning av registrert materiale

I samband med oppstart av arbeidet med kulturminneplanen i 2013, blei SEFRAK-registeret gjennomgått og det meste av dei registrerte kulturminna blei fotograferte på nytt. Dette biletmaterialet er eit viktig grunnlag for arbeidet med kulturminneplanen, saman med tidlegare registreringar.

Det har vore krevjande å samla og systematisera det materialet som er samla inn og som finst i ulike register frå tidlegare. Det har vore ei utfordring at det manglar eit registreringssystem som kan omfatta alle kulturminne, anten dei er av nasjonal, regional eller lokal verdi. Arbeidet med å systematisera informasjonen og gjera den tilgjengeleg mellom anna i digitale kart, vil difor måtte halda fram etter at planen er vedtatt. Dette er sett opp som eit viktig tiltak i handlingsplanen (del 4). Fram til den registrerte informasjonen er lagt inn i offisielle databasar, er alt registrert materiale samla i lokale register og biletarkiv som Bømlo kommune har tilgang til. Oversikter over dei kulturminna som er peika ut som spesielt verdifulle, blir gjort offentlege saman med planen.

### 3.3. Eksterne planar og rapportar som omfattar kulturminne i Bømlo

I tillegg til oversikten over freda kulturminne i Askeladden og kulturminna som ligg inne i SEFRAK-registeret, finst det ei rekkje andre planar og rapportar frå det offentlege som omfattar kulturminne i Bømlo. Mellom anna har Hordaland fylkeskommune laga oversikter over handels- og gjestgjevarstader og

verneverdige sjøbruksmiljø. Det at eit kulturminne/kulturmiljø er nemnde i desse oversiktene gjev ikkje automatisk nokon formell vernestatus. Det gjer heller ikkje Riksantikvaren sin oversikt over «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Her er det likevel lagt tydelege føringar for korleis kommunane bør forvalta desse områda og ta dei med i sine kommune- og kulturminneplanar.

### 3.3.1. «Verneverdige sjøbruksmiljø i Bømlo kommune»

#### **Forprosjekt til kystsoneplan for Sunnhordland (1989) og kulturminnetema til interkommunal strandsoneplan (2015)**

Kystsoneplan for Sunnhordland og delrapporten for kulturminne som blei laga i samband med Interkommunal strandsoneplan i 2015 har oversikt over verneverdige sjøbruksmiljø, kategorisert i A – B – C-kategoriar der A er definert som «særs høg verneverdi», B som «høg verneverdi» og C som «lågare verneverdi». I planen frå 1989 er tre miljø i Bømlo klassa som A: Holmesjøen, Espenvær og Hiskjoholmen (Hiskholmen). I rapporten frå 2015 er seks miljø vurdert å vera i klasse A: Espenvær, Geitung, Hiskjoholmen, Holmesjøen, Slåtterøy og Øklandsvêgen. Definisjonane er litt annleis sjølv om kategoriane har same namn. Årsaka til at fleire er med i den siste rapporten, er truleg at dei som er att har fått høgare verdi etter kvart som mange av miljøa har blitt endra eller heilt borte. Interkommunal strandsoneplan blei aldri vedtatt og er såleis ikkje gjeldande, men kulturminnerapporten er likevel eit viktig grunnlagsdokument for anna planarbeid.

### 3.3.2. Kystsoneplan for Sunnhordland

Desse tre områda i Bømlo kommune er peika ut som regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne:

#### **Fitjarøyane (Fitjar og Bømlo kommune)**

Fitjarøyane har store naturverdiar. Dette inkluderer fleire gyteområde, tre sjøfuglreservat, større område med svært viktige (verdi A) og viktige (verdi B) naturtypar. Fleire av øyene er registrert som svært viktige (verdi A) område for kystlynghei. Deler av området er registrert som kulturminnerik strandsone, og store deler av området er registrert som landskap med kulturhistorisk verdi. Store deler av området har dessutan potensiale for marine kulturminne. Det ligg fleire sjøbruksmiljø i fredingsklasse i Fitjarøyane, med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i (verdi A). Fleire av øyane er synt i kommuneplanen med omsynssone kjerneområde for kystgardar eller kystlynghei. Det ligg fleire statleg sikra friluftsområde innan sona, og store deler av området er registrert som svært viktige regionale friluftsområde. Deler av området er dessutan omfatta av omsynssone for friluftsliv i Bømlo kommune. Landskapet i Fitjarøyene er registrert med stor verdi. NOU 1986: 13 ”Ny landsplan for nasjonalparker” fremja forslag om å verna Fitjarøyane som nasjonalpark eller landskapsverområde. Lynghelandskapet var den viktigaste enkelfaktoren som tala for vern i 1986. Dette møtte motstand, og Fitjar kommune fekk i 1992 (St.meld. nr. 62 Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge, 1991-92) godkjent Kommunedelplan 1989-1997 for Øyane som eit alternativ til vern.

#### **Børøyfjorden – Kanalane**

Deler av området er omfatta av omsynssone for natur i kommuneplanen. Det er fleire registreringar av viktige (verdi B) og lokalt viktige (verdi C) naturtypar innanfor området, og det er fleire gytefelt innanfor sona. Det ligg eit anadromt vassdrag innanfor sona. Den austlege delen av området er registrert som kulturminnerik strandsone, og den sørlege delen av sona har potensiale for marine kulturminne. Området har fleire statleg sikra friluftsområde, og store deler av området er registrert som svært viktige (verdi A) og viktige (verdi B) regionale friluftsområde. Store deler av sona er omfatta av omsynssone for friluftsliv i kommuneplanen for Bømlo. Landskapet i området er registrert med stor og middels verdi.

### Espevær - Holsøyane

Området har fleire sjøfuglreservat, fleire område med svært viktige (verdi A), viktige (verdi B) og lokalt viktige (verdi C) naturtypar, blant anna svært viktige (verdi A) kystlyngheiområde. Espevær er ein del av eit område registrert med kulturminnerik strandsone, og heile den sørlege delen av området er landskap med kulturhistorisk verdi. Dei sørlege delane har dessutan potensiale for marine kulturminne. Det ligg fleire sjøbruksmiljø i fredingsklasse på Espevær, med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i (verdi A).

Lenke til plandokumentet: <https://samarbeidsraadet-sunnhordland.no/prosjekt/interkommunal-strandsoneplan>

### 3.3.3. Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

To større område i Bømlo kommune har status som «Kulturhistoriske område av nasjonal interesse» (KULA). Dette gjeld området frå Bergeseidet til Espevær, og eit større område som omfattar Fitjarøyane og inkluderer dei nordlegaste øyane i Bømlo.



Desse er med i eit register Riksantikvaren har utarbeidd for å få oversikt over viktige kulturhistoriske landskap over heile landet. Registeret omfattar både jordbrukslandskap og andre landskapstypar. Målet er å bidra til auka kunnskap og medvit om landskap i kommunane og å styrka forvaltninga av verdifulle kulturlandskap. Riksantikvaren oppmodar kommunane om å synleggjera og i vareta landskapsverdiane i sine arealplanar, og ha eit medvite forhold til desse verdiane i samband med utvikling av områda.

I rapporten «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland» er det sagt følgjande om årsaka til at desse områda har nasjonal interesse, og korleis dei bør forvaltast:

**Søre Bømlo – Hespriholmen: Steinalderlandskap med grønsteinproduksjon**

Søre Bømlo er eit område som i nasjonal samanheng er særskilt rikt på lokalitetar frå steinalderen knytt til grønsteinsproduksjon i eit omfang ein kan omtale som industrielt. Funna har stor tidsdjupne og høg kunnskapsverdi og pedagogisk verdi. Steinbrotet på Hespriholmen er det største i landet frå steinalderen og saman med lokalitetane på Bømlo kjem eit heilskapleg samfunn knytt til grønsteinsutvinninga til syne som er eineståande i nasjonal samanheng.

**Sårbarheit og retningsliner for forvalting:** Området er sårbart for utfylling av og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det. I Langevåg sentrum bør reguleringsplan sikre dei nasjonalt verdfulle kulturminna. Hummerparken er freda etter kulturminnelova §§ 15 og 19.

**Fitjarøyane: Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia**

Plassering Fitjar og Bømlo kommunar. Areal: 93 km<sup>2</sup> Området ligg i landskapsregion 20) Kyst-bygdene på Vestlandet.

Landskapet ligg nordvest for Stord, med Selbjørnsfjorden i nord, Midtfjellet i aust, Stokksundet i sør og ope hav i vest. Sjøen er golvet i landskapsrommet og det som bind landskapet saman, og leia her tek ein forbi Stord og dei mange Fitjarøyane. På Stord og på Fitjarøyane er det gode hamner med strategisk plassering. Øyane er låge og lyngkledde, og dei har rikt tilfang av kulturminne med stor tidsdjupne som vitnar om den rike kulturhistoria i områda her ved leia. Her er småbruk, torvmyrar, ventestader, naustmiljø og privilegerte handelsstader. Staden Fitjar aust om leia har store, dyrkbare område og god tilgang til vatn. Saman med den strategiske posisjonen ved leia gav dette grunnlag for at eit maktsete kunne vekse fram. Busetnad i området tok til i steinalderen, ved dei mange matrike straumane mellom Fitjarøyane. I bronsealderen busette folk seg lenger aust, dei første gardane der låg i skråningane frå Fitjar sentrum til Rimbareid i sør. Rike funn og storlagne gravrøyser som flankerer leia forbi staden Fitjar, vitner om at der truleg var gardar med stormenn alt i bronsealderen. Busetjinga på Fitjarøyane har i lang tid hatt kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk. Lyngbrenning gav beite for utegangarsau og torvuttak i myrane gav brensel. På øyer og holmar, ved viker og sund, ligg små bruk ikkje langt frå naust og kai. Landskapet på Fitjarøyane er i dag sterkt prega av denne driftsmåten, og Fitjarøyane er eit av 23 nasjonale referanseområder for lyngheilandskap. Skipsleia deler seg i tre i Fitjarøyane: den ytre leia, Nyeleia og Engesundleia. Langs desse ferdselsårene ligg gamle handels-, gjestgjevar- og ventestader. På Gisøya ligg handels- og gjestgjevarstaden Brandasund frå 1600-talet. Fiskehandelen her ved det rike fiskekfeltet går truleg langt tilbake i tid. Ein av dei store marknadsplassane i Hordaland i mellomalderen har truleg lege på Selsøya ved Brandasundet, og stadnamnet Torgjo fortel om ein stad der varer vart selde. Bøndene frå fjellbygdene og indre fjordbygder selde tømmer, huder og skinn, haukar og falkar i byte for fisk, salt og varer frå andre land. Staden var kjent for Hansaskip på veg til Bergen, og er teikna inn på eit hollandsk kart frå 1624. Brandasund blomstra i det store sildefisket på 1700- og 1800-talet. Engesund ligg ved Engesundsleia og var kjend som tingstad i 1650. Den er eit av dei fyrste kremmarseta utanfor Bergen.

Lyngheilandskapet knytt til småbruka på Fitjarøyane er framståande i nasjonal samanheng og har stor visuell styrke. Handelstadane i Brandasund og Engesund ved leia har stor tidsdjupne. Gravrøyssene langs leia vitnar om at Fitjar ein gong var eit maktsete.

**Sårbarheit og retningsliner for forvalting:** Landskapet er sårbart for tett utbygging og oppføring av store bygningsstrukturar nær gravhaugane som viser veg mot Fitjar. Fitjarøyane er sårbare for gjen-groing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på land og sjø. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det.

## 3.4. Forvaltning av kulturminne

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for forvaltinga av kulturminne og kulturmiljø i Norge. Forvaltninga er fordelt mellom fleire nivå der kommunane særleg har eit stort ansvar for nyare tids kulturminne.

### 3.4.1. Arkeologiske kulturminne

Riksantikvaren er øvste faglege styresmakt for forvaltinga av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø, og forvaltar desse i medhald av kulturminnelova av 1978, nr 50. Riksantikvaren har mellom anna som mål for forvaltinga at den skal styrke allmennheita si interesse og ansvarskjensle for dei arkeologiske kulturminna og kulturmiljøa.

- Alle faste arkeologiske kulturminne, kjente og ukjente, som er frå tida før 1537 (reformasjonen), samt samiske kulturminne eldre enn 100 år, er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 1978, nr 50 (kml) §§ 3 og 4.
- Båtar, skipsskrog, last m. m. som er eldre enn 100 år, har eit tilsvarande vern gjennom kml § 14.
- Lause kulturminne frå før 1537, eller eldre enn 100 år, er statens eigedom i medhald av kml § 12, med mindre det finst ein annan eigar. Finnar eller grunneigar har ikkje eigedomsrett til slike kulturminne.
- Etterreformatoriske kulturminne kan bli vedtaksfreda med heimel i kml §§ 15 eller 19.

Frå 2020 har fylkeskommunane teke over forvaltningsansvaret frå Riksantikvaren for:

- ein større andel av dei statleg eigde bygningane og anlegga som er freda (Statens kulturhistoriske eiendommer)
- dei fleste arkeologiske kulturminna som er freda
- freda og verna fartøy
- fleire teknisk-industrielle kulturminne
- ikkje-kyrkjelege mellomalderbygg

### 3.4.2. Nyare tids kulturminne

Fylkeskommunen har eit overordna ansvar innan omsyn til nyare tids kulturminne. Vestland fylkeskommune er delegert kulturminnemynde både for automatisk freda kulturminne og kulturminne av nasjonal verdi. Målet for kulturminnevernet er at omsyn til dei ulike kulturminneverdiane på best måte skal sikrast gjennom lokal og regional arealplanlegging og skal utgjere eit viktig grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling.

### 3.4.3. Forvaltning av freda og listeførte kyrkjer

Forvaltning av kyrkjene er underlagt kyrkjelova, men kan vera freda eller listeførte av Riksantikvaren. Alle kyrkjer oppført før 1650 er automatisk freda. Kyrkjegardar og gravminne eldre enn 1537 er òg automatisk freda. Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850 er listeført. Ei rekke kyrkjer bygde etter 1850 er òg listeført.

**Listeført kulturminne:** Eit kulturminne som etter ei kulturminnerefagleg vurdering er identifisert som verneverdig og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærmare definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte.

Saker som angår endringar i og ved listeførte kyrkjer skal sendast til Riksantikvaren for uttale før biskopen fattar vedtak etter kyrkjelova.

Endringar som gjeld området rundt kyrkjer – planarbeid eller tiltak innenfor 60-meterssona, skal behandlast av fylkeskommunen.

### 3.4.4. Kva saker skal sendast til fylkeskommunen?

Kommunane må i mange saker innhente uttalar og fråsegner frå fylkeskommunen før dei kan gjere vedtak. Fylkeskommunen har ansvar for å vurdere og gje fråsegn til tiltak som gjeld

- automatisk freda kulturminne
- freda bygningar/bygningsmiljø og kulturminne
- kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi

Fylkeskommunen har også forvaltingsansvar når det gjeld freda bygg. Det betyr blant anna at eigarar av freda bygg må søkje fylkeskommunen om dispensasjon om dei vil gjere tiltak med bygget<sup>80</sup>.

## 3.5. Registrerte kulturminne - verdisetting og verdivekting

For at kulturminne skal koma med i planen og bli verdisette, er det ein føresetnad at dei er registrerte og kommunen har kjennskap til dei. Me har ikkje eit komplett register over kulturminne i kommunen, men gjennom SEFRÅK-registeret har me oversikt over det meste av bygningar og restar etter bygningar frå før 1900. I Askeladden er det oversikt over alle automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne.

Det me manglar gode registreringar av er kulturminne som er nyare enn 1900, og kulturminne som ikkje er bygningar (nyare enn 1536). Slike kulturminne vil difor vera underrepresenterte i planen.

### 3.5.1. Automatisk freda kulturminne

Dese blir ivaretatt av Riksantikvaren og Fylkeskommunen.

- Vedlegg 1: Utskrift frå Askeladden over arkeologiske, automatisk freda kulturminne i Bømlo
- Løe, Ytre Håvik – ståande bygning frå før 1650
- Bømlo gamle kyrkje – ståande bygning frå før 1650
- Moster gamle kyrkje – ståande bygning frå før 1650

### 3.5.2. Vedtaksfreda kulturminne i Bømlo:

- Hummarparken på Espevær
- Hiskholmen handelsstad
- Slåtterøy fyrtasjon

---

<sup>80</sup> Vestland fylkeskommune [www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)

### 3.5.3. Registrert i Askeladden, men ikkje freda:

- Kulleseidkanalen – uavklart vernestatus
- Fyrmeldestasjon Hiskjo
- Flymeldepost Brandasund
- Kalkomn Mosterhamn
- Steinkrossen varde, statleg listeført
- Foldrøy handels- og gjestgjevarstad

### 3.5.4. Prioriterte kulturminne i kulturminneplanen - verneklassar

Ulike verdiar blir vektlagde avhengig av kva kulturminne eller kulturmiljø det er snakk om. Det er lagt vekt på å få eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer breidda i historia. Eit breitt spekter av kriterium er lagde til grunn for verdisetjinga. Definisjonane av verneklassane A – D er utarbeidd lokalt, men byggjer på inndelingar brukt i andre kommunar. Det finst ikkje ein «nasjonal standard» for klassifisering, men Riksantikvaren har utarbeidd rettleiingar for vekting og verdisetjing av kulturminne.

#### Særleg verdifulle kulturmiljø og kulturminne (Omsynssone A)

I klasse A finn me i hovudsak kulturmiljø med særleg høg verneverdi. I nokre tilfelle er òg einskildbygg plasserte i denne klassa. Dei viktigaste kriteria er alder, autentisitet, identitets- og symbolverdi, representativitet og sjeldanheit, samanheng, heilskap og miljøverdar. Det er svært viktig at desse kulturminna blir bevarte for ettertida.

For omtale av A-områda, sjå vedlegg 3.

#### Verneverdige kulturminne og kulturmiljø (B, kommunalt listeførte)

Klasse B omfattar kulturmiljø eller einskildobjekt med høg lokal verneverdi. Kulturminna har stor samfunnsverdi og er ein verdifull del av omgivnadane.

Liste over kulturminne i klasse B ligg som vedlegg 4.

#### Registrerte kulturminne (C – D)

Kulturmiljø eller einskildobjekt som er registrerte, men ikkje prioriterte i klasse A eller B, er definerte verneklasses C. Årsakene til at dei ikkje er høgare prioriterte kan vera at det originale miljøet eller bygningane er mykje endra, det er lite originale bygningsdetaljar igjen, eller bygningane er svært forfalne. Men også steingardar og ruinar som har stor lokal verdi, men ikkje er del av eit heilskapleg miljø i klasse A eller B, er i denne klassa. C er ein «restkategori» som omfattar størstedelen av dei registrerte kulturminna, og som ikkje har eit formelt vern. I tillegg er nokre objekt vurderte å tilhøyrja klasse D, som omfattar bygningar som er Sefrak-registrerte, men som er så ombygde og moderniserte, ute av opphavleg samanheng eller det er så lite att av dei, at dei ikkje har verdi som kulturminne.

Alle registrerte kulturminne i Bømlo blir lagt inn i eit lokalt register som førebels ikkje er offentleg tilgjengeleg. Kulturminne i klasse C har ingen formell vernestatus og er ikkje høgt prioriterte i kommunen sin forvaltning av kulturminne. Mange av dei vil likevel ha ein lokal verneverdi, og kommunen vil så langt det er mogleg støtta opp under private initiativ for å ta vare på dei. Det er eit mål at tapet av også desse kulturminna skal vera så lågt som mogleg, og Bømlo kommune vil stimulera til løysingar der ein unngår å fjerna eller øydelegga kulturminne.

### 3.5.5. Kriterium som ligg til grunn for verdivurderinga:

Verdien til kulturminna – kulturminneverdien – er ikkje eit konstant tal. Kva som blir sett på som verd å ta vare på kan variera frå periode til periode, frå stad til stad og frå person til person. Likevel er målet med kulturminneplanen å ta stilling til nettopp dette. Gjennom verdisetjing av kulturminna skal me vurdera kor viktige dei ulike kulturminna er i dag og i framtida, kvifor dei er viktige og kva som gjer dei verd å ta vare på.

Ulike sett av verdiar og eigenskapar som kan knytast til kulturminnet, ligg til grunn for verdisetjinga. Kulturminneforvaltninga deler gjerne verdiane inn i tre overordna grupper: **Kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar**. Kunnskapsverdi seier noko om korleis kulturminnet er eigna til å vera ei kjelde til kunnskap om fortida og korleis det kan fortelja om t.d. byggjeskikk og historie. Opplevingsverdi er ein meir subjektiv kategori som er meir avhengig av kvar og ein sine erfaringar og preferansar. Opplevingsverdien er knytt til korleis kulturminna påverkar oss som menneske. Symbolverdi, identitet og nostalgi er viktige stikkord her. Bruksverdi handlar om kulturminnet som ressurs til verdiskaping og vekst. Bygningar som er godt tatt vare på kan vera meir lønnsame å ta i bruk framfor å riva og byggja nytt. Skårar eit kulturminne høgt innanfor éin eller fleire av desse kategoriane, seier me at det har høg kulturminneverdi. Når ein skal avgjera kva for kulturminne som er viktigast, må dei ulike verdiane vektast. For å gjera dette har det vore nytta eit sett med kriterium. Dette skal sikra at vektinga er meir systematisk og mest mogleg objektiv.

#### Kriteria som er nytta for å vurdera kulturminna i planen er:

**Alder:** Høg alder er eit viktig kriterium, men ikkje åleine. I offentleg forvaltning skal kulturminne frå før 1850 ha ein særskild vurdering. I planen byggjer opplysninga om alder på ulike kjelder, som SEFRAK-registeret, bygdebøkene, «Norges Bebyggelse» eller munnlege kjelder. Det er særleg viktig å sjå alder og autentisitet i samanheng. Høg score på desse kriteria gjev stor kunnskaps- og opplevingsverdi.

**Autentisitet:** Høg autentisitet vil seie at kulturminnet er lite eller ikkje endra. Omgrepene blir gjerne brukt i skildringa av eldre hus, og føreset ei viss mengd originalmateriale og detaljar. Autentisitet gjev stor kunnskaps- og opplevingsverdi.



**Identitet og symbol:** Kulturminne og kulturmiljø kan vera viktige som symbol eller identitetsberarar. Kulturminnet kan vera knytt til konkrete hendingar, personar, tradisjonar eller vera eit markant trekk i nærmiljøet, og slik få høg opplevings- og kunnskapsverdi.

**Representativitet og sjeldanheit:** Det er eit mål å sikre eit representativt utval av kulturminne, og i vår kulturminneplan skal kulturminna som fortel Bømlo si historie løftast fram. Kulturminne kan vera verneverdige både fordi dei er sjeldne, og fordi dei er representative for ein stilart, periode, eit sosialt sjikt eller ein funksjon. At eit kulturminne er representativt eller typisk for vårt område er med på å trekka opp både kunnskaps- og opplevingsverdien.

**Samanheng, heilskap og miljø:** Å ta vare på samanhengen mellom kulturminne, og mellom kulturminne og naturgrunnlaget, gir meir kunnskap, forståing og oppleveling enn vern av einskildelement. Dette gjeld ikkje minst for kulturminne knytt til jordbruk og sjøbruk. Einskildelement i eit kulturmiljø som ikkje har høg kulturminneverdi i seg sjølv, kan ha verdi som del av ein heilskap.

**Arkitektonisk, kunstnarisk og handverksmessig kvalitet** gjev kulturminnet verdi. Hagar og grøntareal kan understreke det arkitektoniske uttrykket og forsterke verneverdien til ein bygning.

**Samfunns- eller sosialhistorisk verdi** kan brukast om bygningar og anlegg for offentlege institusjonar, næringsbygg eller forsamlingslokale.



**Fysisk tilstand og vedlikehald:** Er kulturminnet i ein slik tilstand at det kan bevarast? Der ein kan velja mellom likeverdige objekt, er det rimeleg å velja det som er best bevart.

*Eine delen av den gamle prestebustaden på Finnås står i dag på Sætre indre. Bygget scorar høgt på kriteria som alder og samfunnshistorisk verdi, men er kanskje ikkje i ein fysisk tilstand som gjer at det er mogleg å ta vare på det.*

### 3.5.6. Forvaltning av kulturminne i verneklassane A – D:

Generelt er prinsippet om vern gjennom bruk lagt til grunn.

#### **Forvaltning av klasse A: Kulturmiljø og kulturminne av særleg høg verdi**

Blir lagt som omsynssone i kommuneplanen etter Pbl § 11-8 bokstav c. Det er utarbeidd generelle føresegner, og eigne retningslinjer for omsynssone A (sjå vedlegg), jamfør pbl § 11-9 pkt 6 og 7 i tillegg til det som ligg i Plan- og bygningslova. Hovudprinsipp for vedlikehald av bygningar i verneklasses A er å ta vare på dei opphavlege eller gamle bygningselementa og detaljane, og å skifte ut så lite som mogleg. Ved

endringar i miljøet, eller oppussing, restaurering og større vedlikehald av bygningar, skal ein kontakta kommunen og nytta fagkompetanse til rettleiing. Einskildobjekt med lågare klasse, som ligg i omsynssona, blir vurderte ut frå den verdien dei har for omgivnadane.

A-objekt vil bli prioriterte ved tildeling av tilskottsmidlar, og er føreslått fritatt frå eigedomsskatt.

#### **Forvaltning av klasse B: Verneverdige kulturminne – kommunalt listeførte**

Klasse B består av kulturminne som er verneverdige, men ikkje formelt verna. Det er eit overordna mål at kulturminne ikkje skal fjernast. For bygningar frå før 1850 må saka sendast på høyring til fylkeskommunen. Hovudprinsippet for vedlikehald er som for verneklass A.

#### **C: Registrerte kulturminne**

Forvaltning: Kulturminne i klasse C skal vurderast lokalt i kvart einskild tilfelle. Kulturminne i klasse C kan òg ha verneverdi og bør takast omsyn til der det er mogleg. Det er eit overordna mål at kulturminne ikkje skal fjernast, men det kan gjevast rivilsløyve etter særskild vurdering. For bygningar frå før 1850 må saka sendast på høyring til fylkeskommunen.

#### **D: Låg/ingen verneverdi**

Forvaltning: Desse blir handterte etter plan- og bygningslova på linje med andre bygg. For bygningar frå før 1850 vil ein likevel måtta senda saka på høyring til fylkeskommunen, men med lokal tilråding i samsvar med klassinga i planen.

## **3.6. Verkemiddel for vern av kulturminne**

### **Juridiske verkemiddel - Omsynssoner for kulturminne**

Pbl § 11-8, c har desse generelle retningslinene for slike omsynssoner:

- c) *Sone med særlig omsyn til landbruk, reindrift, mineralressursar, friluftsliv, grøntstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse.*

*For randsonen til nasjonalparker og landskapsvernområder kan det, samtidig med fastsetting av verneforskrift for nytt verneområde eller revisjon av verneforskrift eller forvaltningsplan for etablerte verneområder, fastsettes bestemmelser for å hindre vesentlig forringelse av verneverdiene i verneområdet.*

*Det kan gis retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta interessen i sonen.*

*Det kan gis retningslinjer om hvilke hensyn som skal vektlegges ved praktisering av annen lovgivning så langt kommunen er tillagt myndighet etter vedkommende lov.*

- d) *Sone for båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet.*

*Båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover er tidsbegrenset til fire år, men kan etter søknad til departementet forlenges med fire år.*

- e) *Sone med krav om felles planlegging for flere eiendommer, herunder med særlige samarbeids- eller eierformer, samt omforming og fornyelse.*

*Bestemmelser til denne sonen kan fastsette at flere eiendommer i et område skal undergis felles planlegging og at det skal brukes særskilte gjennomføringsvirkemidler. Det kan også gis bestemmelser med hjemmel i § 11-9 nr. 3.*

**§ 11-9. Generelle bestemmelser til kommuneplanens arealdel**

*Kommunen kan uavhengig av arealformål vedta bestemmelser til kommuneplanens arealdel om:*

6. miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur, herunder om midlertidige og flyttbare konstruksjoner og anlegg,
7. hensyn som skal tas til bevaring av eksisterande bygninger og anna kulturmiljø,

**Retningsliner for omsynssoner for bevaring av kulturminner og kulturmiljø**  
(tbl. § 11-8, c)

- Ved tiltak innanfor denne sona skal omsynet til bevaring av kulturmiljø og kulturminner, så vel automatisk freda som moderne kulturminne, særleg viktigst.
- Tiltak som øydelegg kulturmiljøet eller som undergrep dette, skal i utgangspunktet ikke tillatast, med mindre tungtvegande omsyn tilseier det.
- Eksisterande kulturminner skal i den grad det er mogleg ikke fjernast eller øydeleggjast.
- I område med dokumenterte natur-, kulturminne- og friluftskvalitetar, skal det ikke opnast opp for tiltak som kjem i konflikt med desse interessene.

Det er utarbeidd generelle, lokale føresegner til omsynssoner for kulturminne, og retningsliner for kulturminne med omsynssone (klasse A). Andre verkemiddel er omtala i handlingsplanen.

## 4. Handlingsplan

### 4.1. Innsats overfor eigarar av kulturminne

Dei fleste kulturminna i Bømlo er i privat eige. Frivillige lag og organisasjonar eig òg ei rekke viktige kulturminne i kommunen. Eit godt samarbeid med eigarane er ein føresetnad for ein god kulturminneforvaltning. Kommunen kan leggja rammene gjennom planverk og forvaltning av lover og retningsliner, men i siste instans er det eigaren sin vilje og evne til å bevara som er avgjerande. Det finst mange døme på at også verna og freda kulturminne går tapt som følgje av forfall eller manglende kunnskap. I mange tilfelle kan ein vanskeleg klandra eigarane for dette – den offentlege støtta til vern av kulturminne dekkjer ikkje på langt nær behovet, og dette gjeld ikkje minst for område som i lang tid har vore forsømt, til dømes for kulturminne langs kysten.

Men økonomiske verkemiddel er berre eitt av fleire nødvendige tiltak for ein god forvaltning av kulturminne. Kunnskap og kompetanse er òg avgjerande. Dette gjeld både i forvaltninga, hos eigarane og hos handverkarar. Om eigaren ønskjer å ta vare på kulturminnet sitt, og har økonomi til det, er det likevel ikkje sjølvsagt at ein får tak i handverkarar som har kompetanse til å gjera eit antikvarisk forsvarleg arbeid. Kommunen har heller ikkje kapasitet og kompetanse til å følgja opp eigarane godt nok. Dei regionale musea og bygningsvernssentra kan bidra med rådgjeving, men har avgrensa kapasitet til å utføra arbeidet. Difor er samarbeid og kompetanseheving viktige tiltak på alle nivå.

#### 4.1.1. Informasjon

Det er viktig at eigarane får god informasjon om kva det innebere å eiga eit verna eller verneverdig kulturminne. Kulturminneplanen skal vera eit bidrag til å gjera vilkåra meir føreseielege for eigarane. Tidlegare har desse vilkåra gjerne kome fram i samband med søknad om riving eller endring av bygg. Med ein kulturminneplan har eigarane høve til å setja seg inn i kva lover og retningsliner som gjeld for deira eigedom på førehand, og kan planleggja ut frå det. Erfaringa viser at talet på dispensasjonssøknadar går kraftig ned i kommunar som har kulturminneplan.

#### 4.1.2. Rådgjeving og kunnskapsformidling

Ein liten kommune som Bømlo har ikkje eiga rådgjevingsteneste eller kulturminnekonsulent. Men Riksantikvaren og fylkeskommunen har sett i verk tiltak for å heva kulturminnekompentansen i kommunane. Arbeidet med kulturminneplanen har òg vore med på å auka både medvitet om lokale kulturminne og forvaltningskompetansen i kommunen.

I tillegg har kommunen høve til å visa eigarar av viktige kulturminne vidare til den regionale bygningsvern-konsulenten i Sunnhordland, og bygningsverntenesta i fylkeskommunen. Bygningsverntenesta har som føremål å drive operativt og oppskjønande bygningsvern i offentleg regi og kan bidra med rådgjeving, utarbeiding av tilstandsrapport, kalkylegrunnlag i samband med søknad om midlar med meir.

Eit døme på tiltak kan vera å utarbeida ein eigen byggeskikkrettleiar, tilpassa lokale forhold. Andre tiltak kan vera temamøte og praktiske kurs for handverkarar og huseigarar – til dømes i restaurering av vindauge, tørrmuring og legging av helletak.

#### 4.1.2.1. Råd om vern og restaurering av bygningar

Restaurering er tiltak for å setja i stand eit bygg eller ein gjenstand slik at det får tilbake opphavleg skapnad og utsjånad. Dette inneber at arbeidet blir utført etter ein antikvarisk plan, og gjennomført i størst mogleg grad med tradisjonelle material og tradisjonelt verktøy, av handverkarar som kjennar dei tradisjonelle handverkteknikkane. Ofte blir ordet feilaktig brukt om all slags vøling, også den som inneber modernisering. Innan kulturminnevernet blir ordet brukt om reparasjonar med vekt på å følgje antikvariske prinsipp. Praktisk restaureringsarbeid vil likevel vere eit kompromiss mellom det å gjenskapa ein opphavleg utsjånad og det å gjera gjenstanden eller byggverket tenleg for framtidig bruk.

Generelle prinsipp:

- Skift så lite som mogleg
- Bevar kontruksjonsmåtar
- Bruk god materialekvalitet
- Bruk høvla panel
- Behold originale vindauge og dører
- Bruk rett listverk
- Bruk tradisjonell taktekking

Moglegheitene for å følgja desse prinsippa vil variere.



#### Vindauge

*Små endringar i dimensjonar og materiale kan gje huset eit helt anna uttrykk.*

*Gamle vindauge er ofte laga av dei beste materiaala som var å få tak i, og kan vera i betre stand enn dei ser ut til ved første augekast. Det bør vurderast om dei originale vindauge kan restaurerast før ein eventuelt vel å skifta dei ut med nye av same type.*



#### Kledning



*Gamal kledning i varierande breidder gjev liv til fasaden. Ved restaurering bør ein berre skifta dei borda som er rotne, og kopiera den gamle kledninga både i kvalitet og utforming. Utskifting til moderne standardkledning øydelegg det autentiske ved bygget og gjev eit livlaust og «flatt» uttrykk.*

Råd om vedlikehald og restaurering finn ein mellom anna på [www.byggogbevar.no](http://www.byggogbevar.no).

#### 4.1.3. Økonomiske verkemiddel

Det finst ei rekke offentlege og private støtteordningar som skal hjelpe eigarar av kulturminne til å ta vare på dei verdiane dei forvaltar. Stortinget set kvart år av midlar til kulturminnevern over ulike postar i statsbudsjettet. Ein del av ressursane blir fordelt til fylkeskommunane via rammetilskottet. Freda bygningar og anlegg er prioriterte gjennom eigne ordningar. Riksantikvaren fordeler midlar til fylkeskommunane, som fordeler vidare etter søknad. Fylkeskommunen gjev støtte til istandsetjing av verneverdige kulturminne og til forvaltning og drift av verna fartøy. Norsk kulturminnefond gjev òg tilskot til private eigarar av verneverdige kulturminne. Det finst fleire private stiftingar og fond som støttar kulturerntiltak.

##### **Støtte til verna kulturminne i Vestland**

Til no har SMIL-midlane (Spesielle miljøtiltak i landbruket), som er løyvt over jordbruksavtalen og blir forvalta av kommunane, vore den viktigaste støtteordninga til lokale kulturminne på Bømlo. Desse midlane går til tiltak på gardar som kan søkja om landbrukstilskott.

Med vedteken kulturminneplan kan kommunen òg gje tilskot gjennom den fylkeskommunale ordninga «Tilskot til istandsetjing av verneverdige kulturminne». Her skal søknadane prioriterast lokalt ut frå dei prioriteringane som er gjort i kulturminneplanen, før søknadane blir sendt vidare til fylkeskommunen.

##### **Lokale verkemiddel**

Eit økonomisk verkemiddel som kommunen rår over, er fritak frå eigedomsskatt for eigarar av lokalt verna bygg i klasse A. Riksantikvaren og fylkeskommunen oppmodar kommunane om å gje slike fritak, og dette er føreslått som tiltak i handlingsprogrammet. Kommunen har òg høve til å setja av eigne midlar som kan gå inn i den fylkeskommunale støtteordninga og forsterka denne.

For dei fleste tilskotsordningane er det ein føresetnad at eigar bidrar med eigenkapital/eigeninnsats, eller at tiltaket blir gjennomført i samvirke med fleire finansieringskjelder. Lokale kulturminneplanar vil vera førande for prioriteringane til tilskottsytarar på alle nivå. Ofte vil det vera lettare å få tilskott dersom kulturminnet eller kulturmiljøet er sikra juridisk vern gjennom bindande arealplanar. Det finst òg ordningar med gunstige lån for eigarar av kulturminne av høg verdi.

Andre støtteordningar:

- [www.kulturminnefondet.no](http://www.kulturminnefondet.no)
- [www.fortidsminneforeningen.no](http://www.fortidsminneforeningen.no)
- Sjå òg oversikter over aktuelle støtteordningar på [www.byggogbevar.no](http://www.byggogbevar.no) og [www.ra.no](http://www.ra.no).

#### 4.1.4. Andre verkemiddel

Generelt vil auka merksemd om kulturminne vera eit viktig verkemiddel i kulturminnevernet. Kulturminne er ein verdi for heile lokalmiljøet, og noko mange kjenner eigarskap til. Eit sterkt medvit om kva verdiar kulturminna representerer, og god allmenn kunnskap om eigen historie, vil i seg sjølv vera eit vern mot mykje av det som kan vera trugsmål for kulturminne. Om ein held ståande bygningar utanfor, kan vern i mange tilfelle krevja lite anna enn at kulturminnet får liggja i fred.

## 4.2. Bruk og formidling

### 4.2.1. Vern gjennom bruk

Bruk er ein føresetnad for vern av kulturminne. Det kan vera ei utfordring å ta vare på bygningar som har gått ut av bruk. I Bømlo gjeld dette kanskje særleg for landbruksbygningar, som me har eit stort omfang av, og ein del bygningar langs kysten. Mange gamle våningshus blir godt tatt vare på som fritidsbustadar, der ein gjerne kan fire på krava til teknisk standard og komfort. For hus som skal nyttast til permanent bustad, stiller ein gjerne andre krav, men også her er det mogleg å finna løysingar som opnar for moderne komfort utan at det går ut over kulturminneverdien. Vern etter plan- og bygningslova omfattar først og fremst eksteriøret til bygningar, og er såleis ikkje til hinder for til dømes å leggja inn bad i huset. For å få gode antikvariske løysingar kan det likevel løna seg å nytta fagleg rådgjeving.

Ny bruk av gamle landbruksbygg, og ny næring i gamle bygg i strandsona, har lenge vore eit satsingsområde for mellom anna Fylkesmannen i Hordaland. Reiselivet er ei næring som har stor interesse av at kulturminne og kulturlandskap blir både verna og brukt. Det finst òg ei rekke andre kreative døme på korleis til dømes gamle løper har fått ny bruk som alt frå festlokale til lager eller butikk.

Samstundes som det er eit mål å få til ny bruk av tomme bygg, kan det vera ei utfordring å finna løysingar som tar omsyn til både bruks- og vernekrev. Her må ein vera innstilt på å koma fram til kompromiss som i størst mogleg grad kjem begge sider i møte.

### 4.2.2. Kulturminne som del av samfunns- og næringsutvikling

I kommuneplanen er det sagt at kulturminne skal vera ein integrert del av bustad- og næringsutviklinga i kommunen. Kulturminne, kulturmiljø og landskap er viktige fellesgode for lokalsamfunna. Dei gjev kunnskap, opplevingar og moglegheiter for næringsutvikling, og er slik ressursar for verdiskaping og god samfunnsutvikling. Når me vel reisemål, er det ofte kulturminne me vil sjå. Kulturliv og mattradisjonar, folkehelse og friluftsliv er knytte tett opp mot bruk av kulturminne og bidrar til livskvalitet i kvardagen til folk.

Reiselivet er kanskje den næringa som er mest avhengig av at kulturminne og kulturlandskap blir ivaretatt. I satsinga på å sertifisera Sunnhordland som berekraftig reisemål er eitt av tiltaka å peike ut kulturminne som er særleg interessante for turistar. Moster kyrkje og Mostraparken er eit godt døme på korleis kulturarva kan danna utgangspunkt for ny aktivitet og utvikling. Også Sokkamyro på Langevåg, gullgruvene på Lykling og hummarparken på Espevær har potensiale for å vidareutviklast som reisemål.

Jordbruk og handel er område der kulturminne kan gje moglegheiter for utvikling basert på lokale ressurssar. Riksantikvaren gjev støtte til verdiskapingsprosjekt knytt til kulturarv over heile landet.

*Mostraparken og Moster kyrkje er nokre av dei viktigaste turistmåla på Bømlo.*



#### 4.2.3. Tilgjenge og formidling

Andre døme på vern gjennom bruk er gamle vegfar, som i våre dagar kan gjera landskapet og historia tilgjengeleg ved å nyttast som turstiar. Mange har opplevd at ei hustuft eller ein stad det er knytt ei segn til, gjev turen det vesle ekstra både for små og store. Her er skilting eit viktig verkemiddel, både for å visa veg og for å fortelja historia. Mange typar kulturminne kan ein gå rett forbi utan å sjå dei dersom det ikkje er gjort ein jobb for å formidla historia gjennom til dømes skilt og informasjonstavler, eller ved hjelp av digital formidling. Eit lokalt døme på god tilrettelegging og formidling er Meling skule sitt arbeidd med prosjektet KulNatur, der ein app gjev tilgang til informasjon om 19 lokasjonar i ei kulturhistorisk vandreløype i kulturlandskapet.



*Skilting av kulturminne gjev kunnskap og forståing for det me ser i landskapet. Ved å scanna QR-kodane som er oppslått langs turløypa på Meling og Sørstabø (t.v.), og kolerakyrkjegarden på Austnes (t.h.) kan ein få meir informasjon om dei ulike kulturminna.*

Mange stader har lag og organisasjonar merka turstiar og skilta kulturminne i nærmiljøet. Dette er verdifulle og viktige tiltak som sikrar både tilgjenge og kunnskap for ålmenta, og som bør vidareførast med støtte frå kommune og fylkeskommune. Vestland fylkeskommune har eigen mal for kulturminneskilt, og kan bidra fagleg i arbeid med skilting.

#### 4.2.4. Nettstader med oversikt over kulturminne

Informasjon om kulturminne er tilgjengeleg gjennom fleire nettstader. [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no) gjev informasjon om freda kulturminne. I tillegg er tenesta open for at publikum kan leggja inn kulturminne dei har kjennskap til. Etter kvart skal òg informasjon om kulturminne som er lokalt verna bli tilgjengeleg her.

Mange karttenester, til dømes [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no), [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no) og [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no) har kulturminne som karttema. Her kan ein velja å få oversikt over freda kulturminne (det vil seie informasjon frå Askeladden) og SEFRAK-registrerte kulturminne. Lokalt verna kulturminne vil bli gjort tilgjengelege etter kvart som dei blir lagt inn i Askeladden.

Det finst òg ei rekke andre nettstader, i offentleg eller privat regi, med informasjon om kulturminne knytt til spesielle tema. Det finst òg ei rekke lokale nettstader (sjå oversikt over nokre av desse sist i planen). Informasjon og kunnskap blir òg delt i ulike Facebook-grupper.

##### Nyttige nettsteder:

[www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

[www.digitalfortalt.no](http://www.digitalfortalt.no)

[www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

[www.byggogbevar.no](http://www.byggogbevar.no)

[www.ra.no](http://www.ra.no)

## 4.3. *Tiltak*

### 4.3.1. Handlingsplan med tiltak

Tiltaksdelen til handlingsplanen, som ligg i separat dokument «Vedlegg til kulturminneplan», gjev oversikt over tiltak det er behov for, eller ønske om, i oppfølginga av planen. Det er gjort synleg kva dette vil kosta, og kven som vil vera ansvarleg for tiltaket. Tiltak som krev ekstra ressursar, vil berre bli gjennomført dersom det blir sett av midlar til dei i budsjettet. Ein del av tiltaka kan gjennomførast utan ekstra ressursar.

### 4.3.2. Rullering

Handlingsdelen skal reviderast årleg. Planen som heilskap skal rullerast i samband med rullering av kommuneplanen.

## 4.4. *Konsekvensar*

### 4.4.1. Ressursar og økonomi

Utgangspunktet for planen er at ein ønskjer å systematisera og forenkla forvaltninga av kulturminne ved å ha eit godt kunnskapsgrunnlag og klårt definerte retningsliner for det vidare arbeidet. Såleis vil kommunen kunna bruka mindre ressursar på å innhenta informasjon og vurdera verneverdi når konkrete saker skal handsamast. Men samstundes viser arbeidet med kulturminneplanen at det er behov for ei høgare prioritering av kulturminneværn i Bømlo. Om ein skal nå måla som er sett i planen, må kommunen kunna gje eigarar av kulturminne god oppfølging, i form av både rådgjeving og tilgang til økonomisk støtte. Dette er gjort nærmere greie for under punkt 4.1.

Etter at planen er vedtatt, vil det òg vera behov for vidare oppfølging av kulturminneregisteret. Verna og listeførte kulturminne skal leggjast inn i Riksantikvaren sitt kulturminneregister Askeladden, og dette vil vera eit omfattande arbeid. Registrering i Askeladden vil òg gjera opplysningane tilgjengelege for publikum på [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no). Kommunen har fått tilskot til registreringsarbeidet.

### 4.4.2. Konsekvensar for eigarane

Kommunalt vedtekne prioriteringar i kulturminneplanen vil gje meir føreseielege vilkår for eigarar av kulturminne. Kommunen har også tidlegare teke omsyn til kulturminne i saksbehandlinga. Mellom anna har SEFRAK-registeret blitt lagt til grunn. Men sidan dei registrerte objekta ikkje har vore verdivurderte, har dette vore eit mangelfullt verktøy. SEFRAK-registeret er heller ikkje eit verneregister. Mange kulturminnetypar er ikkje omfatta av registeret, og mange av dei bygningane som er registrerte har låg verneverdi. Nyare tids kulturminne har difor hatt ein uavklart status som har gjort det vanskeleg for eigarane å vita kva vilkår som gjeld, og det er mange misforståingar knytt til omgrepa vern, freding og verneverdig.

Omsynssoner, som er det verkemiddelet som blir teke i bruk lokalt for å sikra viktige kulturminne, må ikkje forvekslast med freding. Som ordet indikerer er ei omsynssone eit område der det skal takast *omsyn* til kulturminneverdiene når det skal gjennomførast tiltak. Det skal ikkje setjast ei «osteklokke» over som

hindrar all vidare utvikling. Ei omsynssone vil innebera visse restriksjonar for kva eigar kan gjera og korleis eventuelle tiltak skal gjennomførast, men dette er omsyn kommunen uansett er pålagt å ta etter plan- og bygningslova. Utan den medvitne prioriteringa som kulturminneplanen inneber, ville kommunen måtta forvalta alle kulturminne strengare for å vera på den sikre sida.

Målet er at eigarar av verna kulturminne skal få fleire fordeler enn ulemper som følgje av eit formalisert vern. Fleire tilskotsordningar prioriterer kulturminne som er formelt verna, og nokre krev omsynssone eller anna vern i kommunal kulturminneplan for at det skal kunna søkjast tilskot. Det er eit mål at verna kulturminne skal bli fritatt frå eigedomsskatt. Det er òg eit ønskje at eigarane skal få tilbod om kurs og rettleiing i vern av kulturminne.

## 5. Kjelder og bakgrunnsmateriale:

Bømlo bygdebok bind I – II, Gards- og ættesoge for Bremnes sokn av Simon Steinsbø

Bømlo bygdebok bind III, Gards- og ættesoge for Bømlo sokn av Kari Shetelig Hovland

Bømlo bygdebok bind IV, Gards- og ættesoge for Moster sokn av Simon Steinsbø

Bømlo bygdebok band VI, Eit øysamfunn i omforming – Bygdehistoria frå ikr. 1850 til 1945 av Nils Kolle.  
Bømlo 1989

Bernhard Selle: Skulesoge for Bømlo, (1998)

Kristine Sele: Bømlo – driftige folk i vakker natur. Bømlo kommune 2013

Kristine Sele: Meir enn sirup. Om handel og vandel på Bømlo (1999)

Fitjar bygdebok b. 1 – Gards- og ættesoge. Fitjar kommune 1986

Leidarsteidn – årshefte for Bømlo tur- og sogelag, fleire årganger

Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Bømlo kommune, Hordaland 2013 av May-Liss Bøe Sollund, Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU).

Rygg mot rand, to i spenn... Haugaland og Sunnhordland, Informasjonsbok om natur, kultur og samfunn for Sunnhordland og Nord- Rogaland, Prosjektarbeid ved Høgskolen Stord/Haugesund 1997

Sindre Nilsen: Soga om Johs. Østensen Båtbyggeri

Rapport: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland (Riksantikvaren 2016)

Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth: Norges låver (2014)

Dokumentasjonsrapport for Kulleseidkanalen, HFK 2000

Johannes Kleppa (red.): Reise i Bedehusland (Sambåndet forlag 2001).

Sild i boks. Om hermetikkindustrien i Sunnhordland – Ivar Vaage (1992)

Sissel Høisæter: Eit riss av historia i Foldrøyhamn. Sunnhordland Årbok 2008

### Nettstader med lokalhistorie:

[www.bremneset.no](http://www.bremneset.no)

[www.kulleseidkanalen.no](http://www.kulleseidkanalen.no)

[www.b-ts.no](http://www.b-ts.no) (Bømlo tur- og sogelag)

[www.lykling.no](http://www.lykling.no)

[www.mosterhamn.no](http://www.mosterhamn.no) (Moster grenadautval)

[www.bomlo.kommune.no](http://www.bomlo.kommune.no)

[www.steinriketbomlo.no](http://www.steinriketbomlo.no)

[www.grind.no](http://www.grind.no)

[www.russamarto.no](http://www.russamarto.no)

# Vedlegg til kulturminneplan

Vedlegg til kulturminneplanen er eit separat dokument.



## Innhaldsliste:

1. Arkeologiske kulturminne
2. Føresegner og retningsliner for bevaring av kulturminne og kulturmiljø
  - 2.1. *Føresegner*
  - 2.2. *Retningsliner klasse A, omsynssone H570 c (tbl § 11-8c)*
  - 2.3. *Retningsliner klasse B, verneverdige kulturminne, listeført*
3. Omtale av omsynssoner (klasse A)
4. Liste over verneverdige kulturminne (klasse B)
5. Digitalt kart
6. Omtale av tiltak i handlingsplan
  - 6.1. *Generelle tiltak – formidling og forvaltning*
  - 6.2. *Status, mål og aktuelle tiltak innanfor ulike tema i planen*

# Takk

Takk til alle som har bidratt med informasjon og innspel til planen.

Ein særleg takk til dei som har latt oss bruka tekst og bilete  
og vist oss kulturminne rundt omkring i kommunen.

Torfinn Bie

Sverre Halleraker

Sigurd Heiberg

Sissel Høisæter

Ståle Sakseide

Kristine Sele

Brynjar Stautland

Arne Thorsen

Bernt Emil Vika